



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

# ÅRSRAPPORT 2018



## Årsrapport for Sogn og Fjordane fylkeskommune 2018

Foto framside: Dagsturhytta Gyttakvia i Førde kommune  
Fotograf: Sissel Straume Svoen

# Innhald

Side 4	Året 2018 - fylkesrådmannen har ordet
Side 10	Fakta om Sogn og Fjordane fylkeskommune

---

<b>Side 12</b>	<b>Økonomi</b>
	Rekneskap
	Byggerekneskap
	Innkjøp

---

<b>Side 25</b>	<b>Regional utvikling</b>
	Regionreforma
	Planarbeid
	Klimaarbeid
	Internasjonalt arbeid

---

<b>Side 44</b>	<b>Resultat og aktivitetar</b>
	Næring og kultur
	Opplæring
	Samferdsle
	Tannhelsetenesta
	Bygg og eigedom

---

<b>Side 99</b>	<b>Organisasjon</b>
	Fylkeskommunen som arbeidsgjevar
	Likestilling, likeverd og mangfald
	Forvaltningsrevisjon og internkontroll

# ÅRET 2018 - FYLKESRÅDMANNEN HAR ORDET

Medan Sogn og Fjordane i 2016 hadde ein folketalsvekst på nær 700, fekk vi ingen vekst i 2017. Utviklinga skuldast i stor grad meir negative flyttetotal mot utlandet. Denne utviklinga heldt fram i 2018. På nasjonalt nivå auka folketallet med 0,6 prosent, og i fylket vårt fekk vi ein reduksjon på 0,4 prosent. Samtidig auka folketallet i fylket i berre seks kommunar.

## REGIONREFORMA

Stortinget gjorde første vedtak om regionreforma i juni 2014. Vi følgde opp med forhandlingar med Hordaland og Rogaland, seinare berre Hordaland, før dei fylkesvise godkjenningane fell på plass. Vi heldt felles fylkesting med Hordaland hausten 2017. Der gjorde vi - på historisk grunn i Gulen kommune - dei første vedtaka som peikar fram mot nye Vestland fylkeskommune.

Før godkjenninga i fylkestinget fekk vi i leiinga - gjennom ei innbyggjarhøyring - «beskjed» om at vi måtte

- hegne om det nynorske skriftspråket
- ta vare på verdiane i SFE AS
- vere merksame på dei store avstandane vi kunne stå overfor i eit nytt storfylke

Eg meiner desse elementa er bra utkvitterte: Nynorsken er godt sikra i det samarbeidet som no er under utvikling. I energisektoren arbeider vi med modellar som skal ta vare på verdiane som er skapte her i fylket. Når det gjeld dei «store avstandane», løyste det seg til ein viss grad då Rogaland «fall ut». I tillegg arbeider vi både her og i Hordaland mykje med å finne gode samhandlingsmåtar basert på digitale løysingar.

I 2018 brukte vi - saman med Hordaland - mykje tid og krefter på å finne ei høveleg form på det politiske og administrative samarbeidet no i interimperioden. Her tykkjer eg det aller meste har gått svært bra. Men det er ingen tvil om at vi står oppi eit omfattande arbeid, der ingen av oss eigentleg har full oversikt over oppgåver og kompleksitet. Kanskje er det like bra? Av og til tenkjer eg at dette er som å rydde, pakke og flytte. Det er slitsamt, og det krev god organisering og logistikk, men det gjev òg moglegheiter til å kaste og starte litt på nytt. Greier vi å sjå det slik?

Nasjonalt har oppgåvene til fylkeskommunane vore mykje diskuterte. Noko vart avklart gjennom vedtak i Stortinget alt i 2017. Då kom t.d. anmodningsvedtaket om at fylkesdelen av administrasjonen til Statens vegvesen skulle over til fylkeskommunane. Samtidig sette regjeringa ned eit utval («Hagen-utvalet»), som skulle vurdere overføring av ytterlegare oppgåver.

Overføringa innan vegsektoren vart følgd opp av både regjering og Storting, og inneber at ca. 1850 årsverk går over frå staten til fylkeskommunane. Dette er ei viktig reform, som inneber at fylka vil kunne handtere sitt eige vegansvar.



Fylkesrådmann Tore Eriksen  
Foto: Oskar Andersen

Nokre av Hagen-utvalet sine tilrådingar er alt vedtekne, men mange er framleis «under utgreiing». Dette framgår både av samarbeidsavtalen mellom dåverande regjering og KrF (sept. 2018) og av oppgåvemeldinga til regjeringa (okt. 2018). Eit knippe sitat frå nemnde avtale viser at her «må» den nye fleirtalsregjeringa kome med meir, jf. eigen tekst i boks nedst på sida her.

Regjeringa har ikkje følgd godt nok opp kulturmeldinga, jf punkt 10 i boksen. Denne meldinga er meir velskriven enn konkret, og det held ikkje!

Det mest typiske for oppgåveoverføringa elles er at staten overfører statlege ansvar og kanskje nokre tilskot, men har store problem med å overføre tilsette. Det som no skjer i vegsektoren er eit skikkeleg unnatak, ros til regjering og Storting for det!

### STORE KRAFTVERDIAR I SOGN OG FJORDANE

Fylkestinget (FT) gjorde i desember 2016 m.a. slikt vedtak:

*«FT ber fylkesrådmannen arbeide vidare med å sikre at dei verdjar som ligg i den fylkeskommunale eigarskapen i SFE-konsernet kan bli verande i Sogn og Fjordane. Fylkesrådmannen skal løpande konsultere og orientere FU i saka.»*

I ettertid har det vore arbeid med å følgje opp dette, og i desember 2018 vidareførte og konkretiserte FT nemnde vedtak slik:

*«Sogn og Fjordane fylkeskommune har til hensikt å overføre inntil 80 prosent av fylkeskommunen sine aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS til kommunane i Sogn og Fjordane, innanfor rammene av søksmålet mot BKK og innanfor rammene av ein rettskraftig dom i saka. ...*

*FT ber fylkesrådmannen, i samråd med Sogn og Fjordane Holding AS, utarbeide utkast til aksjonæravtale og nye vedtekter for Sogn og Fjordane Holding AS for endeleg godkjenning i FT samstundes med at FT gjer vedtak om overføring av aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS til kommunane. ...»*

### SITAT FRÅ SAMARBEIDSAVTALEN MELLOM DÅVERANDE REGJERING OG KR F I SEPTEMBER 2018

1. Det utredes om fylkeskommunen bør få en større rolle i samordning av kompetansepolitikken for å bidra til økt sysselsetting og lavere arbeidsledighet.
2. Det utredes om ansvaret for arbeidsmarkedsopplæring bør ses i sammenheng med fylkeskommunens ansvar for opplæring og grunnleggende kompetanseutvikling.
3. Tilskudd til studieforbund utredes med sikte på endringer i innretningen som muliggjør at noe overføres til fylkeskommunene (ca. 200 mill. kr).
4. I arbeidet med integreringsstrategien vurderes det om ytterligere oppgaver kan overføres til fylkeskommunene.
5. Minoritetsrådgiverordningen vurderes overført etter at ordningen er videreutviklet og styrket.
6. Det skal utredes hvordan ressurser og kompetanse overføres fra staten til fylkene, slik at fylkene kan få ansvaret for bosetting internt i regionene og annen regional samordning av integreringspolitikken.
7. Det utredes om en overføring av BUF-etats oppgaver i barnevernet til fylkeskommunene vil gi et styrket tilbud til utsatte barn og familier.
8. Det skal utredes om reiselivssatsingen bør flyttes og det skal også utredes om det er behov for endringer i organisasjons- og tilknytningsformen for de nasjonale virkemiddelaktørene, herunder SIVA og Innovasjon Norge.
9. Det skal arbeides med en nærmere konkretisering av hvilke virkemidler som vil styrke fylkeskommunenes rolle i å mobilisere og kvalifisere virksomheter til å investere mer i FoU.
10. Hagen-utvalgets forslag vurderes i den kommende meldingen.

Første vedtaksavsnitt («kommunemodellen») kan resultere i at kommunane våre vert inviterte til å bli medeigarar i SF Holding AS, selskapet som sit på SFE-aksjane våre. I ein slik modell kan aksjane i holdingsselskapet bli omgjorde til A- og B-aksjar. Minst 20 prosent vert A-aksjar, og desse vert sikra bestemmende innflytelse i selskapet. Inntil 80 prosent vert B-aksjar, og desse vert overførte til kommunane. Alle aksjane vil få same utbytte. Ein føresetnad for ein slik modell er at dommen frå Sogn og Fjordane tingrett hausten 2018 vert rettskraftig.

Neste vedtaksavsnitt («selskapsvedtektsmodellen») inneber at vedtektene i SF Holding AS blir tilpassa (i 2019) på ein slik måte at vi sikrar at dei aktuelle kraftverdiane blir verande i dagens Sogn og Fjordane.

Det kan òg tenkjast kombinasjonar av desse to modellane.

Vi har også arbeidd ei tid med ein rein «*fondsvedtektsmodell*», ein modell som i tilfelle vil vere direkte avleia av intensjonsplanen med Hordaland. Denne er framleis mogleg å gjennomføre, men ved utgangen av 2018 blir han vurdert som mindre robust enn «selskapsvedtektsmodellen» - som i tilfelle vil kvile på reglane i aksjelova.

Sogn og Fjordane vil i val av modell ikkje opptre i strid med intensjonsplanen med Hordaland. Her er fylkestinget suverent til å vedta det ein meiner er rett - før region-samanslåinga.

I arbeidet med «kommunemodellen» kan ein merke seg at også Hordaland fylkeskommune har hatt store kraftverdiar. Det vart tilfelle då Hordaland fekk tildelt ein medeigedomsrett i Eidfjord. I følgje st. prp. nr. 157 (1981-82) vart spørsmålet om ein slik rett «reist av Hordaland fylkeskommune i forbindelse med planene for regulering og utbygging av Eidfjordanleggene.» I nemnde preposisjon heiter det:

«Sett fra fylkeskommunenes side representerer medeiendomsrett i statens vannkraftutbygginger bl.a. større sikkerhet for tilgang på elektrisk kraft, samt økonomiske fordeler ettersom anleggene blir nedbetalte.»

Hordaland fylkeskommune sin del av Eidfjord Nord vart den gong vurdert til ca. 890 GWh. Nye tal, frå heimesidene til Statkraft, viser at årsproduksjonen no er ca. 2,8 TWh (Eidfjord Nord). 35 prosent av dette, dvs. Hordaland fylkeskommune sin opphavelige del, utgjer ca. 1 TWh.

Hordaland fylkeskommune overdrog midt på 80-talet eigarskapen til (dei då kommuneeigde selskapa) BKK (26,25 prosent) og SKL (8,75 prosent) - til ein symbolsk pris. Kanskje dette forklarar kvifor Hordaland fylkeskommune i dag er representerte i styret i begge desse selskapa?

Sogn og Fjordane fylkeskommune eig i dag 49,5 prosent av aksjane i SFE, tilsvarande ca. 805 GWh av samla produksjon i selskapet (1,625 TWh). Dersom fylkeskommunen i 2019 overdreg 80 prosent av eigarskapen sin til kommunane, vil dette svare til ca. 640 GWh. Altså klart mindre enn det Hordaland fylkeskommune på 80-talet overdrog til dei kommuneeigde selskapa i eige fylke.

## REGIONAL PLANSTRATEGI

Arbeidet med regional planstrategi gjekk inn i ein ny fase i 2018. Dette skjedde ved at fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland gav fellesnemnda fullmakt til å starte opp det førebuande arbeidet med regional planstrategi for Vestland fylkeskommune.

Samtidig vedtok fylkestinget vårt i juni å rullere regional plan for verdiskaping og ein vedtok også «fyrstegenerasjons» regionale planar for både «kysten» og «klimaomstilling». I oktober vedtok ein regional plan for kultur.

Fylkestinget gjorde samtidig vedtak om at eiga regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter - vedteken i april -18 - skulle reviderast før 2020. Samtidig vedtok ein at ev. nye regionale planar for arealbruk og folkehelse burde kome først etter samanslåinga med Hordaland.

Det blir spanande å sjå korleis Vestland fylkeskommune vil prioritere det overordna planarbeidet med tanke på både tema, meir geografisk avgrensa område og i høve fylkeskommunen sitt eiga plan- og budsjettarbeid.

### REKNESKAPEN FOR 2018 - NOK EIT GODT RESULTAT

Fylkeskommunen sin rekneskap for 2018 viser eit overskot på 56,5 mill. kr. Det er noko over gjennomsnittet dei fire siste åra.

Netto driftsresultat (NDR) fortel kor godt resultat fylkeskommunen har. Det er no tilrådd at vi bør ha eit NDR på minst 4 prosent (av samla driftsinntekter). NDR for fylkeskommunen vår i 2018 var på 195,9 mill. kr, noko som utgjør 5,9 prosent av samla driftsinntekter.

I budsjettstyringa skil vi mellom anslagsløyvingar og ordinære løyvingar. Anslagsløyvingane er kjenneteikna av at dei er lite «styrbare». Det betyr at sluttresultatet på desse postane er avhengig av faktorar som ligg utanfor fylkeskommunal kontroll. Dei ordinære løyvingane er meir styrbare, og der skal fylkeskommunen ha større kontroll på sluttresultatet.

For dei styrbare løyvingane har fylkeskommunen som prinsipp at vi skal ha budsjettdekning for tenestene vi yter. Med sterkt søkjelys på budsjettdisiplin vert difor ikkje alle budsjettpostar nytta fullt ut; vi styrer så nær opp til 100 prosent som råd. Det gjev mindre innsparingar på ein god del postar, og forklarar at vi kom ut med ei netto innsparing på 30,3 mill. kr på sektornivå i 2018.

Sektornivået hadde ei netto utgiftsramme på vel 2,3 mrd. kr. Med eit mindreforbruk på 30,3 mill. kr hadde sektorane våre - sett under eitt - ei budsjettgjennomføring på om lag 98,5 prosent.

Forvaltning stod for 5,0 mill. kr av innsparinga. Dei største postane med mindreforbruk her var

- politisk styring/kontrollutval (1,4 mill. kr)
- administrasjon og administrasjonslokale (1,2 mill. kr)
- diverse tilskot og fellesutgifter (2,0 mill. kr)
- lokal og regional utvikling (0,5 mill. kr)

Opplæring hadde eit samla mindreforbruk på 17,9 mill. kr. Dei største innsparingane kom på

- utgifter til lokale (3,8 mill. kr)
- utdanningsprogramma (5,3 mill. kr)
- tilpassa opplæring (4,1 mill. kr)

Det største meirforbruket hadde vi på opplæring i bedrift (4,4 mill. kr). Dei vidaregåande skulane og Fagskulen i Sogn og Fjordane kom samla sett ut på nivå med budsjettet 2018.

Tannhelse hadde ei innsparing på 3,1 mill. kr. Denne sektoren har resultatoverføring (til 2019), og innsparinga påverka såleis ikkje rekneskapsresultat.

Næring og kultur hadde samla eit netto mindreforbruk på 1,0 mill. kr, alt innan kulturområdet.

Samferdsle hadde eit samla netto mindreforbruk på 6,3 mill. kr. Det største mindreforbruket var på

- fylkesvegferjer (2,8 mill. kr)
- bilruter (1,7 mill. kr)
- fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak (1,3 mill. kr).

Fylkesveg - drift og vedlikehald - hadde eit mindreforbruk på 36,8 mill. kr, som vert overført til bruk seinare år. Dette påverkar ikkje rekneskapsresultatet.

Fellesinntektene og -utgiftene er i stor grad «ikkje styrbare» løyvingar. Samla fekk vi i 2018 ei netto meirinntekt/innsparing her på 26,3 mill. kr. Skatt og rammetilskot er dei største postane. Dei utgjorde nær 2,4 mrd. kr i 2018 og gav ei meirinntekt i høve budsjettet på om lag 10,0 mill. kr. (0,42 prosent). Vidare hadde vi meirinntekter knytt til premieavvik og pensjon på 9,5 mill. kr og på kapitalinntekter/kapitalutgifter på 6,8 mill. kr.

## SLUTTORD

Den fylkeskommunale årsrapporten med tilhøyrande rekneskap er den viktigaste attendemeldinga fylkesrådmannen gir til fylkestinget. Begge delar er heimla i kommunelova § 48.

I føreliggjande årsrapport kommenterer vi berre ev. avvik frå målekartet i budsjettet for 2018. Målekartet i sin heilskap ligg i budsjettokumentet. Dette er ein ny framstillingsmåte.

Eg vil takke fylkestinget for godt samarbeid også i 2018. Eg vil òg takke medleiarar, tilsette og organisasjonane for eit godt og utviklande samarbeid.

Eg vil særleg takke for det gode samarbeidet vi har hatt - og framleis har - i samband med føreståande regionreform. Det gode forholdet mellom politisk side og våre mange tilsette, er viktig for at Sogn og Fjordane skal kome godt ut av denne prosessen.

Leikanger, 31. mars 2019

Tore Eriksen  
fylkesrådmann





Lauparfjell i Leikanger  
Foto: Une Bremer

# FAKTA OM SOGN OG FJORDANE

Innbyggjarane i Sogn og Fjordane styrer fylkeskommunen gjennom å velje representantar til fylkestinget kvart fjerde år. Fylkestinget er det øvste politiske organet i fylkeskommunen. Hovudansvarsområda til fylkestinget er vidaregåande opplæring, tannhelse, samferdsle, kultur, næringsutvikling, fylkesvegar, energipolitikk og planlegging.

Vidaregåande opplæring for ungdom og vaksne er det største tenesteområdet vårt. Vi har tolv vidaregåande skular med plass til vel 4400 elevar. Fylkeskommunen har òg ansvaret for at lærlingar og lærekandidatar får vidaregåande opplæring i bedrift. Kultursektoren arbeider med å ta vare på kulturminne av regional og nasjonal verdi. Vi forvaltar spelemiddelordninga, administrerer Den kulturelle skulesekken og driv musikkarbeid gjennom distriktsmusikarordninga. Vi støttar det frivillige kulturlivet og driv ungdomsarbeid.

Fylkeskommunen er største vegeigar i fylket med totalt 2599 km fylkesveg. Statens vegvesen har vegfagleg ansvar for fylkesvegnettet på vegne av fylkeskommunen. Fylkeskommunen har også ansvar for kollektivtrafikktilbodet i fylket. Vi har fleire ordningar som er etablerte for å gje ungdom eit trygt og godt offentleg transporttilbod. Trygt heim for ein 50-lapp og ungdomskortet er døme på slike ordningar.

Fylkeskommunen arbeider med planlegging etter plan- og bygningslova. Dette inkluderer i stor grad eit tett samarbeid med, og rettleiing av, kommunane. Viktige omsyn her er mellom anna samordna areal- og transportplanlegging, folkehelse, tettstadforming, prinsippet om universell utforming, omsynet til oppvekstvilkår for barn og unge og estetisk utforming. Det er ei overordna oppgåve for fylkeskommunen å leggje til rette for næringsutvikling i heile fylket. Vi er med og gjer det mogleg å skape nye arbeidsplassar og næringar. Samstundes vidareutviklar vi eksisterande næringar. Vi samarbeider med kommunane og Innovasjon Norge for at næringslivet og etablerarar skal lukkast.


Den offentlege tannhelsetenesta behandlar alle grupper klientell. Tenesta er no inne i eit organisasjonsutviklingsarbeid for å gje endå betre tenester til innbyggjarane våre. Fylkestinget har vedteke at talet på tannklinikkar skal reduserast frå 28 til 18 innan 1. januar 2019.

## POLITISK ORGANISERING

Fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune har 31 medlemmer. Styringsforma er formannskapsprinsippet. Fylkestinget vedtok i sak 39/14 slik politisk organisering i fylkeskommunen for valperioden 2015-19:

- Fylkestinget skal ha 31 medlemmer.
- Fylkesutvalet skal ha ni medlemmer.
- Fylkeskommunen skal ha tre hovudutval, kvart med ni medlemmer:
  - hovudutval for samferdsle
  - hovudutval for opplæring
  - hovudutval for næring og kultur
- Kontrollutvalet skal ha fem medlemmer.


### Politisk organisering




 Samansett av representantar frå fylkestinget.

 Samansett av representantar frå fylkestinget og/eller eksterne representantar.

### Administrativ organisering



 Linjeleing med fagleg, brukarretta resultatansvar (linjeorganisasjon).

 Stabs- og støttefunksjonar for fylkesrådmannen og linjeorganisasjonen.

# ØKONOMI



# REKNESKAP

Dei siste åra har rekneskapen vore gjort opp med overskot. Overskotet for 2018 er 56,506 mill. kr, som er litt over gjennomsnittet dei siste fire åra. 30,3 mill. kr av overskotet skriv seg av innsparingar på sektornivå, medan 26,3 mill. kr er innsparingar på fellesinntekter/-utgifter.

## DRIFTSREKNESKAPEN

Økonomisk oversikt - drift (mill. kr)	Budsjett 2018	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015
Skatt på inntekt og formue	641,200	646,738	621,079	609,784	571,360
Rammetilskot	1 720,829	1 725,291	1 754,548	1 754,478	1 738,050
Andre statlege overføringar	186,905	260,495	209,308	216,558	221,268
Andre driftsinnt. ekskl. renter	487,129	687,767	611,842	568,394	501,660
Sum driftsinntekter	3 036,063	3 320,291	3 196,778	3 149,214	3 032,338
Driftsutgifter ekskl. avskrivningar	2 860,113	3 065,809	2 837,968	2 795,487	2 745,398
Brutto driftsresultat	175,949	254,482	358,810	353,728	286,940
Renteinntekter inkl. utbyte	67,835	79,238	148,799	86,307	65,299
Renteutgifter	47,800	47,659	49,898	50,627	55,521
Avdrag på lån	90,100	90,099	123,523	174,521	134,392
Netto driftsresultat	105,884	195,962	334,187	214,886	162,326
Bruk tidl. år, mindreforbruk	44,695	44,695	14,540	57,978	43,535
Bruk av disposisjonsfond	92,911	168,165	103,814	145,605	57,352
Bruk av bundne fond	7,819	158,553	160,455	179,787	267,013
Sum bruk av avsetningar	145,425	371,414	278,809	383,370	367,901
Avsett til disposisjonsfond	241,948	352,393	391,547	355,381	244,611
Avsett til bundne fond	0,000	149,116	166,878	187,704	159,979
Overført til investeringsrekn.	9,361	9,361	9,876	40,631	67,658
Rekneskapsmessig meir-/ mindreforbruk	0,000	56,506	44,695	14,540	57,978

Tabell 1

## NETTO DRIFTSRESULTAT




Diagram 1

Vi nyttar ofte omgrepet netto driftsresultat som indikator på kor god økonomi ein kommune eller fylkeskommune har. Fylkeskommunar bør ha eit netto driftsresultat på minst fire prosent (av samla driftsinntekter). For 2018 har Sogn og Fjordane fylkeskommune eit netto driftsresultat på 196 mill. kr, noko som utgjer 5,9 prosent mot 10,6 prosent i 2017. Det er særleg to forhold som utgjer denne endringa:

- meirutgifter på rente/utbyte med om lag 35 mill. kr
- redusert brutto driftsresultat med om lag 110 mill. kr

Fylkeskommunane samla har eit netto driftsresultat på 3,8 prosent i 2018.

## LOKALE INNTEKTER

Lokale inntekter er eit «samleomgrep» på inntekter Sogn og Fjordane fylkeskommune har på omsetjing av konsesjonskraft og utbyte. Det er inntekter som kan svinge mykje frå år til år. Vi har difor innført ein «handlingsregel» som tilseier at vi i 2018 nyttar 50 mill. kr til driftstiltak, medan overskytande vert saldert mot fond.

Lokale inntekter (i mill. kr)	Budsjett 2018	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015	Rekneskap 2014	Rekneskap 2013	Rekneskap 2012
Konsesjonskraft	56,000	55,294	50,598	43,643	51,818	54,973	73,488	60,680
Utbyte	37,100	37,525	112,050	58,536	37,283	49,371	58,325	32,886
Lokale inntekter	93,100	92,819	162,648	102,179	89,101	104,344	131,813	93,566

Tabell 2

## RENTER OG AVDRAG

Rente-/avdragsbelastning i prosent av driftsinntekter




Diagram 2

Nivået på rente- og avdragsbelastninga i prosent av samla driftsinntekter har blitt redusert frå 5,4 prosent til 4,1 prosent frå 2017 til 2018. Dette betyr at 4,1 prosent av alle inntektene til fylkeskommunen går til å dekke renter og avdrag. Reduksjonen frå 2017 skuldast at fylkeskommunen tidlegare har hatt ein strategi om å nytte eit ev. handlingsrom i driftsbudsjettet til å betale ekstra avdrag. Denne strategien er reversert for å auke handlingsrommet både i drifts- og investeringsbudsjettet.

Avdragsbetaling på langsiktig gjeld i driftsrekneskapen utgjorde 90,1 mill. kr i 2018. Tilsvarande tal i 2017 var 123,5 mill. kr.

Brutto renteutgifter for 2018 er på om lag 47,6 mill. kr. Det er ein liten reduksjon samanlikna med 2017.

## DRIFTSUTGIFTER SPESIFISERT SEKTORVIS

Sektor (mill. kr)	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017	Prosentvis vekst
Forvaltning og fellesutgifter	160,584	146,204	9,0 %
Opplæring	844,959	848,235	-0,4 %
Tannhelse	83,355	83,253	0,1 %
Næring og kultur	152,426	171,901	-12,8 %
Samferdsle	1 063,215	932,154	12,3 %
Sum	2 304,539	2 181,747	5,3 %

Tabell 3

Sum netto driftsutgifter har auka med 5,3 prosent frå 2017 til 2018. Tek vi omsyn til løns- og prisveksten for kommunesektoren på 2,8 prosent, er realveksten på 2,5 prosent. Forvaltning og fellesutgifter har ein auke på 9 prosent. Auken kjem i hovudsak frå administrasjon og diverse tilskot. Samferdsle har auke i netto driftsutgifter på 12,3 prosent i hovudsak knytt til auka drift og vedlikehald på fylkesveggar. Den store nedgangen på næring og kultur, minus 12,8 prosent, skuldast i hovudsak redusert løyving av KMD-midlar i 2018 samanlikna med året før. Opplæring og tannhelse har berre mindre endringar.

### BUDSJETTAVVIK

Sektor (mill. kr)	Budsjett 2018	Rekneskap 2018	Avvik
Forvaltning og fellesutgifter	165,666	160,584	5,082
Opplæring	862,825	844,959	17,866
Tannhelse	83,436	83,355	0,081
Næring og kultur	153,400	152,426	0,974
Samferdsle	1 069,534	1 063,215	6,319
Sum sektornivå	2 334,861	2 304,539	30,322
Fellesutgifter og -inntekter	-2 334,861	-2 361,045	26,184
Rekneskapsresultat	0,000	-56,506	56,506

Tabell 4

#### Fellesinntekter og -utgifter

Fellesinntektene og -utgiftene er i stor grad «ikkje styrbare» løyvingar. Samla fekk vi i 2018 ei netto meirinntekt/innsparing her på 26,2 mill. kr.

Skatt og rammetilskot er hovudinntektskjeldene og utgjorde nær 2,4 mrd. kr i 2018. På desse to inntektspostane fekk vi ei meirinntekt på om lag 10,0 mill. kr (0,42 prosent). Vidare har vi meirinntekter knytt til

- premieavvik, pensjon osv. på 9,5 mill. kr
- kapitalinntekter/-utgifter på 6,8 mill. kr

#### Sektornivået

Sektornivået i fylkeskommunen har ei netto utgiftsramme på vel 2,3 mrd. kr. Med eit mindreforbruk på 30,3 mill. kr, har sektorane sett under eitt ei budsjettgjennomføring på om lag 98,5 prosent. Det meiner fylkesrådmannen er svært bra.

**Forvaltning** står for 5,1 mill. kr av innsparinga. Dei største postane med mindreforbruk er politisk styring/kontrollutval (1,4 mill. kr), administrasjon og administrasjon-slokale (1,2 mill. kr), diverse tilskot og fellesutgifter (2,0 mill. kr) og lokal og regional utvikling (0,5 mill. kr).

**Opplæring** har eit samla mindreforbruk på 17,9 mill. kr i 2018. Dei største postane med mindreforbruk er utgifter til lokale (3,8 mill. kr), utdanningsprogramma (5,3 mill. kr) og tilpassa opplæring (4,1 mill. kr). Den største posten med meirforbruk er opplæring i bedrift (4,4 mill. kr). Dei vidaregåande skulane og Fagskulen i Sogn og Fjordane har eit samla mindrefor-



bruk på ordinær drift på om lag 0,1 mill. kr i høve budsjettet for 2018. Skulane har resultatoverføring (til 2019), og innsparinga påverkar såleis ikkje det samla rekneskapsresultatet.

**Tannhelse** har ei innsparing på 3,1 mill. kr. Også denne sektoren har resultatoverføring (til 2019), og innsparinga påverkar såleis ikkje samla rekneskapsresultat.

**Næring og kultur** har samla eit netto mindreforbruk på 1,0 mill. kr, alt innan kulturområdet.

**Samferdsle** har eit samla netto mindreforbruk på 6,3 mill. kr. Dei største postane med mindreforbruk er fylkesvegferjer (2,8 mill. kr), bilruter (1,7 mill. kr) og fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak (1,3 mill. kr).

Fylkesveg - drift og vedlikehald - har eit mindreforbruk på 36,8 mill. kr, som vert overført til bruk seinare år. Det påverkar ikkje rekneskapsresultatet.

#### INVESTERINGAR

Hovudtal (mill. kr)	Budsjett 2018	Rekneskap 2018	Avvik 2018	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016
Forvaltning	19,125	14,812	4,313	18,202	15,495
Opplæring	105,765	66,871	38,893	102,769	170,900
Tannhelse	3,783	3,638	0,145	2,717	2,486
Kultur	1,988	1,691	0,297	1,372	2,386
Samferdsle	299,050	264,963	34,087	257,796	352,081
Investering i anleggsmidlar	429,711	351,976	77,735	382,856	543,349
Avdrag, avsetjingar, aksjar	3,755	728,866	-725,111	485,141	431,499
Finansieringsbehov	433,466	1080,842	-647,376	867,997	974,848
Bruk av lånemidlar	188,287	121,322	66,965	223,587	279,720
Inntekter frå sal av anlegg	0,000	0,015	-0,015	7,341	7,367
Tilskot til investeringar	98,868	104,896	-6,028	42,576	217,844
Mva-komp.	78,564	61,449	17,115	65,720	96,497
Mottekne avdrag på utlån	0,000	354,248	-354,248		
Utbyte	0,135	366,751	-366,616	291,902	282,000
Andre inntekter	19,675	18,079	1,596	16,119	19,875
Overført frå drifta	9,361	9,361	0,000	9,876	40,631
Bruk fond	38,576	44,721	-6,145	210,876	30,955
Sum finansiering	433,466	1080,842	-647,376	867,997	974,889

Tabell 5

Investeringar i anleggsmiddel utgjorde 352 mill. kr i 2018 mot 383 mill. kr i 2017. Investeringane fordeler seg slik på sektorane:

- 14,8 mill. kr forvaltning
- 66,9 mill. kr til opplæring
- 3,6 mill. kr til tannhelse
- 1,7 mill. kr til kultur
- 265,0 mill. kr til samferdsle.

Avvik i høve budsjett skuldast i hovudsak forseinkinga gjennomføring av investeringar.

I tillegg har fylkeskommunen utgiftsført 728,9 mill. kr i avdrag, avsetjingar og aksjekjøp. Det skuldast hovudsakleg avvikling av aksjeselskapet F1 Holding. Avviklinga førte til at fylkeskommunen overtok selskapet sine aktiva og passiva, blant anna eit utlån til Havilafjord AS på 367,5 mill. kr. Havilafjord AS nytta seg av retten til å framskande innfriinga av lånet i 2018. Det samla oppgjeret frå Havilafjord AS, 354,2 mill. kr, er avsett til fond saman med restverdiar frå F1 Holding AS

Av samla finansieringsbehov på 1080,8 mill. kr, utgjer låneopptaket 121,3 mill. kr eller 11,2 prosent. Tilsvarande tal for 2017 var 25,8 prosent.

**BALANSE**

Balansen gjev eit oversyn over eigendelane, eigenkapitalen og gjelda til fylkeskommunen.

Oversikt – balanse (mill. kr)	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015
Sum anleggsmidler	8 012,885	7 790,145	7 298,494	7 009,339
Faste eigendomar og anlegg	5 726,277	5 562,511	5 172,808	4 815,699
Utstyr, maskinar og transportmidlar	133,293	136,502	135,577	130,737
Utlån	7,247	7,247	7,650	8,054
Aksjar og andelar	638,502	655,022	605,802	600,411
Pensjonsmidlar	1 507,565	1 428,863	1 376,657	1 454,437
Sum omløpsmidlar	2 727,922	2 136,167	1 735,879	1 234,009
Kortsiktige fordringar	153,907	144,829	127,628	114,664
Premieavvik	12,499	8,621	17,043	15,873
Obligasjonar	211,544	209,017	155,422	103,268
Kasse, postgiro, bankinnskot	2 349,972	1 773,700	1 435,786	1 000,204
Sum eigendelar	10 740,807	9 926,312	9 034,373	8 243,348
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>6 002,212</b>	<b>5 339,870</b>	<b>4 569,465</b>	<b>3 862,881</b>
Disposisjonsfond	912,167	758,103	667,900	484,721
Bundne driftsfond	159,716	171,482	164,663	156,808
Ubundne investeringsfond	961,763	595,977	300,610	12,220
Bundne investeringsfond	0,384	7,392	8,501	4,318
Rekneskapsmessig mindreforbruk	56,506	44,695	14,540	57,978
Kapitalkonto	3 953,464	3 804,010	3 455,040	3 188,624
Endr. RK-prinsipp – AK Drift	-41,788	-41,788	-41,788	-41,788
Sum langsiktig gjeld	4 152,852	4 050,338	3 892,849	3 881,130
Pensjonsforpliktingar	1 799,150	1 757,087	1 714,470	1 665,327
Andre lån	2 353,702	2 293,251	2 178,379	2 215,802
Sum kortsiktig gjeld	585,743	536,104	572,136	499,338
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>	<b>10 740,807</b>	<b>9 926,312</b>	<b>9 034,451</b>	<b>8 243,348</b>

Tabell 6

## Lånegjeld




Diagram 3

Lånegjelda til fylkeskommunen har, etter sterk vekst fram til 2013, vore relativt stabil på +/- 2,3 mrd. kr. Ved utgangen av 2018 var lånegjelda på 2,35 mrd. kr.

Samla driftsinntekter har auka nominelt med 124 mill. kr frå 2017 til 2018. Lånegjelda har auka frå å utgjere om lag 50 prosent av samla driftsinntekter i 2010, til å utgjere 70,9 prosent i 2018. Det er ein svak reduksjon frå 2017, slik at gjeld i høve driftsinntektene har gått noko ned. For fylkeskommunane samla utgjør lånegjelda 75,3 prosent av netto driftsinntekter.




Diagram 4

Lånegjelda til fylkeskommunen er på om lag 21 441 kr per innbyggjar, medan landssnittet (for fylkeskommunane) ligg på om lag 13 037 kr per innbyggjar. Lånegjelda per innbyggjar syner ein auke for Sogn og Fjordane i 2018, men går ned for landet samla.




Diagram 5

### Disposisjonsfond

Avsetjinga til disposisjonsfond har vore stabilt høg over fleire år. Hovudgrunnen til oppbygginga av disposisjonsfonda er strategien for bruk av lokale inntekter (utbyte og konsesjonskraft), samt streng budsjett disiplin.

Per 31.12.18 er det samla 912,1 mill. kr på disposisjonsfonda, noko som utgjer 27,5 prosent av sum driftsinntekter. Tilsvarande tal for alle fylkeskommunane samla var 10,8 prosent.

I tillegg har ubundne investeringsfond auka med 366 mill. kr til 961,8 mill. kr i 2018, som følgje av salet av Fjord1.

### KOSTRA

KOSTRA er eit nasjonalt informasjonssystem som gjev informasjon om kommunal og fylkeskommunal verksemd: SSB offentleggjer 15. mars ureviderte tal for 2018. Reviderte tal vil bli lagt ut 15. juni 2019. I tabellen er vist nokre nøkkeltal, for Sogn og Fjordane fylkeskommune dei fire siste åra og 2018 for Vestnorge og landet u/Oslo for samanlikning.

Sogn og Fjordane har eit netto driftsresultat vesentleg betre enn samanlikna med dei andre i perioden. For 2018 har vi eit resultat på 5,9 prosent medan landssnittet u/Oslo har 3,8 prosent. Det er tilrådd å ha eit netto driftsresultat på minst 4 prosent.

Sogn og Fjordane har vidare vesentleg høgare inntekter og utgifter per innbyggjar enn landet i heile perioden. Vår netto lånegjeld per innbyggjar er vesentleg over landet.

Indikator - konsern	Sogn og Fjordane				Vestlandet	Landet u/Oslo
	2015	2016	2017	2018	2018	2018
<b>Finansielle nøkkeltal i prosent av brutto driftsutgifter</b>						
Netto driftsresultat	5,4	6,8	10,5	5,9	2,5	3,8
Netto avdrag	4,4	5,5	3,9	2,7	4,7	3,5
Netto renter	-0,3	-1,1	-3,1	-1,0	1,4	0,5
Netto lånegjeld	70,9	67,4	69,5	67,9	93,9	75,0
Arbeidskapital ekskl. premieavvik	23,7	36,5	49,9	64,2	18,0	17,2
<b>Finansielle nøkkeltal i kroner per innbyggjar</b>						
Brutto driftsutgifter	26 710	27 001	27 426	29 660	17 628	17 065
Brutto driftsinntekter	27 685	28 560	29 001	30 243	17 781	14 394
Frie inntekter	21 085	21 441	21 552	21 608	12 974	13 033
Netto lånegjeld	19 637	19 238	20 156	20 524	16 690	13 051
<b>Fordeling av brutto driftsutgifter i prosent</b>						
Adm., styring og fellesutg.	4,8	4,9	4,7	4,6	3,7	4,5
Vidaregåande opplæring	33,1	33,2	33,7	32,0	41,1	44,0
Tannhelsetenesta	3,7	3,6	3,5	3,3	4,2	4,4
Fys. planl./kult. minne osv.	2,0	1,9	2,2	2,3	2,0	2,4
Kultur	4,2	4,6	4,4	4,3	4,3	4,5
Samferdsle	34,9	38,3	38,0	40,3	36,9	31,5
Næringsutvikling	10,4	6,2	5,8	5,1	2,7	2,5

Tabell 7

# BYGGEREKNESKAP

## INVESTERINGSPROSJEKT FLORA VIDAREGÅANDE SKULE - BYGGESTEG 3

### Prosjektbeskriving

Vi hadde frå 2008 til 2013 ein kontinuerlig periode med nybygg og rehabilitering ved Flora vidaregåande skule. Det var til saman tre byggesteg. Dei to første omfatta nybygg og rehabilitering med eit budsjett på 82,5 mill. kr og vart avslutta i 2011, innafor budsjetttramma.

Dette byggerekneskapet gjeld byggesteg 3 - rehabilitering av blokk 1 og 2. Blokkene omfattar administrasjonen og undervisningsdelen. Prosjektet har hatt ei budsjett-ramme på 79 mill. kr og er gjennomført innan ramma med eit mindreforbruk på 2,72 mill. 2018-kr. Det er etter byggetrinn 3 òg gjennomført ei ombygging av elektro-avdelinga.

### Rekneskapsførte kostnader i mill. 2018-kr

2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	Sum
0,88	2,85	45,45	38,77	-0,02	0,14	0,22	0,19	88,48

Tabel 8

Sluttrekneskap for fase 3 rehabilitering Flora vgs	Kostnadsrammer		Rekneskap	Avvik
	Opphavelag	Revidert		
Investeringskostnad	91,2	91,2	88,48	-2,72
Generell finansiering			88,48	

Tabel 9

### INVESTERINGSPROSJEKT FLORA VGS. - UTVIKLING KOSTNADSRAMME

2012: Oppstart av prosjektet med kostnadsramme på 79 mill. 2012-kr

2013: Prisomrekning: 80,7 mill. kr

2014: Prisomrekning: 82,3 mill. kr

2015: Prisomrekning: 84,1 mill. kr

2016: Prisomrekning: 87,1 mill. kr

2017: Prisomrekning: 88,7 mill. kr

2018: Prisomrekning: 91,2 mill. kr

### Forklaring på avvik

Prosjektet er gjennomført innan den økonomiske ramma med eit positivt avvik på ca. 3 prosent. Avviket er for det meste knytt til løns- og prisomrekning frå siste år. Desse midlane er ikkje nytta.

### Læringsløyfe/erfaringar

Rehabiliteringsprosessar er vanskelege å kalkulere i tidleg fase. Vi konsentrerte oss i denne fasen for lite på kostnadsutviklinga i prosjektet. Etter endeleg budsjettvedtak har prosjektet vore gjennomført i tråd med føresetnadane.

# INNKJØP

## SAMKØYRING HORDALAND

Innkjøpstenesta har i 2018 arbeidd med å samkøyre dei to innkjøpsavdelingane i Sogn og Fjordane og Hordaland for å best mogleg kunne yte tenester i fellesskap. I løpet av året vart det etablert felles innkjøpsplan og malar til bruk ved felles konkurransar. I hovudregel er alle nye avtalar lyste ut i lag. I tillegg har innkjøpstenesta saman med juristane brukt mykje tid på å vurdere endringsmoglegheiter i eksisterande avtalar.

## OVERORDNA

Innkjøpstenesta har det innkjøpsfaglege ansvaret for alle innkjøp over 500 000 kr ekskl. mva., med unntak av bygge- og anleggskontraktar og avtalar knytte til drift av kollektivtransport og fylkesveg. Innkjøpa vert gjort i tråd med den fylkeskommunale innkjøpsstrategien. Fylkestinget vedtok ny innkjøpsstrategi i 2018.

I tillegg driftar innkjøpstenesta også Sogn og Fjordane Felles Innkjøp (SFFI), ei innkjøpsordning for 25 kommunar og nokre statlege etatar i fylket. Innkjøpstenesta gjennomfører konkurransar på vegne av samarbeidspartane, er rådgjevar for samarbeidspartane og følgjer opp felles rammeavtalar mot leverandørane. Fellesnemnda for samanslåinga med Hordaland vedtok i desember 2018 at fylkeskommunen skal tre ut av innkjøps samarbeidet frå 01.01.2020.

Våren 2018 gjennomførte innkjøpstenesta ein stikkprøvegjennomgang av protokollplikten for kjøp over 100 000 i heile organisasjonen. Fylkesrådmannen ser at slike tiltak fører til større bevisstgjerjing om innkjøpsregelverket i organisasjonen.

Innkjøpstenesta i Sogn og Fjordane har i 2018 teke i bruk same elektroniske konkurransegjennomføringsverktøy som Hordaland. Det nyttar vi òg til å registrere alle avtalar i heile organisasjonen.

Innkjøpstenesta har arrangert ei to-dagars samling for SFFI og ei dagssamling for innkjøpskontaktane i fylkeskommunen.

## NØKKELTAL

Fylkeskommunen gjorde netto innkjøp av varer og tenester for om lag 1,9 mrd. kr i 2018: 1,6 mrd. kr til drift og 0,3 mrd. kr til investeringar.

Innkjøpstenesta har i 2018 gjennomført 33 konkurransar. 11 av desse gjeld heile eller delar av SFFI. 15 er gjennomførte i lag med Hordaland, 10 av dei har Hordaland lyst ut. 3 konkurransar gjeld nye Vestland fylkeskommune.

Innkjøpstenesta har ansvaret for å følgje opp om lag 80 rammeavtalar. Vi har i 2018 gjennomført strukturerte leverandør oppfølgingsmøte på utvalde avtaleområde, ca. 20 møte. I tillegg er det løpande oppfølging gjennom året med fleire andre leverandørar. Fylkeskommunen handla for 85 mill. kr ekskl. mva. på rammeavtalane i 2018.

## EHANDEL


Status for innføring av ehandel i fylkeskommunen per 2018:

Årstal	Tal ordrar i ehandel	Omsetning i kr.	Tal aktive brukarar	Einingar som brukar ehandel
2014	120			
2015	2987	37 572 117		
2016	3964	132 000 000*		
2017	4586	47 000 000	130	49
2018	5370	104 000 000	140	51

\* Stort tal grunna kjøp av Sogndal vidaregåande skule byggjetrinn 2 via ehandel.  
Tabell 10



# REGIONAL UTVIKLING



Fjordstien i Sogndal opna i 2018 og er blant tiltaka som har fått pengar frå ordninga for stadutvikling og tettstadforming dei siste åra.  
Foto: Renate Sæle

# REGIONREFORMA

## OM REGIONREFORMA

---

Fylkesordfører Jenny Følling og fylkesvaraordfører i Hordaland, Pål Kårbø, signerte intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar 17. januar 2017. Dei to fylkestinga slutta seg til den framforhandla løysinga i februar 2017, med enkelte presiseringar og atterhald.

Stortinget vedtok regionreforma 8. juni 2017 og delte då landet inn i 11 heller enn 19 fylke frå og med 1. januar 2020. Vedtaket innebar at Oslo, Rogaland, Møre og Romsdal og Nordland held fram som eigne fylke. Sør- og Nord-Trøndelag vart Trøndelag frå 1. januar 2018.

## EKSPERTUTVALET

---

Kommunal- og moderniseringsdepartementet nedsette sommaren 2017 eit eige ekspertutval, etter ønske frå Stortinget. Mandatet til utvalet var å vurdere overføring av ytterlegere ansvar, oppgåver og mynde som støttar opp under samfunnsutviklarrolla til fylkeskommunane. Fylkesrådmann Tore Eriksen var ein av medlemmane i ekspertutvalet. Ekspertutvalet leverte rapporten sin til kommunalministeren 1. februar 2018.

## NAMNET VERT VESTLAND

---

Regjeringa gjorde i statsråd 6. april 2018 tilråding om Vestland som namn på det nye fylket. Stortinget gjorde endringar i inndelingslova 7. juni 2018, der namnet vart slege endeleg fast.

## POLITISK ORGANISERING I VESTLAND FYLKESKOMMUNE

---

Fellesnemnda vedtok 22. juni følgjande struktur for faste hovudutval:

- hovudutval for infrastruktur og veg
- hovudutval for samferdsle og mobilitet
- hovudutval for opplæring og kompetanse
- hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon
- hovudutval for kultur, idrett og integrering

Dei 65 medlemmane i nye fylkestinget, med unntak av fylkesordfører, fylkesvaraordfører og medlemmane i kontrollutvalet, kan fordelast på utvala.

Fylkesutvalet er eit lovpålagt organ med ansvar for å leggje fram forslag til økonomiplan og årsbudsjett. Fellesnemnda vedtok i same møte at utvalet også får eit overordna ansvar for fag- og politikkområde som gjeld heile den fylkeskommunale verksemda.

Fellesnemnda vedtok 21. september å opprette følgjande lovpålagte politiske organ, med verknad frå 1. januar 2020:

- kontrollutval
- administrasjonsutval
- råd for menneske med nedsett funksjonsevne
- råd for eldre
- ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom
- klagenemnd
- fylkesvalstyre

I same møte vedtok fellesnemnda å opprette fylgjande politiske organ, med verknad frå 1. januar 2020:

- finansutval
- trafikktryggingsutval
- valnemnd

16. november 2018 vedtok fellesnemnda å opprette eit planutval som politisk leiande prosessorgan for regional planlegging, med verknad frå 1. januar 2020. Planutvalet skal skape politisk forankring og sikre heilskapsomsynet for regionale planar. Planutvalet får same medlemmar som det nye fylkesutvalet. Det nye fylkestinget skal hauste erfaringar med å nytte fylkesutval som planutval gjennom den første valperioden 2019–2023.

I same møte vedtok fellesnemnda å legge ansvaret for likestilling, likeverd og mangfald i Vestland fylkeskommune til administrasjonsutvalet. Administrasjonsutvalet skal følgje opp krava i kommunelova om å gjere greie for den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling i organisasjonen.

## OVERORDNA ADMINISTRATIV ORGANISERING

I september 2018 presenterte prosjektleiaren den overordna administrative organiseringa. Det blir tre administrative hovudlokaliseringar i Vestland fylkeskommune – Leikanger, Førde og Bergen. Avdelingane har slike namn og ansvarsområde:

- Avdeling for infrastruktur og veg (Leikanger)
- Avdeling for mobilitet og kollektivtransport (Bergen)
- Avdeling for kultur, idrett og inkludering (Førde)
- Avdeling for opplæring og kompetanse (Bergen)
- Avdeling for innovasjon og næringsutvikling (Bergen)
- Avdeling for strategisk utvikling og digitalisering (Leikanger)
- Avdeling for organisasjon og økonomi (Bergen)

Dei nye avdelingane skal leiast av fylkesdirektørar, som vart presenterte i november 2018. Det er lagt opp til at dei komande fylkesdirektørane gradvis trer inn i rolla fram mot 1. januar 2020.

## OPPGÅVEMELDINGA - NYE OPPGÅVER FOR FYLKA

Kommunal- og moderniseringsdepartementet la 19. oktober fram ei oppgåvemelding til Stortinget, der regjeringa utdjupa kva dei framtidige fylka skal ha ansvaret for. Her ligg det oppgåver knytt til næringsutvikling, landbruk, samferdsel, klima og miljø, kompetanse og integrering, kultur og folkehelse. Samferdsle er eit område der det kjem fleire nye oppgåver; fylka skal no sjølve få ansvaret for å utgreie, planlegge, bygge, drifte og vedlikehalde fylkesvegane.

## PROSJEKLEIAR

Rune Haugsdal vart tilsett som prosjektleiar og komande fylkesrådmann for det nye storfylket på Vestlandet i møtet i fellesnemnda 4. mai.

Haugsdal starta i stillinga som prosjektleiar 14. juni.



Foto: Hordaland fylkeskommune



Fagkomiteen la fram fire forslag til fylkesvåpen for fellesnemnda i desember 2018.  
Illustrasjon: Vestland fylkeskommune

I tillegg til dei konkrete nye oppgåvene som vart meldt ut, vert det utgreidd vidare om oppgåver knytt til kulturinstitusjonar, barnevern og regionale forskingsfond også skal overførast til fylka.

### FYLKESVÅPEN

---

Arbeidsutvalet til fellesnemnda nedsette 29. januar 2018 ein fagkomité som skulle vurdere og tilrå alternativ til fylkesvåpen for Vestland. Det skulle skje etter ein rådgjevande, open innspelsprosess, og ein designkonkurranse, der nokre motiv bestemt av fagkomiteen skulle teiknast ut. Fellesnemnda fekk framlagt fagkomiteen sine tilrådde forslag 19. desember 2018, men valde ingen av forslaga. Fellesnemnda bad administrasjonen arbeide vidare med saka og få fram alternativ med utgangspunkt i forslag

- knytt til
  - natur og landskap
  - vilje til demokrati
  - folkevald makt
- med referanse til felles historie.

### OMSTILLINGSAVTALEN

---

Fellesnemnda vedtok 4. mai 2018 omstillingsavtalen som fylkesrådmennene i Hordaland og Sogn og Fjordane hadde forhandla fram med dei tillitsvalde. Avtalen skal sikre følgjande:

- medverknad og medråderett i prosessen i tråd med intensjonane i hovudavtalen
- ein ryddig og føreseieleg omstillingsprosess ved å gje overordna føringar for gjennomføringa
- tryggleik i arbeidsforholdet for den einskilde tilsette under omstillingsarbeidet

# PLANARBEID

Regional planstrategi for Sogn og Fjordane 2016–2020 legg føringar for kva planarbeid vi har arbeidd med i 2018. Dei regionale planane er styringsdokument som skildrar prioriteringar og vegval for den ønska utviklinga i regionen i eit langsiktig perspektiv.

Regionale planar er den overordna reiskapen fylkeskommunen nyttar i rolla som samfunnsutviklar. Fylkeskommunen samarbeider med kommunar, regional statsforvaltning, organisasjonane i næringslivet, ulike kompetansemiljø og frivillige organisasjonar om utforming og gjennomføring av planane. I 2018 arbeidde vi med og vedtok desse planane:

- Regional strategisk plan for kysten
- Regional plan for kultur
- Strategi for senterstruktur
- Regional plan for klimaomstilling

Eventuell oppstart av Regional plan for arealbruk, og Regional plan for folkehelse er utsett til nytt fylkesting er konstituert (FT-sak 29/18).

## SAMLA OVERSIKT OVER PRIORITERTE PLANARBEID 2016–2020

Plan	2016	2017	2018	2019	2020
Nye planar					
Regional strategisk plan for kysten					
Regional plan for arealbruk					
Regional plan for kultur					
Strategi for senterstruktur og tettstadutvikling					
Revidering/rullering av eksisterande planar					
Regional transportplan					
Regional plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv					
Regional plan for vassforvaltning					
Fylkesdelplan for klimaomstilling					
Regional plan for folkehelse					
Regional verdiskapingsplan					

- Planperiode
- Forlenging av planperiode
- Eventuell oppstart av planarbeid utsett til nytt fylkesting

### Regional strategisk plan for kysten (2018-2029)

Fylkestinget vedtok Regional strategisk plan for kysten i juni 2018 (FT-sak 28/18). Hovudmålet med planen er å skape «ein kystregion som er attraktiv, med folkevekst, vekst og berekraft i næringslivet og fleire gjestande».

Fylkeskommunen, kommunane og representantar frå næringane på kysten meiner meir forpliktande samarbeid og meir kartlegging av ressursane i kystsona er avgjerande for å nå målet. Planen inneheld fire satsingsområde:

- etablere eit kystråd
- ta styringa i kampen om sjøareal og strandsone
- knyte saman kysten med betre infrastruktur
- auke skaparkrafta og evna til nyskaping

Det er knytt ei rekke tiltak til kvart av dei fire satsingsområda. For kvart tiltak er det presisert kven som skal vere initiativtakar, støttespelar, og i kva tidsrom tiltaket skal bli gjennomført.

### Fylkesdelplan for arealbruk (2000)

Fylkestinget vedtok i 2016 ei planføresegn, Regional planføresegn om handel og kjøpesenter (handelsføresegna), som er knytt til fylkesdelplanen (FT-sak 54/16). Handelsføresegna skal hjelpe oss å oppnå ei god regional utvikling, som balanserer omsynet til næringslivet, stadutvikling, arealforvaltning og klima- og miljø. Ei tydelig føresegn gagnar både den regionale utviklinga, kommunane og næringslivet. Fylkesutvalet varsla i september (FU-sak 100/18) oppstart av revisjon til planføresegna. Planprogrammet vart vedteke av fylkesutvalet i desember (FU-sak 136/18).

### Regional plan for kultur (2019-2027)

Fylkestinget vedtok Kultur for alle - Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027 på fylkestinget i oktober 2018 og handlingsprogrammet for 2019-2022 i desember. Vi har definert to hovudmål for planarbeidet:

- Kulturfeltet skal bidra til å skape gode lokalsamfunn.
- Fylket skal ha regionale, nasjonale og internasjonale kraftsentra/fyrtårn.

Planen omfattar også fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Han avløyser såleis den tidlegare regionale planen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

### Strategi for senterstruktur og tettstadsutvikling (2018-2022)

Strategien skal gje Sogn og Fjordane sterkare bustads-, arbeids- og serviceregionar (BAS-regionar), med meir attraktive tettstadar som utfyller og styrkar kvarandre. Analysar av flyttemønsteret i fylket har vore eit viktig grunnlag for strategien. Strategien er tenkt som eit grunnlag, og styringsverktøy innan regional utvikling.

Målsetjinga for strategien er:

- Strategi for senterstruktur og tettstadsutvikling skal gje Sogn og Fjordane sterkare BAS-regionar, med meir attraktive tettstadar som utfyller og styrkar kvarandre.

Gjennom prosessen er det utforma retningsliner knytt til

- attraktive tettstadar
- attraktive bustadar
- sterkare bu-, arbeids- og serviceregionar

Fylkestinget vedtok strategien i april 2018 (FT-sak 9/2018).

### Støtte til tettstadforming og stadutvikling

Vi fekk inn søknader om støtte til tettstadforming og stadutvikling på til saman 12,9 mill. kr i 2018. Med årets budsjettmidlar, restmidlar frå INU-ordninga og tidlegare avsette fondsmidlar, vart det gitt støtte til elleve kommunar med til saman 7,2 mill. kr. Dei to største prosjekta var støtte til ny bru over Sogndalselva (3 mill. kr) og elveforebygging og sti i Førde sentrum (1,7 mill. kr).

### Regional plan for klimaomstilling (2018-2021)

Regional plan for klimaomstilling blei vedtatt i fylkestinget i juni 2018 (FT-sak 26/18). Planen har som overordna mål å «saman få til ei klimaomstilling av Sogn og Fjordane», der fylket vert smartare, tryggare og grønarare. Planen er tredelt, med ein kunnskapsdel, plandel og eit handlingsprogram. Handlingsprogrammet gjeld for 2018-2019, fram til Hordaland og Sogn og Fjordane slår seg saman til Vestland fylkeskommune.

Plantema i planen er:

- energiforsyning
- energibruk i bygg
- areal og transport
- næringsliv og teknologi
- klimavenleg landbruk
- klimatilpassing
- forbruk
- klimakunnskap og klimakommunikasjon

### Verdiskapingsplanen

Regional plan for verdiskaping gjev føringar for arbeidet på næringsområdet. Nyskaping og kunnskap er gjennomgåande plantema i verdiskapingsplanen. Planen omhandlar også sjømatnæringer, reiseliv og energi (både fornybar energi og olje/gass), i tillegg til industri og landbruk. Planen blei rullert i 2018, og vi gjorde justeringar for perioden 2018-2021. I rulleringa av planen la vi vekt på ei drøfting av kva vi har oppnådd så langt, og kva justeringar som trengst. Framover skal vi legge endå større vekt på bransjesamarbeid og grøen omstilling.

### Rettleiing og kompetanseheving i kommunane

Vi gir fråsegn til alle kommunale planar - samfunnsdelar, arealdelar og reguleringsplanar. Fylkeskommunen gir innspel på tema som kulturminne-, kulturmiljø- og landskapsomsyn, friluftsliv, samordna areal- og transportplanlegging, omsyna til regional plan eller planstrategi, barn og unge sine interesser, fylkesveggar, og næring. Omsyn som spesielt har innverknad på nasjonale og regionale omsyn og interesser vert veklagde.

Fylkeskommunen har ansvar for regionalt planforum. Kommunane kontaktar oss om planarbeid dei har behov for å drøfte med ulike statlege og regionale fagetatar. Vi gjennomførte tolv møte med totalt ti ulike kommunar i 2018. Kommunane fekk òg tilbod om å melde inn saker til «planforum klimaspesial», der fylkeskommunen og Vestlandsforskning bidrog med kompetanse om klimaomsyn i planlegginga. Så langt har ein kommune nytta denne moglegheita i samband med samfunnsdelen til kommuneplanen sin.

I november arrangerte fylkeskommunen saman med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ei regional plansamling i Førde. Hovudmålgruppa var kommunalt tilsette som jobbar med planlegging, men konsulentar og andre interesserte kunne òg delta. Det var i alt 90 deltakarar på samlinga, som gjekk over to dagar. Tema var:



Klimaarbeid ved Firda vidaregåande skule.  
Foto: Hans Græsli

- Regionreforma og nye fylkesmannsembete
- Regionalt planarbeid
- Bustadsosialt arbeid i plan
- Parallellsesjonar:
  - klimaarbeid i kommunane
  - eigedom, plan og jordskifte
  - arealplanlegging - vegen til eit tryggare samfunn
  - tettstadutvikling
- Juridiske tema:
  - endringar i plan- og bygningslova - §12-14 andre ledd om mindre endringar
  - klager på støy
  - planlegging i sjø

Saman med Hordaland fylkeskommune og KS deltek vi i eit mentorprogram for nye planleggjarar i kommunane. Fire kommunalt tilsette planleggjarar er med som mentorar, og kommunalt tilsette planleggjarar er med frå deltakarkommunane. Vi har arrangert to slike mentorsamlingar i 2018. Den første var i Sogndal, med tema innan planprosess, medverknad, konsekvensutgreiing, overordna ROS og krav til reguleringsplan. Vi tok utgangspunkt i aktuelle problemstillingar i deltakarkommunane.

Den andre mentorsamlinga var i Bergen og Vaksdal. Regionreform, regionale planarbeid, bustadsosialt arbeid i plan, klima, eigedom, plan og jordskifte, tettstadutvikling og ulike juridiske tema.

#### Fylkesatlas og Fylkesspegel

Fylkesatlas ([www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no)) er eit samarbeid mellom fylkeskommunen og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane om felles webkart. Kartløyisinga blir brukt både internt i sakshandsaming og av eksterne. Det var i gjennomsnitt 140 sidevisningar kvar dag i 2018.

På Fylkesspegelen (<https://statistikk.fylkesatlas.no/>) publiserer vi statistikk og kunnskap om utviklinga i fylket. Nettsida er eit samarbeid mellom fylkeskommunen, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Høgskulen på Vestlandet og NAV. Den nye Fylkesspegelen har i gjennomsnitt hatt 96 daglege sidevisningar, og 191 personar abonnerer på nyhendebrevet til Fylkesspegelen.

Frå 1.1.2020 er det tilrådd at Fylkesatlas vert vidareført som innsynsløyising for webkartet til Vestland fylkeskommune. Vi samarbeider med Fylkesmannen i Vestland om drift og vedlikehald av Fylkesatlas. Det er tilrådd å erstatte dagens statistikk-løyising med ein ny løyising for Vestland fylkeskommune.



# KLIMAARBEID

Klimapanelet til FN publiserte i 2018 ein rapport der dei vurderer kva som skal til for å oppfylle målet i Paris-avtalen om å

1. halde den globale temperaturouken under 2 grader
2. prøve å avgrense auken til 1,5 grader

Rapporten gir ei klar forståing av forskjellen mellom 1,5 og 2 graders temperaturouke, og dei alvorlege konsekvensane dette kan ha. Vi må setje inn raske og omfattande endringar på alle samfunnsnivå for å avgrense oppvarminga til 1,5 grader. Rapporten peiker på alvoret og skisserer eit utsléppskutt på 40-50 prosent innan 2030. Vi har dei neste 10-15 åra på oss til å unngå alvorlege og irreversible endringar.

Arbeidet i 2018 har i hovudsak vore delt i to fasar:


- utarbeiding av Regional plan for klimaomstilling
- oppfølging av det vedtekne handlingsprogrammet

I tillegg har vi starta arbeidet med å skissere korleis vi skal jobbe med klima- og miljøutfordringane i nytt fylke.


## KLIMAGASSUTSLEPP FOR SOGN OG FJORDANE

Miljødirektoratet publiserte i 2018 ei ny statistikkloysing for klimagassutslepp i kommunane. Tala blir presenterte i ni sektorar, fordelt på 38 utsléppskjelder, for perioden 2009-2016. Dette er eit nyttig verktøy i planlegginga, både i fylkeskommunen og kommunane.

Klimagassutsleppet for Sogn og Fjordane var 1 949 942 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar i 2016, med ein stigande trend i perioden. Det viser at utviklinga går feil veg her i fylket. Dette er totale, direkte utslépp innanfor fylkesgrensene, inkludert utsléppskjelder som fylkeskommunen har lite direkte påverknad på.



Vi fekk laga ei Klimakost-analyse med analyse av den fylkeskommunale verksemda hausten 2018. Klimakost bereknar det komplette fotavtrykket frå fylkeskommunal verksemd. Aktiviteten som medfører størst klimafotavtrykk er utsleppa knytt til kollektivtrafikk, både bilruter, fylkesvegferjer og båtruter. I tillegg er det store utslepp knytt til bygg- og infrastrukturiltak på fylkesvegane. Resultata frå analysen inngår i kunnskapsgrunnlaget til felles planstrategi for Vestland fylke (Vestland - Statistikk og utviklingstrekk).



Kjelde: Klimakost-analyse Asplan Viak  
Diagram 7

**REGIONAL PLAN FOR KLIMAOMSTILLING 2018-2021**

Fylkestinget vedtok Regional plan for klimaomstilling i juni 2018. Då starta arbeidet med å følgje opp planen og handlingsprogrammet. Ved årsslutt rapporterte vi på tiltak i handlingsprogrammet, og her er ei forenkla oversikt over dette.

% fullført	Tiltak i handlingsplanperioden 2018-2019
5 %	1. Etablering av eit regionalt nettverk for klimaomstilling
100 %	2. Etablering av Norsk klimatilpassingssenter i Sogndal
50 %	3. Nasjonal klimaomstillingskonferanse i Sogndal
50 %	4. Møteplassar for det grønne skifte i næringslivet
20 %	5. Møteplassar for klimaomstilling i kommunane
25 %	6. Reduksjon av klimagassutslepp i transportsektoren, jamfør RTP
15 %	7. Klimatilpassing av fylkesvegnettet, jamfør RTP
20 %	8. Auke delen kollektivreiser
60 %	9. Tilskotsordning for etablering av hurtigladestasjonar
50 %	10. Areal- og samfunnsplanlegging som verktøy for klimaomstilling
70 %	11. Rettleiing og oppfølging av ROS-analysar i kommunal arealplanlegging
70 %	12. Rettleiing og tilsyn med kommunane si oppfølging av beredskapsplikta
50 %	13. Klimakommunikasjonsstrategi
5 %	14. Etablering av klima- og miljøprisen
70 %	15. Tilskotsordning til klima- og miljøtiltak
50 %	16. Oppdragsbrev til Innovasjon Norge
	17. Regionale tilskotsordningar
70 %	18. Samarbeidsavtaler med lag og organisasjonar
	19. 2°C-magasinet
50 %	20. Klimastipend og tilskot til masteroppgåver
5 %	21. Biblioteka som pådrivar for ein grønare kvardag
70 %	22. Den kulturelle skulesekken med klimaperspektiv
5 %	23. Klimaspel/klimameisterskap i den vidaregåande skulen
5 %	24. Berekraftig utvikling som del av dei nye læreplanane
100 %	25. Konferanse om utdanning for berekraftig utvikling
50 %	26. Energiportalen
50 %	27. Hindre spreiring av gummigranulat frå kunstgrasbaner
33 %	28. Klimatilpassing og utsleppsreduksjon som del av mandatet til programstyra for frukt og grønt, grovfôr og husdyrhold samt skog og tømmer
0 %	29. Utvikling og formidling av kunnskap om klimaomstilling av landbruket
25 %	
0 %	
20 %	30. Prosjekt om lokale utfordringar knytt til klimaomstilling
30 %	31. Tverrfagleg klimagruppe i fylkeskommunen
10 %	32. Danne tverrfagleg ressursgruppe knytt til grønne innkjøp
100 %	33. Kvalitetssystem for gjennomf. av anbuds konkurransar for byggjeprojekt
90 %	34. Energioppfølgingsystem og sentral driftskontroll
40 %	35. Miljøfyrtårn-sertifisering og klimaregnskap for fylkeskommunal verksemd
5 %	36. Forskings- og utviklingsstrategi
5 %	37. Biostrategi

Diagram 8

**NASJONAL KLIMAOMSTILLINGSKONFERANSE I SOGNDAL, 24.-26. APRIL 2018**

Samarbeid internt og eksternt står sterkt i Sogn og Fjordane, mellom anna på klimafeltet. Den nasjonale klimakonferansen vart for tredje gong arrangert i Sogndal, med kjente namn som Atle Hamar, Glen Peters og Thomas Hylland Eriksen på plakaten. Arrangementet var eit samarbeid mellom Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Høgskulen på Vestlandet, Vestlandsforskning, NVE, Statens vegvesen og fylkeskommunen.

**TILSKOTSORDNING FOR KLIMA OG MILJØTILTAK**

Tilskotsordninga for klima- og miljøtiltak vart styrka med to millionar kroner i 2018, og vi fekk inn mange gode søknadar. Midlane gjekk til dømes til å støtte til utfasing, eller gjennomføring av tiltak for å avgrense avrenning av gummigranulat på fotballbaner (Årdal, Vik, Fjaler og Eid).

Firda vidaregåande skule jobbar med klima- og miljøutfordringar i ulike fag, inkludert i valfaget klima- og miljøfag. Dei arrangerte i 2018 ein klimakonferanse som fokuserte på klimakommunikasjon. Det deltok 377 personar, derav 302 elevar frå seks vidaregåande skular og to ungdomsskular. Firda vidaregåande fekk i 2018 klimaprisen til Utdanningsforbundet for arbeidet dei har gjort med prosjektet Grøn skule og for utviklinga av faget klima- og miljøfag. Faget er utvikla for å gje ei heilskapleg tilnærming til klima- og miljøspørsmåla.

Oversikt over prosjekt som fekk støtte i 2018:

Søkar	Prosjektnamn	Tilsegn på
Firda vidaregåande skule	Klimakonferansen «Den grønne tråden»	75 000
Nordfjordretdet	Energinettverk Nordfjord 2021	420 000
SINTEF Energi	Grøn energi til Stryn Sommerski - Fase 1	250 000
Flora kommune	Sykelbyen Florø: Reparasjonsstativ og luftpumpe ved Klatreparken	24 465
NFF Sogn og Fjordane	Rister ved inngangsparti for avfeieing av gummigranulat	255 000
Jølster kommune	Profilering av interkommunal plan for klimaomstilling i Sunnfjord	75 000
Årdal kommune	Rehabilitering av kunstgrasbana ved Jotun Stadion til klimavenleg alternativ	500 000
Jølster kommune	Kartlegging av vernskog i Jølster og utarbeiding av rutine for skjøtselplan	350 000
Stadlandet skule	Miljøveke 2019, for å redusere mengda av plast langs kysten av Stadlandet.	150 000
Vestlandsforskning	Kartlegging av erfaringar frå regionalt plan- og klimatilpassingsarbeid i nye Vestland fylke	250 000
Totalt		2 349 465

Tabell 12



Rektor Hallgeir Hansen og elev Ida Marie Dragset med klimaprisen Firda vidaregåande skule fekk i 2018. Prisen er delt ut av Utdanningsforbundet. Foto: Utdanningsforbundet

## PROSJEKTET «SAMHANDLING FOR GRØNT SKIFTE»

Styringsgruppa for regionalt klimasamarbeid har fått midlar frå Regionalt forskingsfond Vestlandet til prosjektet *Samhandling for Grønt Skifte*. Vi gjennomførte fire samlingar for deltakarkommunane i 2018. Siste samling i prosjektet blei gjennomført hausten 2018, og temaet var Omstilling til *nullutslepp*. Deltakarkommunane presenterte då kvar dei stod i planarbeida sine, og korleis dei nytta prosjektet i arbeidet.

## FORNYBAR ENERGI

Fornybar energi er eit satsingsområde i verdiskapingsplanen. Fylket har store fornybarressursar, ikkje minst vass- og vindkraft. Fylkeskommunen yter støtte, inklusiv sekretærenester, til Forum for Grøn Energi Sogn og Fjordane. Forumet skal

- bidra til auka verdiskaping knytt til planlegging
- utbygging, drift og bruk av fornybar energi i Sogn og Fjordane
- legge til rette for teknologiutvikling knytt til fornybar energi og energioptimalisering

## Hydrogen Region Sogn og Fjordane

Hydrogensatsinga til fylkeskommunen har hatt eit høgt aktivitetsnivå i 2018, som var det siste året for prosjekt Hydrogen Region Sogn og Fjordane.

Fylkeskommunen har ved hjelp av midlar frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane etablert og administrert ei støtteordning for utviklingsprosjekt knytt til hydrogen i næringslivet. Ordninga har mellom anna gitt støtte til

- utvikling av hydrogendriven hurtiggående passasjerbåt
- design av hydrogendriven arbeidsbåt for oppdrettsnæringa
- moglegheitsstudie for hydrogenproduksjon frå bølgekraftverk
- kartlegging av lokale hydrogenverdikjeder med utgangspunkt i kraftressursar i Indre Sogn

Vi har hatt eit godt samarbeid med Maritim Forening Sogn og Fjordane. Dei og støttespelarane har arbeidd systematisk over tid med å få status som Arena-klynge, noko industriklynga Ocean HyWay Cluster lukkast med hausten 2018.

Fylkeskommunen har etablert tett samarbeid med dei tre andre fylkeskommunane på Vestlandet. Dette blir tatt vidare i ein felles hydrogenstrategi, som blir lagt fram for Vestlandsrådet i byrjinga av 2019. Fylkeskommunen har også teke initiativ til eit landsdekkande fylkesnettverk for hydrogen. Nettverket har fått støtte frå Klimasats-midlane, og Norsk Hydrogenforum har sekretariatet.

Vi har lagt vekt på å delta i ulike nasjonale og internasjonale nettverk for å auke eigen kompetanse og knyte kontaktar. Kommunikasjon og formidling har også vore sentralt i prosjektet. Fylkeskommunen har mellom anna bidrege til den årlege konferansen om hydrogen i Florø. I 2018 samla denne 177 deltakarar frå 17 nasjonar.

I tillegg er fylkeskommunen partner i ulike FoU-prosjekt knytt til hydrogen. Det gjeld mellom anna eit forskingsprosjekt som ser på moglegheitene for innkjøp av hydrogenteknologi i hurtigbåtar. Fylkeskommunen er vidare initiativtakar og hovudpartner eit læringsnettverk for lokale hydrogensamfunn i Noreg, Skottland, Island, Færøyane og Canada (NORA-prosjekt).

## ENERGI OG MILJØ (INNOVASJON NORGE)

Bedrifter frå Sogn og Fjordane fekk i 2018 30 mill. kr til ni prosjekt innanfor Miljøteknologiordninga. Det er det høgaste årlege beløpet som er løyvd frå denne ordninga til bedrifter i fylket. Prosjekta varierer i storleik frå 0,5 mill. kr til 15 mill. kr i tilskot. Prosjekta spenner vidt og er innanfor områda solenergi, maritim, marint, avfall og olje/gass. Havlandet RAS Pilot AS fekk 15 mill. kr i tilskot til pilotprosjekt for testing av landbasert matfiskproduksjon av laks i RAS-anlegg. Norsun AS fekk 10 mill. kr til utviklingsprosjekt for å styrke og vidareutvikle ingot- og waferproduksjonen.

Green Innovation Network på Nordfjordeid har fått støtte til etablering av eit hovudprosjekt for bedriftsnettverk. Målet med nettverket er å utvikle og tilby tverrfagleg kompetanse innan grøne energieffektive løysingar.

Arbeidet med å etablere hydrogenklynga Ocean Hyway Cluster vart i løna med Arena-status. Klynga skal femne om bedrifter som er kopla opp mot hydrogenbruk i dei havbaserte næringane. Målet med satsinga er å arbeide for at Noreg vert leiande i verda på bruk av hydrogen som energibærer.

Det er løyvd støtte til eit prosjekt om gardsvarmeanlegg næring frå verdiskapingsprogrammet for fornybar energi i landbruket.




Diagram 9

## ENERGISPARING, ENERGIBRUK OG MILJØ

Bygge- og eigedomstenesta jobbar aktivt med å etablere effektive energiløysingar i dei fylkeskommunale bygga for å redusere den samla energibruken. Vi har teke grep for å legge om til fornybar energi, slik at oppvarming basert på fossile energikjelder fortløpande kan fasast ut. 2018 må sjåast på som eit år med planlegging for tida som kjem, og det er ikkje gjennomført nokon store energisparingsprosjekt. Det står no att berre ein oljefyr, før all oljebasert oppvarming er fjerna.

Alle eigde bygg har etablert automatisk energiovervaking. Vi kan då enkelt rette tiltak mot det som er mest fornuftig, i tillegg til at driftspersonellet enkelt kan optimalisere drifta av tekniske anlegg.

Vi har gjennomført nokon mindre prosjekt knytt til betre energieffektivisering. Først og fremst gjeld dette betre isolering og utskifting til meir effektive tekniske anlegg. Vi har brukt året til å planlegge fleire enkle tiltak, i tillegg til nokon meir spanande satsingar på solceller, sollys-basert belysning og passivhusbygg.

Energimålet på gjennomsnittleg 130 kWh/m<sup>2</sup> er òg framleis innan rekkevidde, og vi ventar at målet er nærare når siste års tiltak syner resultat. Vi må likevel framleis ha søkjelys på arbeid med energiomlegging og fleire tiltak for energieffektive løysingar i bygga våre for å nå heilt fram. I 2018 såg vi ein liten auke i energibruk for fylkeskommunal bygningsmasse. Det er mykje grunna ein lang vinter og ein varm sommar, men også delvis grunna auka areal som følgje av utbyggingsprosjekt.

Vi har oppretta berekning av CO<sub>2</sub>-utslepp for energibruken i eigne bygg, og vi ser at tiltaka våre reduserer klimagassutslepp vesentleg. Trass i auka energibruk i 2018, er CO<sub>2</sub>-utslepp vesentleg mindre enn i 2017.

Sjølv om samla energibruk over tid er på rett veg, går dessverre den samla kostnaden for energi i motsett retning. Vi ser òg at klimautfordringane medverkar til korleis straumprisen utviklar seg. Sogn og Fjordane fylkeskommune klarar med hjelp av gode kraftmeklarar å halde seg unna dei store svingingane og kostnadene, men vi ventar eit spanande prisbilete også vidare i 2019. Effektivisering er framleis viktig med omsyn til effekt og bruk av straum generelt.

Vi har etablert nye rutinar for gjennomføring av byggeprosjekt og jobbar særleg med både energi- og miljøaspektet i nye prosjekt. Vi evaluerer konkurransar for nybygg med omsyn til energi og miljø, i tillegg til pris og kvalitet.

## TRANSPORTSEKTOREN

Reduksjon av klimagassar frå transportsektoren er eitt av hovudmåla i Regional planstrategi.

Ferjer, bussar og båtar i fylkeskommunale ruter slapp ut 44,4 1000 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar i 2017, ein reduksjon på 1,5 1000 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar samanlikna med 2016 (45,9 1000 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar). Vi har ikkje oppdaterte tal for 2018.

Transportmiddel	Forbruk av diesel	Utslepp 1000-tonn CO2-ekv.
Fylkesvegferjer	3 990 488	10,6
Hurtigbåtar (ruter til Bergen)	6 584 770	17,5
Lokalbåtar	2 156 335	5,7
Buss	3 960 175	10,5
<b>Totalt</b>	<b>16 691 768</b>	<b>44,4</b>

Tabell 13: Utslepp av CO2 frå ferjer, båt og buss som er under kontrakt med Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2017 (tala for buss i Sogn er frå 2016) 2,66 kilo CO2-ekvivalenter utslepp per liter forbruk.

Transportmiddel	2015	2016	2017
Fylkesvegferjer	3 988 133	4 299 934	3 990 488
Hurtigbåtar (ruter til Bergen)	6 682 484	6 853 894	6 584 770
Lokalbåtar	2 396 507	2 086 693	2 156 335
Buss, Nordfjord og Sunnfjord (inkl. Bremanger)	2 945 478	2 591 949	2 547 175
Buss Sogn	1 105 000	1 413 000	ukjent hittil, brukar 2016 tal
<b>Totalt</b>	<b>17 117 602</b>	<b>17 245 470</b>	<b>16 691 768</b>

Tabell 14

I dag går alle hurtigbåtane i Sogn og Fjordan på fossilt drivstoff. Båtane som går frå Sogn og Fjordane til Bergen, utgjer nærare 40 prosent av utsleppa frå kollektivsektoren til fylkeskommunen.

Dagens ferjeflåte i Sogn og Fjordane er under opprusting. Vi byter ut fleire ferjer i løpet av dei neste tre åra, noko som gjer at snittalderen for ferjer på fylkessamband i 2018 vert 9,8 år. Nye ferjer har lågare utslepp av klimagassar enn dei gamle. Med dagens teknologi er det mogleg å elektrifisere ferjedrifta. Ferjesambandet Barmen-Barmsund blir det første heilelektriske fylkesvegferjesambandet i Sogn og Fjordane.

Gjeldande busskontraktar har krav om nyaste tilgjengelege motorteknologi. Nye bussar skal bruke såkalla EURO 6-motorar. Motorar som tilfredsstillar EURO 6-standard har lågare NOx-utslepp enn tidlegare motortypar.

Alle dagens anbod for kollektivtransport går ut i løpet av planperioden til Regional transportplan. Utover anbod på enkeltvise ferjeruter er det tre anbod for buss i fylket, samt anbod for høvesvis lokalbåtar og hurtigbåt med rute til Bergen.



Anbud	Utan opsjon	Med opsjon
Buss Nordfjord	2022	2024
Buss Sunnfjord	2024	2026
Buss Sogn	2025	2027
Lokalbåtar	2020	2022
Hurtigbåt med rute til Bergen	(opsjon utløyst)	2022

Tabell 15

Oversikt over siste kontraktsår under gjeldande avtalar for buss og båt i Sogn og Fjordane.

Ferjekontraktane går i hovudsak til 2025 med 1+1 års opsjon. Daløy-Haldorsneset går til 2023 med 1+1 års opsjon. Hisarøy-Mjånes går til 2023 med inntil fem års opsjon.

Regional transportplan 2018-2027 skisserer ei mogleg nedtrapping av utsleppa til tilnærma nullutslepp frå kollektivtrafikken innan 2050. Her er det tenkt ein gradvis klimagass-reduksjon i takt med ordinære fylkeskommunale innkjøp av kollektivtenester.




Diagram 10

# INTERNASJONALT ARBEID

Sogn og Fjordane fylkeskommune deltek i

- Nordsjøkommisjonen (inkludert paraplyorganisasjonen CPMR)
- Nordisk Atlanterhavssamarbeid (NORA)
- fjellregionsamarbeidet Euromontana

## Nordsjøkommisjonen

Fylkeskommunen deltek med fylkesvaraordførar og administrativ tilsett i faggruppa Marine Resources Group. Åshild Kjelsnes var nestleiar i gruppa i 2018 og vil fungere vidare som leiar i gruppa fram til generalforsamlinga i juni 2019. Kjelsnes er vara til den norske representasjonen i Executive Committee i North Sea Commission (hovudorganisasjonen) og møter jamleg her som deltakar eller observatør. Tema for arbeidet i gruppa er mellom anna påverknadsarbeid og kompetanseoverføring innan kystzoneplanlegging, plastforsøpling i havet, rekruttering til marine næringar og fiskeripolitikk. Det er opp til medlemmane i gruppa å sette tema på dagsorden.

## NORA (Nordisk Atlanterhavssamarbeid)

NORA er ein mellomstatleg organisasjon under det regionalpolitiske samarbeidsprogrammet til Nordisk Ministerråd. Organisasjonen skal bidra til vekst i regionen, mellom anna ved å styrke samarbeidet mellom bedrifter og forskings- og utviklingsorganisasjonar på tvers av landegrensene.

Island, Færøyane, Grønland og Kyst-Norge (Vestlandsrådet og Nord-Norge) er med i NORA-regionen. Organisasjonen vert styrt av ein komité med tre representantar frå kvart land. Marin fagkoordinator i fylkeskommunen representerer Vestlandsrådet i komiteen. I tillegg har Nordland fylkeskommune og Kommunal- og moderniseringsdepartementet kvar sin representant.

Vestlandsrådet har vore den nasjonale representanten i arbeidsutvalet (AU) i NORA i 2018. AU hadde i desember møte med generalsekretær i Nordisk Ministerråd, der mellom anna vidare arbeid i NORA vart diskutert. Grønland leia komiteen i 2018, og i 2019 overtek Island.

Fylkeskommunen tok i 2018 initiativ til, og leiar prosjektet Nord Atlantisk Hydrogenlæringsnettverk. Det er eit samarbeidsprosjekt mellom deltakarar frå Sogn og Fjordane, Orknøyane, Shetland, Færøyane, Island og Canada. Prosjektet varer i 2018 og 2019 og har finansiering frå NORA. Dette er måla med prosjektet:

- levere innspel til hydrogenstrategi for perifere lokalsamfunn i nordområda
- lage ei verktøykasse for planlegging av lokale hydrogenprosjekt
- samle dei beste forretningsmodellane i hydrogenverdikjedene i desse samfunna

## Euromontana

Vi var ikkje aktive i dette samarbeidet i 2018, men er framleis medlem.

## Andre internasjonale engasjement

Fylkeskommunen er også med i Vest-Noregs Brusselkontor og leiar eit Interreg Europe-prosjekt (P-IRIS). Vidare har Sogn og Fjordane-partnerskapen fremja eit Horisont 2020-prosjekt med tema energikonominisering i 2018.



Den spanske dansegruppa Compañía D'Click besøkte alle dei vidaregåande skulene i fylket med danseførestillinga ISLA i 2018.  
Foto: de Pilo Gallizo

EU-regionane har laga verdiskapingsplanane sine som «smart spesialiseringstrategiar»<sup>1</sup>. Smart spesialisering i Europa handlar om å knyte saman regionar med felles prioriteringar, for å sjå korleis dei kan utfylle kvarandre i utviklinga av konkurransedyktige, internasjonale verdikjeder. Sogn og Fjordane har prøvd dette innan maritim fornybar energi. Vi deltek i Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) sitt arbeid med å overføre europeiske røynsler innan «smart spesialisering» til norsk plantradisjon. KMD lanserte i september 2018 ein rettleiar som knytter norsk og europeisk praksis saman. Europeiske analysemetodar er utvikla for å identifisere betre kva kunnskapsgrunnlag vi har som kan gje grunnlag for fornying av næringslivet.

### Kultur og opplæring

Fylkeskommunen er også med i EU-prosjektet SPARSE – Supporting & Promoting Arts in Rural Settlements of Europe. I samband med prosjektet turnerte danse- og akrobatikkensemblet Compañía D'Click frå Spania med framsyninga ISLA for alle elevane i den vidaregåande skulen i fylket hausten 2018.

Fylkesdirektøren for opplæring koordinerer eit stort mobilitetsprosjekt finansiert av ERASMUS+, der aktivitetane er retta mot fagopplæringa. Om lag 65 personar frå opplæringskontor og skular var på opphald i utlandet i samband med prosjektet i 2018. Aktivitetane var utplassering i bedrift, hospitering og planleggingsbesøk.

### Skulane og opplæringskontora:

- Fire skular har Nord-Sør-samarbeid (Malawi, Zambia, Uganda og Sør Afrika). Prosjekta vert i stor grad styrte av elevgrupper eller ungdomsbedrifter og eigen koordinator på skulen. Dei får noko økonomisk støtte til vidareutvikling av prosjekta, som ikkje vert støtta av eksterne finansieringskjelder. Flora vidaregåande skule var mest aktiv i 2018.
- Fleire skular vurderer no samarbeid med NOREC (tidlegare Fredskorpset).
- Fleire skular og opplæringskontor samarbeider med bedrifter og skular i Europa. Mange av prosjekta er styrte av partnarar i utlandet. Tal deltakarar varierer årleg. Prosjekta vert stort sett finansierte gjennom ERASMUS+, NORDPLUS, TROLL og Gjør Det.
- Alle skulane arrangerer Operasjon Dagsverk eller Internasjonal dag/ Solidaritetsdag. Det er i hovudsak elevstyrte aktivitetar med støtte frå lærar.

<sup>1</sup><https://www.regjeringen.no/contentassets/2a885633c4d1416282d5b17662d99006/lansering-veileder.pdf>

# RESULTAT OG AKTIVITETAR



Bretur til Snønipa for elevar  
ved Firda vidaregåande skule.  
Foto: Hans Græsli

# NÆRING OG KULTUR

Nærings- og kulturavdelinga dekkjer eit breitt spekter av oppgåver innan næringsutvikling, marin forvaltning, vassforvaltning, kultur, folkehelse og friluftsliv. I tillegg til oppfølging av vedtekne satsingar, har året vore prega av førebuingar fram mot fylkessamanslåing.

## NÆRINGSOMRÅDET

Næringssatsinga til fylkeskommunen skal legge til rette for at bedriftene våre utviklar seg, at ny næring og nye bedrifter oppstår. Slik skal vi vere med og leggje grunnlaget for arbeidsplassar og folkesetnad. Vi samarbeider med Innovasjon Norge og andre om å skape eit oversiktleg og godt apparat for å hjelpe både bedrifter og etablerarar.

Regional plan for verdiskaping gjev føringar for arbeidet på næringsområdet. Nyskaping og kunnskap er gjennomgåande tema i verdiskapingsplanen. Planen omhandlar også sjømatnæringar, reiseliv og energi (både fornybar energi og olje/gass), i tillegg til industri og landbruk. Vi rullerte planen i 2018 og gjorde justeringar for perioden 2018-2021. Framover skal vi legge endå større vekt på bransjesamarbeid og grønn omstilling.

Vi såg resultat av mange spennande og gode utviklingsprosjekt i 2018, blant anna avslutta vi prosjektet Hydrogen Region Sogn og Fjordane. Gjennom omfattande formidlingsarbeid har Sogn og Fjordane teke ein tydeleg posisjon i hydrogensamheng. Prosjektet har bidrege til fleire større utviklingsprosjekt.

Det var svært gledeleg at Maritim Forening oppnådde Arena-status med initiativet Ocean Hyway Cluster i det nasjonale klyngeprogrammet. Målet med satsinga er å sikre at Noreg blir leiande i verda på bruk hydrogen som energiberar.

Fylkestinget sette i desember 2018 av 15 mill. kr til Måløy Marine ressurscenter og ei ramme på 15 mill. kr til Førde Campus Verftet. SITEP i Årdal fekk til saman 7,5 mill. kr til å utvikle eit teknologisenter/øvingsfabrikk som node av Norsk Katapult på Raufoss.

På næringsområdet er det lagt ned eit omfattande arbeid for å bu seg på å bli del av eit nytt fylke frå 2020. Samfunnet endrar seg snøgt, og drivkrefter for endring og nytt fylke har stått på dagsorden når vi har samla kommunar og næringssselskap for å bu oss.

## KULTUROMRÅDET

Innsatsen i 2018 var prega av arbeidet med regional plan for kultur. Planen Kultur for alle - regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027 vart vedteken i fylkestinget i oktober. Fylkestinget vedtok så handlingsprogram for 2019-2022. Vi mobiliserte store delar av kulturlivet i fylket i planarbeidet og har staka ut kursen vidare inn i Vestland fylkeskommune.

Fylkeskommunen har følgd prosessen med å konkretisere ideen om eit Nynorskhus i Førde aktivt. Mediebedrifter og regionteateret vert dei viktigaste aktørane til å skape innhald i huset. Nynorsk som kulturpolitisk satsing er viktig i Sogn og Fjordane, og forumet Nynorskfylket sto for planlegging og gjennomføring av konferansen *Treng vi*

*norsk* 1. november. Konferansen samla mange deltakarar frå store delar av landet.

Vi avslutta prosjektet *Lesarhistoria - ny veg til lesaren* i 2018. Med bakgrunn i prosjektet arrangerte fylkesbiblioteket saman med Nasjonalbiblioteket ein nasjonal konferanse om samarbeid mellom folkebibliotek, skular og barnehagar hausten 2018.

Fylkeskommunen har vore sentral i arbeidet med å utvikle og gjennomføre prosjektet *Kystpilegrimsleia*. Leia har fått status som Nasjonal pilegrimsveg og Europeisk Kulturveg. Det vart i 2018 markert med fylkesvise arrangement på utvalde stadar. Fylkesordføraren sto for den offisielle opninga i Sogn og Fjordane på Kinn i samband med Kinnspelet den 16. juni. Det er no eit godt grunnlag for auka besøk til dei historiske stadane langs kysten.

Samanslåinga med Hordaland har prega arbeidet i 2018. Vi har kartlagt kulturfeltet i dei to fylkeskommunane og arbeidd med forslag til organisering av den nye kulturavdelinga, som skal leiast frå Sogn og Fjordane.

På kulturarvfeltet har vi vore aktivt med i drøftingar om overføring av oppgåver frå Riksantikvaren til fylkeskommunen. Oppgåvene kjem 01.01.2020, og vi har lagt eit godt grunnlag for overføringane gjennom samarbeidet som har vore.

Kulturmeldinga kom i november og skulle skissere nye oppgåver elles på kulturfeltet. Men slik meldinga er utforma, er det førebels ingen nye oppgåver til fylkeskommunane på dette feltet. Prosessen vidare med handsaming i Stortinget og oppfølging med nye meldingar, vil avklare om det faktisk kjem nye oppgåver eller ikkje.

## ØKONOMI

Sektoren næring og kultur hadde eit revidert budsjett på 153,400 mill. kr i 2018. Midlane vart fordelte slik:

	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016
Bedriftsretta satsingar	27 600	27 600	36 020	31 000
Kommunikasjonsteknologi	3 000	3 000	8 277	1 143
Bransjeretta satsingar	9 475	9 465	9 384	9 818
Nyskaping	24 250	24 304	21 391	20 923
Kunnskap	2 818	2 818	4 593	5 825
Andre næringsområde	1 938	1 909	12 622	2 484
Tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet - Administrasjon	11 018	10 973	10 241	10 351
Klima	-	-	-	6
Friluft, natur og kulturforvaltning	1 488	1 487	1 175	800
Friluftsliv, vassregion etc. Administrasjon	962	962	919	1 791
Bibliotek	5 958	5 958	5 934	6 041
Kulturminnevern	13 254	13 307	12 609	14 791
Museum	16 225	16 225	15 469	17 454
Kunstformidling	10 285	10 672	9 500	9 702
Kunstproduksjon	11 639	12 162	11 952	11 605
Idrett	2 491	2 856	2 708	3 298
Andre kulturaktivitetar	10 026	9 702	9 108	11 467
Sum	152 426	153 400	171 902	158 499

I mill. kr.  
Tabell 16

Næringsbudsjettet består av regionale utviklingsmidlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet og eigne driftsmidlar. Sogn og Fjordane fekk også 17,240 mill. kr frå Nasjonal kommunikasjonsmyndighet til utbygging av breiband i fylket i 2018.

Fylkeskommunen fekk 1,120 mill. kr frå Landbruks- og matdepartementet til arbeid med rekruttering og kompetanseheving innan landbruket.

Frå Miljødirektoratet fekk vi 1,850 mill. kr til arbeidet med vassforvaltning og 1,860 mill. kr til friluftsføremål og lokale vilttiltak.

Kultursektoren forvalta i tillegg ca. 83 mill. kr i statlege tilskot til kulturaktivitet i fylket. Dei var fordelte slik:

- 12,5 mill. til kulturminnevern (freda bygg, verdsarv og fartøyvern)
- 9,7 mill. til kunstformidling (spelemidlar til Den kulturelle skulesekken, skulekonsertar)
- 59,5 mil. til fysisk aktivitet (spelemidlar)
- 1,7 mill. til kulturbygg (spelemidlar)

### REGIONAL PLAN FOR VERDISKAPING

Fylkestinget rullerte Regional plan for verdiskaping 2014–2025 (verdiskapingsplanen) i juni 2018.

Partnarskapsarenaen Næringsforum har vurdert kva Sogn og Fjordane har lukkast med dei siste åra og peikar på mellom anna

- breibandsatsinga
- effektivisering og modernisering i landbruket
- at forskingsmobilitet er blitt betre inkludert i regional utviklingsarbeid
- at vi er meir medvitne på kva sterke sider næringslivet i fylket har

Partnarskapen fungerer godt på leiarnivå, men gjennomføringa er i litt for stor grad lagt til fylkeskommunen.

Partnarskapen har fremja viktige politiske problemstillingar er fremja, som

- kompetansestrategiar for Sogn og Fjordane
- innspel til jordbruksforhandlingane
- cruisestrategi for Vestlandet
- samarbeid om akvakulturforvaltning

Vi vil framover leggje større vekt på samarbeid mellom ulike bransjar og grønn omstilling.

### NYSKAPING - EVNA TIL Å FANGE OPP GODE INITIATIV

#### Driftig.no

Nettsida Driftig.no er ein informasjonskanal for etablerarar og småbedrifter. Sida samlar tilbodet til dei som ønskjer å starte eller vidareutvikle småbedrifter i Sogn og Fjordane.

Driftig samarbeidde i 2018 med Framtidsfylket og næringsapparatet om å arrangere Gründertorg på karrieremessene i Bergen og Trondheim. Gründertorget skulle formidle moglegheitene for å starte eiga verksemd i Sogn og Fjordane.

#### Etablereropplæring

Fylkeskommunen arrangerer grunnleggande etablerarkurs og temakurs for folk som ønskjer å starte eiga bedrift, fleire stadar i Sogn og Fjordane. Kursa går utanom vanleg arbeidstid og blir leia av ein innleigd konsulent. Kursa er utvikla saman med Innovasjon Norge og i samråd med kommunar, næringssekskap og Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane.

Totalt 40 personar deltok på etablerarkursa i Sunnfjord, Nordfjord og Sogn i 2018. Tal deltakarar er på line med tidlegare år. Fylkeskommunen gjennomførte elleve temakurs, der vi valde tema etter ønske frå næringslivet. Dei mest populære kursa trakk opp mot 50 deltakarar i Sunnfjord, Nordfjord, Sogn og HAFS. Det er ein auke frå tidlegare år.



Nokre av deltakarane på gründertorget på karrieremessa Framtidsfylket hadde i Bergen i 2018. Ingvild Andersen i fylkeskommunen lengst til høgre. Foto: Stig Hovlandsdal Øvreås



### Kurs og samlingar

Næringsmedarbeidarar i kommunar og næringssselskap treng ulike kurs og samlingar for å vere gode rettleiarar for etablerarar og lokalt næringsliv. Dei må vere trygge på rolledelinga i verkemiddelapparatet og på regelverk og rutinar i samband med forvaltning av offentlege midlar.

Vi arrangerte fleire kurs og samlingar for næringsmedarbeidarar i 2018, mellom anna

- studietur til Bergen
- kurs i offentlege anskaffingar
- innføring i rutinar, system og tilbodet til etablerarar

Vi arrangerte også ei nettverkssamling for næringsmedarbeidarar. Der var den raude tråden å setje seg i stand til å møte eit samfunn i endring, og korleis vi kan få til god kunnskapsdeling mellom fagmiljø i det nye fylket.

Vi ønskjer å tilby kurs som støttar bedrifter i den digitale omstillinga, og som møter utfordringane deira. Vi undersøker difor behovet før vi tilbyr kurs og har fått gode tilbakemeldingar på kurs og samlingar for næringsmedarbeidarar. På samlingane har vi hatt søkjelys på regionreforma, og kva det vil bety for Sogn og Fjordane for å førebu aktørane på framtida.

### Kommunale næringsfond

Fylkeskommunen tildeler midlar til dei kommunale næringsfonda i fylket. Midlane skal hjelpe kommunane å vere gode støttespelarar for etablerarar og næringsliv i kommunane. I 2018 løyvde fylkeskommunen 9,510 mill. kr til kommunale næringsfond.

### Ungt Entreprenørskap

Fylkeskommunen og partnerane er opptekne av at barn og unge skal få god entreprenørskapsopplæring i barnehage, skule og høgare utdanning. Ungt Entreprenørskap (UE) er ansvarleg for det operative arbeidet, og fylkeskommunen har samarbeidsavtale med UE som sikrar kontinuerleg innsats.

### Innovasjonsnettverk

Det viktigaste resultatet i 2018 var at Maritim Foreining oppnådde Arena-status i det nasjonale klyngeprogrammet med initiativet Ocean Hyway Cluster (hydrogenklynge). Hovudintrykket frå 2018 er at Sogn og Fjordane har svært mange lovande innovasjonsnettverk, noko som er resultat av langvarig arbeid. I tillegg til etablerte miljø, har desse fått spesiell merksemd i 2018:

- Måløy Marine Ressurssenter
- Fjordane Virtuelle Campus, med initiativtakarar på Nordfjordeid
- Materialteknologi-initiativ i Gloppen
- Tech Yard i Førde
- Akva-hub i Hyllestad
- SITEP i Årdal

Det fylkeskommunale arbeidet med å utvikle innovasjonsnettverk er hovudsakleg i regi av Inteterreg Europe prosjektet P-IRIS. P-IRIS er eit internasjonalt samarbeidsprosjekt leia av fylkeskommunen i Sogn og Fjordane med partnerar i Slovenia, Kroatia, Italia, Spania og Finland. Målet til prosjektet er å profesjonalisere nettverksarbeid i distrikta. I 2018 har prosjektet reist på studietur til Finland og Slovenia. I Finland var tema IKT som verktøy for å lette utfordringar med avstand, medan vi i Slovenia såg nærare på aksjonsplanane prosjektdeltakarane skal lage i løpet av våren 2019.

### Samarbeid om innovasjon

Inkubatorsatsingane til Aksello og Kunnskapsparken Sogn og Fjordane er ein del av det nasjonale inkubatorprogrammet til Siva og blir støtta av fylkeskommunen.

Fylkeskommunen undertekna i 2018 ein samarbeidsavtale med Innovasjon Norge, Siva og Noregs Forskingsråd. Målet er mellom anna å styrkje samarbeidet mellom aktørane, og styrkje klyngjesamarbeid og kompetansemiljø i fylket.

#### Arbeidet med kompetansestrategiar

Stortingsproposisjon 84 S (2017) definerer kompetanse som eitt av områda der fylkeskommunane har fått eit utvida samfunnsoppdrag. Målet er å styrkje den strategiske rolla til regionalt folkevalt nivå i utviklinga av den regionale kompetansepolitikken. I følgje vurderingane til NAV vil Sogn og Fjordane ha store utfordringar når det gjeld å skaffe nok kvalifisert arbeidskraft i åra framover. Vi har definert fire innsatsområde som grunnlag for arbeidet:

- verdiskaping
- kompetansebehov
- utdanningsstrategiar
- bustadattraktivitet/generelle rekrutteringsstrategiar

#### Campus Førde Verftet

Dei teknisk retta høgskuleutdanningane er hovudsakleg knytte til ingeniørutdanningane til Høgskulen på Vestlandet ved Campus Førde. *Teknologicampusprosjektet* er eit viktig utviklingsprosjekt for å identifisere moglege synergiar mellom høgskulen, fagskulen og dei vidaregåande skulane, fortrinnsvis innan tekniske utdanningar. Utdanningane har potensial for vidare samarbeid både innan kompetanseutvikling, investeringar og effektivisering av areal.

## KUNNSKAP, FORSKING OG UTVIKLING

### VRI4 Sogn og Fjordane

Vi vil oppnå auka berekraftig verdiskaping i bedrifter og fleire arbeidsplassar i fylket ved å mobilisere til meir forskingsbasert innovasjon. Det skal i neste omgang føre til fleire innbyggjarar, som er det overordna politiske målet. Satsinga er finansiert av Forskingsrådet sitt program FORREGION.

I VRI4 prioriterer vi informasjon, rådgjeving, hjelp og økonomisk støtte til vekstbedrifter med FoU-potensial i Sogn og Fjordane, innanfor fylgjande bransjar/næringar og tema:

- fornybar energi
- landbruk
- reiseliv
- sjømatnæringar
- kunnskapsnæringar - indirekte som prosessleiarar i FoU-startpakken

Alle bedrifter som er med i ei verdikjede innanfor prioriterte bransjar/næringar og tema, er omfatta av ordninga. Verdikjeda går frå leverandørar, via produsentar, foredling, distribusjon, detalj og til sluttmarknad. Målgruppa vart i 2018 utvida til også å gjelde eksterne teknologileverandørar, som kan utvikle innovative løysingar for verdikjedebedriftene ved hjelp av FoU. Det blei òg laga nye og meir presise retningslinjer for målgruppene for verkemidlane.

VRI4 har mobilisert til forskning i Sogn og Fjordane ved å delta på fellesmøte med bedrifter og organisasjonar, og i møte med einskildbedrifter. Det har også vore ein del møte med andre verkemiddelorganisasjonar, for å samordne og utvikle mobiliseringa. VRI4 har hatt som intensjon å mobilisere til eigne verkemiddel, RFF Vestlandet, Forskingsrådet og Horisont 2020. Det har vore 36 deltakarar på nettverksmøta. Kompetansemeklarane har hjelpt tolv bedrifter fram til prosjektsøknadar. Høgskulen (HVL) har støtta ni prosjekt med VRI4-midlar, inkludert fire bacheloroppgåver.

VR14 har gitt støtte til åtte prosjekt i FoU-startpakken og fem FoU-prosjekt (forprosjekt) i 2018.

### Regionalt forskingsfond

Regionalt forskingsfond Vestlandet lyste ut støtte til hovudprosjekt i februar 2018. Prioriterte tema var

- innovasjon basert på teknologi og kompetanse innan hav- og energinæringane
- innovasjon innan berekraftig matproduksjon og bioøkonomi
- regionale offentlege prosjekt - innovasjon i kommunal sektor

Samla var det seks søknadar om støtte til forprosjekt. To av desse fekk støtte. Det var fem søknadar om støtte til hovudprosjekt, men her fekk ingen støtte.

Søknadar som ikkje får støtte, har for dårleg total kvalitet. I Sogn og Fjordane har vi prioritert hjelp til søknadar som ikkje har fått støtte. Dette er eit arbeid som må halde fram, saman med mobilisering til fleire søknadar.

Søknadstypar	Tal søknadar		Tal tilsegner	
	Mål	2018	Mål	2018
RFFV forprosjekt - bedrift	15	4	15	2
RFFV forprosjekt - offentlig	10	2	10	0
RFFV hovudprosjekt - bedrift	10	3	5	0
RFFV hovudprosjekt - offentlig	10	2	5	0

Tabell 17

### OMSTILLING

Lærdal kommune var den einaste kommunen med formell omstillingsstatus i 2018 og fekk 2,8 mill. kr frå fylkeskommunen.

Omstillingsprogrammet der har to satsingar:

- Vekst i Lærdal
- Attraktive Lærdal

2018 var det siste omstillingsåret for Lærdal. Ein viktig suksessfaktor er at omstillingsstyret maktar å realisere planane knytt til Håbakken.

### REISELIV

Verdiskapingsplanen definerer overordna og langsiktige effektmål for reiselivs-satsinga i fylket. Dei tre overordna måla er

- auke verdiskapinga
- auke tal gjestedøgn
- få eit meir berekraftig reiseliv



Foto: Frode Hovland

Det operative arbeidet i planen er fordelt mellom fylkeskommunen, landbruksavdelinga til Fylkesmannen og Innovasjon Norge Vestland. Samarbeidet fungerer godt.

Fylkestinget vedtok i samband med rullering av verdiskapingsplanen å legge ned programstyret for berekraft. Ansvar for oppfølging av berekraft vart lagt til programstyret for infrastruktur og aktørprogrammet. Landbruksavdelinga til Fylkesmannen har fått i oppdrag frå fylkeskommunen å etablere eit programstyre for lokalmat og reiseliv. Programmet skal leiast av landbruksavdelinga og må utarbeidast i dialog med Innovasjon Norge, som også har satsingar på dette området.

Fylkeskommunen løyvde 6,56 mill. kr til reiseliv i 2018. Løyvingane gjekk til

- Fjord Norge AS
- NCE Tourism Fjord Norway
- destinasjonsselskapa
- infrastrukturprosjekt

Midlane til prosjekt innan infrastrukturutvikling vart lyste ut, og ni prosjekt fekk tilskot. Blant anna fekk Briksdalsbre Fjellstove AS tilskot til tilrettelegging av sti på sørsida av Briksdalen for å spreie trafikk og hindre slitasje. Det styrkar satsinga på vandring, noko som er i tråd med reiselivssatsinga i verdiskapingsplanen.

Dei fire fylkeskommunane på Vestlandet utarbeidde eit framlegg til handlingsplan for cruise, som ei oppfølging av cruisestrategien for Vestlandet. Vestlandsrådet vedtok handlingsplanen i juni 2018, og arbeidsgruppa er i gang med iverksetjinga saman med ein innleigd konsulent.

### **SJØMATNÆRINGANE**

Botnkarta for kommunane Selje, Vågsøy, Bremanger og Flora vart ferdige i mars 2018, og kommunane og næringslivet har teke dei i bruk. Kart over botnsediment og temakart er lagt ut på [www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no). Fylkeskommunen starta hausten 2017 eit multikriterieanalyse-prosjekt for heile fylket, der målet er å syne eigna område for akvakultur. Dette arbeidet held fram.

Fylkestinget har sett av 15 mill. kr til Måløy Marine Ressurssenter, og vi følgjer opp arbeidet vidare.

Fondet MAREKO (Marint rekrutterings- og kompetansehevingsfond) lyste ut midlar for første gong i 2018. Fondet er etablert på grunnlag av leigeinntekter frå undervisningskonsesjonen for laks og aure ved Måløy vidaregåande skule.

Vi tilsette i 2018 ein medarbeidar i eit treårig engasjement for å styrke arbeidet med å utvikle eit meir attraktivt undervisningsopplegg for akvakultur ved Måløy vidaregåande skule. Tverrfaglege arbeidsgrupper har vitja fleire vidaregåande skuler og lært om studietilbod og fasilitetar hjå desse. Prosjektet blei finansiert frå MAREKO-fondet.

Marint verdiskapingsfond Sogn og Fjordane skal bidra til ei meir berekraftig akvakulturnæring i fylket og er basert på midlar frå konsesjonstildelinga i 2007. Det kom inn berre ein søknad i 2018, og det vart løyvd 400 000 kr til delfinansiering av eit forprosjekt på lukka anlegg i sjø.

### **Vestlandsamarbeidet - Marin sektor (VestMarin)**

Samarbeidet innan marin næringsutvikling mellom Rogaland, Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane starta i 2007 og er delvis knytt opp til strukturen i Vestlandsrådet. Hovudmålet er å bidra til å oppretthalde og styrke posisjonen Vestlandet har som leiande region innan marin sektor. Vi har mellom anna



Oppdrettsanlegget Langeråa  
Foto: Nils Tore Karstensen

- starta planlegginga av ein vestlandsstand (utan Møre og Romsdal) for det marine næringslivet under Aqua Nor-messa i Trondheim i august 2019
- bidrege til gjennomføring av Sats Marint konferansen i Bergen
- følgd opp tidlegare kartleggingsprosjekt innan kompetansebehov og utdanningstilbod for marin leverandørindustri til Vestlandsrådet
- finansierte prosjektet Kompetanseløft vidaregåande- og fagskole på Vestlandet innan ny og miljøvenleg teknologi, akvakultur med midlar frå fleire av fylkeskommunane og restmidlar i VestMarin.

#### Miljøseminar for oppdrettsnæringa

Sogn og Fjordane fylkeskommune arrangerte det årlege miljøseminaret for oppdrettsnæringa for sjuande gong. Seminaret er eit samarbeid med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Fiskeridirektoratet region Vest, Mattilsynet og Sjømat Norge. Hovudtema var knytt til overvaking av miljø, ny oppdrettsteknologi og forskning og utvikling i næringa. Vi fekk også eit engasjerande foredrag knytt til plastureininga i havet. Over 100 personar frå næring, forvaltning og forskning deltok.

#### Akvakulturforvaltning

Vi fekk inn 34 søknadar innan akvakultur i 2018, om lag like mange som førre år. Søknadane gjeld i hovudsak laks og regnbogeaure i sjø, men også innan landbasert oppdrett har vi fått fleire nye søknader baserte på resirkulering av vatn. Det har vidare vore ein stor auke i tal søknadar om dyrking av makroalgar. Det ligg no føre ei ny forskrift med forslag om at fylkeskommunen skal få større ansvar for tildeling av løyve innan akvakultur.

Vi har også i 2018 gjeve hjelp til Telemark fylkeskommune (tre saker) innan akvakulturforvaltning.

### LANDBRUK

Landbruk blei del av verdiskapingsplanen i 2016, og Fylkesmannen har ansvar for å følgje opp temaområdet.

Fylkeskommunen fordeler tilskot til prosjekt og kurs som rettar seg mot kompetanseheving og rekruttering i landbruket. I 2018 fordelte vi 1,120 mill. kr til slike føremål. Vidare er fylkeskommunen høyringsinstans for nasjonale prosessar og løftar fram dei viktigaste produksjonane i fylket i fråsegna til jordbruksoppgjæret.

### BREIBAND

Målet i breibandstrategien for Sogn og Fjordane er at alle i fylket skal ha tilgang til eller ha prosjekt for å etablere andre generasjon breiband innan 2020. Vi er avhengige av av statleg støtte for å realisere strategien.

Regjeringa har etablert ei tilskotsordning for breiband. Ordninga skal sikre eit tilstrekkeleg godt breibandtilbod til område der det ikkje løner seg å byggje ut på kommersielle vilkår. Kommunane i Sogn og Fjordane har i perioden 2014-2018 fått over 129 mill. kr frå staten gjennom denne ordninga.

Ordninga med statleg støtte til breiband vart lagt om i 2018. Frå å vere ein open konkurranse mellom prosjektsøknadar frå heile landet, vart det frå 2018 lagt om til ei fordeling i form av fylkeskommunale rammer.

Det var sett av 149,7 mill. kr til breibandordninga i statsbudsjettet for 2018. Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk vel 17,24 mill. kr (11,5 prosent) av løyvinga, basert på ein fordelingsnøkkel ut frå dagens dekning i fylka. I tillegg løyvde Sogn og Fjordane

fylkeskommune nesten 6,73, mill. kr til breibandprosjekt i 2018. Det kom inn søknadar frå elleve kommunar, og ni av desse fekk tilskot til nye breibandprosjekt for 1717 husstandar.

#### Tilrettelegging for auka olje- og gassverksemd

Fjord Base har ein sentral plass i petroleumsnæringa i Sogn og Fjordane. Equinor er den største kunden på basen. Selskapet er mellom anna operatør for Snorrefeltet. Planen for utbygging og drift av Snorre Expansion Project, som inneber investeringar på nær 20 mrd. kr, vart godkjende av Olje- og energidepartementet i juli 2018. Neptune (tidlegare GdF Suez/Engie) driv logistikk- og støttefunksjonar til Gjøafeltet. Også der er ny utbygging under planlegging. Norske Shell (som har kjøpt BG) er operatør for Knarrfeltet og har base- og driftsavdeling for feltet på Fjord Base.

Petroleumsverksemda er viktig også i Gulen kommune. Det er omfattande aktivitet og arealutvikling i både Sløvåg og Skipavika, der riggar for tida ligg tett i opplag medan dei ventar på nye oppdrag.

Maritim Forening Sogn og Fjordane har i verdiskapingsplanen hatt hovudansvar for å utvikle leverandørverksemdene. Arbeidet har vore organisert gjennom utviklingsprogrammet *Supply Chain Network Sogn og Fjordane* med mål om å doble den petroleumsrelaterte omsetnaden i løpet av ein femårsperiode (frå 2013). Nokre år med laber marknad har gjort det vanskeleg å innfri dette målet. På den positive sida ser vi at verksemdene nyttiggjer kompetanse og ressursar i andre bransjar.

Sogn og Fjordane fylkeskommune stod saman med Hordaland fylkeskommune i spissen for ein felles regional paviljong på offshoremessa ONS i Stavanger i august. Om lag 20 utstillarar deltok under denne fellesparaplyen.

#### ARBEID MED VASSFORVALTNING

Aktivitetar i 2018 kan delast i to:

1. Oppfølging av Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021
  - a. Gjennomføring av tiltak er rapportert til ESA, status per 2018
2. Førebuing av oppdatering av planen for 2022-2027
  - a. Førebuing av planprogram
  - b. Førebuing av dokument om hovudutfordringar i vassregionen og vassområda

Vassområda Nordfjord, Sunnfjord, Ytre Sogn og Indre Sogn har lagt vekt på oppfølging av tiltaksprogrammet for den regionale planen i 2018. Mange av tiltaka for kommunane er problemkartlegging med mål om å få på plass eit betre kunnskapsgrunnlag. Prosjektleiarane for vassområda har koordinert innsatsen og lagt til rette for arbeidet til kommunane. Alle vassområdeutvala har gjennomført to møte i 2018.

Sogn og Fjordane vassregion vart i 2018 føreslege slått saman med Hordaland vassregionutval til ny vassregion Vestland frå 2020. Oppdatering av vassforvaltningsplanen for 2022-2027 vil vere for vassregion Vestland.

Fylkeskommunen fekk i 2018 overført 1,85 mill. kr frå Miljødirektoratet til planarbeidet og gjekk inn med 0,3 mill. kr sjølv. Store delar av midlane er fordelte vidare til arbeidet i vassområda.

Klima- og miljødepartementet og Olje- og energidepartementet sende forslag til endringar i vassforskrifta og naturmangfaldslova ut på høyring hausten 2017. Ny vassforskrift vart gjort gjeldande frå 1. januar 2019. Organisasjonsmodellen for vass-



Årøyvassdraget Langedalen Sogn og Fjordane vassregion  
Foto: Merete Farstad

forvaltning vart ikkje endra. Det betyr at vassforvaltningsplanen framleis skal vere ein regional plan etter plan- og bygningslova, og fylkeskommunen er framleis vassregionstyresmakt

### BEDRIFTSRETTA STØTTE GJENNOM INNOVASJON NORGE

Fylkeskommunen nyttar Innovasjon Norge som operatør for dei bedriftsretta verke- midla. Innovasjon Norge hadde desse hovudmåla i 2018:

- fleire gode gründerar
- fleire vekstkraftige bedrifter
- fleire innovative næringsmiljø

Det følgande er eit utdrag frå Innovasjon Norge si rapportering til fylkeskommunen for 2018.

#### Fleire gode gründerar

Innovasjon Norge (IN) Sogn og Fjordane gjennomførte seminaret *Frå idé til marknad* fem gonger i 2018 - i kommunane Førde, Flora, Stryn, Måløy og Sogndal. Totalt deltok om lag 80 personar (dei fleste gründerar) på arrangementa, noko som er ei dobling frå i fjor. Seminaret er Innovasjon Norge sitt tilbod til tidleg-fase-gründerar.

IN løyvde til saman 7,3 mill. kr i etablerartilskot i 2018, noko mindre enn i 2017.

#### Fleire vekstkraftige bedrifter

IN prioriterer bedrifter med evne og vilje til vekst, spesielt bedrifter med internasjonal vekstambisjonar. Vi gjennomførte også i 2018 ein internasjonaliseringsdag, der målgruppa var bedrifter som jobbar internasjonalt, eller som har ambisjonar om å satse internasjonalt. IN arrangerte også ein kapitaldag for denne målgruppa i 2018. IN har i 2018 starta eit nytt FRAM-program, for å effektivisere heile verdikjeda/prosessar i byggenæringa.

KIFT (kunnskapsintensiv forretningsmessig tenesteyting) er eit av satsingsområda i verdiskapingsplanen. IN prioriterer bedrifter innanfor kunnskapsintensive næringar og løyvde totalt 18,2 mill. kr i tilskot til denne sektoren i 2018. IN fokuserer i dag på seks moglegheitsområde:

- reiseliv
- energi/miljø
- havrommet
- helse og velferd
- bioøkonomi
- smarte samfunn

Vi finn KIFT-bedrifter innanfor mange av desse områda.

#### Fleire innovative næringsmiljø

Bedriftsnettverksverkemiddelet i Innovasjon Norge er viktig i arbeidet med å utvikle innovative næringsmiljø. Dette er ei ordning som skal bidra til etablering av strategiske og kommersielle samarbeid mellom bedrifter. Verkemiddelet er tradisjonelt mykje nytta i reiselivsbransjen, men der vart det ikkje sett i gang nye bedriftsnettverk i 2018.

Arbeidet med bedriftsnettverk og klyngeprogram nådde ein milepåle i 2018, då hydrogenprosjektet Ocean Hyway Cluster med base i Florø fekk Arena-klynge status.



UPU v/ Kamilla F. Rivedal, Lisa Horpen,  
Thor Albrektsen, Mari Dale Salbu,  
Andreas Ytredal Akse.  
Foto: Ungdomspolitisk utval

### Bransjeretta satsingar

Innovasjon Norge Vestland har i året som gjekk hatt god aktivitet i Sogn og Fjordane, både når det gjeld arrangement og finansiering. Reiseliv, energi og miljø, sjømatnæringa og kulturnæringane er nokon døme på bransjar der vi har hatt god aktivitet i 2018. Av spesielt positive trekk i 2018 vil vi trekke fram at bedrifter frå Sogn og Fjordane fekk 30 mill. kr i støtte frå Miljøteknologiordninga til Innovasjon Norge. Her skil prosjekta Havlandet RAS Pilot AS og Norsun AS seg ut med løyvingar på høvesvis 15 og 10 mill. kr.

## KULTUR FOR BARN OG UNGE

### UKM (Ung kultur møtest)

UKM-festivalen Sogn og Fjordane vart for andre gong arrangert i Høyanger. 230 ungdomar deltok på fylkesfestivalen, medan dei lokale mønstringane hadde totalt 776 deltakarar. Vi vidareførte satsinga på unge konferansierar, UKM Media og unge arrangørar, i tillegg til sceneframføringar, biscener, kunstutstilling og workshops. Fem sceneinnslag, fire utstillingsarbeid, ein ung arrangør, ein konferansier, fire deltakarar i UKM Media og ein ung ressurs representerte fylket på den nasjonale UKM-festivalen i Trondheim i juni.

### Ungdommens ressursgruppe

Ungdommens ressursgruppe er sett saman av ungdommar frå ulike delar av fylket. Dei skal tilføre UKM-nettverket auka kunnskap om kva ungdom mellom 13 og 20 år er opptekne av. Gruppa var med å planlegge og gjennomføre UKM-festivalen Sogn og Fjordane. Tiltaket fekk stimuleringsmidlar frå UKM Norge i 2018.

## FYLKESTING FOR UNGDOM (FFU) OG UNGDOMSPOLITISK UTVAL (UPU)

Vi gjennomførte fylkesting for ungdom 6.-8. april 2018. Der deltok 50 delegatar og ein observatør frå 16 kommunar, to organisasjonar og tre politiske parti. I tillegg deltok gjestar frå ungdommens fylkesutval Hordaland, ungdomspanelet i Møre og Romsdal, Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjonar og Sogn og Fjordane fylkeskommune. FFU vedtok 20 fråsegner som ungdomspolitisk utval skal arbeide etter fram til ungdomstinget i 2019.

Ungdomspolitisk utval og fylkeskommunen arrangerte i november den årlege samlinga for ungdomsråda i fylket. Hovudtema i år var opplæring av medlemmane i ungdomsråda. 36 ungdommar frå sytten kommunar deltok.

Vi arrangerte også ei fagsamling for kommunetilsette som jobbar med ungdoms-demokrati, UKM og Dans utan grenser i oktober 2018. Det var 25 deltakarar frå 18 kommunar på samlinga, som var oppfølging av ei fråsegn frå fylkesting for ungdom i 2016.

## DEN KULTURELLE SKULESEKKEN

Den kulturelle skulesekken (DKS) gjennomførte 42 turnear fordelte på kunstområda scenekunst, musikk, film, litteratur, kulturarv og visuell kunst i 2018. Alle elevane på 1.-7. steg fekk fire ulike tilbod, medan elevar på ungdomstrinnet fekk tre framsynningar. DKS gjennomførte seks turnear for dei vidaregåande skulane. Det var totalt 900 DKS-framsynningar på skulane i Sogn og Fjordane i 2018.

Tilboda vart gjennomførte i samarbeid med Kulturtanken og nasjonale aktørar på dei ulike kunstfeltene. Fleire av produksjonane var i samarbeid med kunstnarar og institusjonar innan film, litteratur, teater og musikk i Sogn og Fjordane. Våren 2018 vart festivalen SPETAKKEL arrangert for 1.-7.steg. 1140 elevar deltok på Westcon-skipsverft



i Flora og 2200 elevar i Førdehuset i Førde.

DKS arrangerte også ein fagdag for alle dei vidaregåande skulane med informasjon om DKS-tilbodet skuleåret 2017-18.

DKS, UKM og kulturskulerådet arrangerte i 2018 konferansen *Felles barn, felles ansvar*. Konferansen var ei nettverkssamling for UKM-kontaktar, Norsk kulturskuleråd i fylket og kulturkontaktane for DKS på skulane og i kommunane.

### DISTRIKTMUSIKARORDNINGA OG FYLKESMUSIKARORDNINGA

Distriktsmusikarordninga omfattar fire vertskommunar (Førde, Gloppen, Leikanger og Lærdal) og 20 profesjonelle musikarstillingar. Fem av desse er øyremerka folkemusikk, etter at fylkesmusikarordninga vart vedteken omorganisert.

Desse nytta distriktsmusikarane i 2018:

- Opera Nordfjord (tre prosjekt)
- Sogn og Fjordane symfoniorkester
- Førde kammerkor
- Sogn og Fjordane Teater
- Gloppen Musikkfest
- UKM-festivalen

I tillegg turnerte dei i skulekonsertordninga og Den kulturelle skulesekken. Distriktsmusikarane driv også omfattande opplæring i kulturskulane og i det frivillige musikklivet.

Omorganiseringa av fylkesmusikarordninga til distriktsmusikarstillingar med folkemusikk som arbeidsfelt er no fullført. Leikanger og Lærdal starta opp to stillingar hausten 2018, og Gloppen og Førde vedtok før årsskiftet oppretting av tre stillingar med oppstart hausten 2019. Fylkeskommunen gjev tilskot til utøvar-delen i stillingane.

Vi samarbeider elles med Bergen Filharmoniske Orkester om gjennomføring av konsertar gjennom samarbeidsavtalen med kommunane Førde, Gloppen, Florø og Sogndal.

### SAMHANDLING MED FRIVILLIG SEKTOR

Frivillig sektor er ein stor og viktig bergebjelke i kulturlivet i fylket vårt. Fylkeskommunen samhandlar med frivillig sektor på mange område, gjennom rettleiingsarbeid, utviklingsavtalar og tilskot til drift og aktivitet.

Fylkeskommunane har per i dag utviklingsavtalar med desse organisasjonane:

- Forum for natur og friluftsliv
- Sogn og Fjordane idrettskrins
- Sogn og Fjordane ungdomslag gjennom prosjektet «Huset i bygda»
- Gloppen musikkfest

Tilskotsordninga kulturmidlar vart endra i 2017, og vi har no to ordningar:

1. Tilskot til drift
2. Tilskot til prosjekt og tiltak



Sara Sandvik Arnestad var ein av ungdomane som representerte Sogn og Fjordane på den nasjonale UKM-festivalen i Trondheim i juni 2018.  
Foto: Steffen Heggen Starheim/UKM Media




Diagram 11




Diagram 12

Tilskot vart fordelt til følgjande føremål:

Prosjekt og tiltak som er nyskapande og som utviklar og utfyller kulturtilbodet i Sogn og Fjordane, vert prioriterte gjennom særlege midlar til utviklingstiltak. Midlar til utviklingstiltak vart i 2018 prioritert til fire utviklingsavtalar, utvikling av nye scene-produksjonar, kunst og litteraturtiltak.

### DIGITAL KULTURFORMIDLING

Det er viktig med digital formidling av kulturhistorisk innhald og andre kulturoppgåver fylkeskommunen er involvert i for å gjere kultur i fylket mest mogleg tilgjengeleg for folk flest. Vi kommuniserer via eigne kanalar, som heimesider og sosiale medium, men også via etablerte nasjonale og regionale nettressursar og tenester. Døme på dette er Wikipedia, Lokalhistoriewiki, Kulturminnesøk, Fylkesatlas, ut.no med meir.

Vi bidreg med digitalt skapt og digitalisert innhald, og vi jobbar for meir utstrakt bruk av fribrukslisensar på det digitale kulturfeltet. Vi jobbar også mykje med opplæring av, støtte til og rettleiing av eigne tilsette, andre som jobbar med kultur i fylket og frivillige. Tema som går igjen er opphavsrett og personvern, spesielt knytt til bruk av foto. Vi held også kurs for frivillige som ønskjer å bidra inn i ulike formidlingsprosjekt, som til dømes skulenmin.no. Dei digitale kanalane og verktøya har stort potensial for kontakt med publikum, medverknad og nettdugnad (også kalla crowdsourcing).

Eit viktig satsingsområde i 2018 var skulenmin.no, ein digital portal for skulehistorie i Sogn og Fjordane. Datakjeldene som ligg til grunn er dels våre eigne og dels nasjonale kulturdata. Her kan frivillige bidra med innhald.

### LEVEKÅR OG LIVSKVALITET - FOLKEHELSE

I 2018 har deltaking i delprosjekt om folkehelse i Vestland fylkeskommune og folkehelseoversikt og analyse for det nye fylket teke mest tid.

Prosjektgruppa for samarbeid om folkehelsedata og analyse starta formelt opp i 2017. Det er eit samarbeidsprosjektet mellom Høgskulen på Vestlandet (HVL), Helse Førde, Fylkesmannen og kommunane. Grunna samanslåinga til Vestland, er det oppretta ei ny prosjektgruppe med representantar frå Hordaland fylkeskommune og frå to kommunar i Hordaland. Intensjonen er samarbeid om innsamling, publisering og analyse av folkehelsedata.


I Sogn og Fjordane starta vi i 2018 opp eit læringsnettverk i regi av KS, Folkehelseplanlegging i kommunane. Nettverket hadde to samlingar i 2018, og det er gode tilbagemeldingar frå dei åtte kommunane som deltek.

Forum for Helse, omsorg og folkehelse (HOF) vart lagt ned i 2018. Årsaka var at andre organ tek seg av saker som har vore til drøfting i HOF.

I 2018 vart det blese liv i den interne folkehelsegruppa i fylkeskommunen. Eit sentralt tema har vore gjennomgang og evaluering av Handlingsprogram 2015-2018 i Regional plan for folkehelse (2015-2025).

Vi bestemte i 2018 at vi skal gjennomføre ei folkehelseundersøking i Sogn og Fjordane. Undersøkinga gjeld vaksne og er i regi av Folkehelseinstituttet. Ho følgjer same mal som undersøkinga som vart utført i Hordaland tidlegare i 2018.

Vi søkte i 2018 på nytt om å bli programfylke for barn og unges livskvalitet og psykiske helse. Søknaden vart ikkje innvilga.



Fylkeskommunen og fylkesarkivet arrangerte i 2018 fotokonkurransen #skulenmin. Hanne Stedje stakk av med sigeren, og vinnarbiletet er frå Tangen skule i Årdal.



Absence Crew på kulturfestivalen for funksjonshemma  
Foto: Marie Nicolaisen/Sogn og Fjordane fylkeskommune

Dans utan grenser er eit konsept med danseverkstadar med ung-til-ung-formidling. I 2018 vart dette tatt vidare til Hordaland, med etablering i Bergen.

Fylkeskommunen har vidareført den økonomiske støtta til SMISO (Senter mot incest og seksuelle overgrep). Senteret driv eit omfattande arbeid for å fremje god livskvalitet og tidleg intervensjon blant 6. klasseelevar i heile fylket. Prosjektet involverer helsesøster og lærarar. Vi gir også tilskot til ulike folkehelseiltak innan idrett og friluftsliv.

## KULTUR OG HELSE

Målet er å gjere kultur tilgjengeleg for alle, bruke kultur for å meistre kvardagen og sjå samanhengen mellom kulturaktivitet og (god) helse.

### Kultur og eldre

Gjennom løyvingar til Den kulturelle spaserstokken er det fordelt ca. 0,9 mill. kr til 22 kommunar til gode kunst- og kulturopplevingar for eldre. Vi rettleiar kommunar og har mellom anna gjennomført to konferansar med mål om å auke kompetanse og motivere til god profesjonell kunst- og kulturformidling til eldre. Samarbeid mellom kultur og omsorg er også viktig.

Prosjektet LEV VEL - kultur og eldre (2015–2020) i Flora kommune er ei tverrfagleg satsing for å betre innhald og kvardagar for eldre. Kultur, fritid og helse samarbeider tett for å gi eit heilskapleg og breitt tilbod til eldre. Prosjektet er eit samarbeid med Høgskulen på Vestlandet og Utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetenester.

### Polyfon

Fylkeskommunen deltek i POLYFON - ei kunnskapsklynge for musikkterapi. Denne skal informere, formidle og stimulere til kunnskaps-, kompetanse-, og tenesteutvikling.

Klynga er satt saman av tolv deltakarar frå Vestlandet. Fire aktørar er i Sogn og Fjordane:

- Høgskulen på Vestlandet
- Utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetenester
- Helse Førde
- Sogn og Fjordane fylkeskommune er gått inn i klynga som part

Griegakademiet ved Universitet i Bergen koordinerer arbeidet. Prioriterte arbeidsfelt innan POLYFON er:

- oppvekst
- psykisk helse
- rusbehandling
- eldrehelse
- lindrande behandling
- omsorg

### Kultur for særlege grupper

Visjonen om «kultur for alle» styrer innsatsen. Vi var i 2018 medarrangør av Kulturfestivalen for utviklingshemma, som vart arrangert for 30. gong. Med vel 270 deltakarar og hjelparar, er dette ein svært viktig festival for deltakarane i Sogn og Fjordane. Tilrettelegging er grunnleggjande.

I 2018 har TV BRA, ein TV-kanal på nett for og med utviklingshemma, arbeid for å etablere seg med reporterar og innslag frå kommunar i Sogn og Fjordane. No er det oppretta lokalkontor i Flora.

Fylkeskommunen har studentar i praksis kvart år. Bachelorutdanninga i sjukepleie har eit emne i helsefremjande og førebyggjande arbeid, der studentane er i fylkeskommunen og ser på prosjekt ute i kommunane.

### FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG ANLEGG

Frivillige lag og organisasjonar, kommunane og fylkeskommunen har samarbeidd godt for å utvikle aktivitet og tilpassa anlegg. Vi samarbeider om både kompetanseheving og tiltak for å fremje meir fysisk aktivitet for innbyggjarane i fylket.

#### Anleggsutvikling og samarbeid med kommunane

Fylkeskommunen, Sogn og Fjordane idrettskrins og Forum for natur og friluftsliv, heldt i 2018 fram med å følgje opp kommunar som skal revidere kommunedelplanar for fysisk aktivitet. Tre kommunar har hatt slike oppfølgingsamlingar.


Den årlege samlinga med kommunane og Kulturdepartementet vart lagt til Vågsøy kommune i juni. Anleggskonferansen vart avlyst, men vi følgde opp tema i eit møte i oktober, med god oppslutnad.

#### Spelemidlar 2018


Det er framleis stor interesse og behov for å etablere og rehabilitering anlegg med finansiering frå spelemiddelordninga. Sogn og Fjordane er i landstoppen til å søkje om midlar til anlegg i høve innbyggjartalet.

	2018	Samanlikna med 2017
Tal søknadar	294	Litt lågare enn 2017, men nytt er å slå saman søknadar
Tal innvilga søknadar	105	110 i 2017
Søknadssum	237 mill.	Auke på 27 mill. frå 2017
Tildelingssum	60 mill.	Auke på 6 mill. frå 2017
Ventetid	3,9 år	Ventetid stabilt, har sidan 2012 gått ned frå 5 år
Investeringsverdi	900 mill.	Auke på 100 mill. frå 2017

Tabell 18



Digram 13



Digram 14

**Teikn ditt skuleområde**

Prosjektet *Teikn ditt skuleområde!* har som mål å skape variert uteaktivitet, som kan auka trivselen og moglegheitene for å vere fysisk aktiv på skulen. Prosjektet har vore på besøk i 13 kommunar dei siste åra, av desse fire i 2018.

**Dagsturhytta**

I løpet av 2018 var 18 av dei 26 planlagde dagsturhyttene monterte og gjort tilgjengeleg for publikum. Dagsturhyttene i Sogn og Fjordane har blitt ein stor suksess. Barnehagar, skular og lokalbefolkning nyttar hyttene til ulike tider, og vi får mange positive tilbakemeldingar på sosiale medium. Prosjektet er realisert i eit samarbeid mellom kommunane, fylkeskommunen, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og lokale eldsjeler.

Dagsturhytta i Gloppen opna i 2017, og desse kommunane fekk på plass hytte i 2018: Førde, Gaular, Naustdal, Sogndal, Aurland, Lærdal, Årdal, Selje, Vågsøy, Hornindal, Eid, Leikanger, Stryn, Flora, Jølster, Luster, Høyanger.

**Gummigranulat på kunstgrasbaner**

Det har vore auka merksemd på svinn av gummigranulat frå kunstgrasbaner. Fylkeskommunen har hatt ei koordinerande rolle. Saman med kommunane i fylket, NFF Sogn og Fjordane, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Sparebanken Vest har vi løyvd midlar til å avgrense spreing. Fylkeskommunen finansierer tiltak gjennom klimaplanen.

**Universell utforming av sentrumsnære turveggar**

Vi kartla turveggar i elleve kommunar i 2018. Prosjektet er ei oppfølging frå i 2013, då 15 kommunar kartla 17 sentrumsnære turveggar med midlar frå Kartverket. Med dette har fylkeskommunen ei god oversikt over status og potensial for universell utforming på sentrumsnære turveggar i alle kommunane i fylket.

**FRILUFTSLIV**

Fylkeskommunen forvalta i 2018 vel 2 mill. kr frå Miljødirektoratet til ulike aktivitets- og forvaltningstiltak innan friluftsliv, jakt og fiske. Midlane vart fordelte til lokale frivillige lag og organisasjonar etter søknad.

Turskiltprosjektet, som var eit samarbeid med Gjensidigesstiftelsen, vart avslutta i 2018. Det var berre nokre få prosjekt som ikkje kom heilt i mål som planlagt. Midlar frå Gjensidigestiftelesen som ikkje vart nytta, fekk fylkeskommunen behalda mot at dei vart nytta til same føremål.

Trivselskogen SA på Sandane, i samarbeid med Midtre Nordfjord Turlag, fekk prisen for beste turløype i Sogn og Fjordane i 2018. Prisen var på 25 000 kr pluss eit diplom.

Ordning	Tal søknadar	Tal tilsegn	Samla tilskot i kr
Tilskot til friluftsliv-aktivitetar	31	21	1 135 000
Tilskot til tiltak i statleg sikra friluftslivområde	4	4	430 000
Tilskot til vilttiltak	12	11	450 000
Sum			2 015 000

Tabell 19

Arbeidet med kartlegging og verdisetjing av friluftsområde i kommunane heldt fram. Ved utgangen av året var fire kommunar ferdige (Jølster, Stryn, Solund, Vik).

Fjordkysten AS er framleis det einaste friluftsrådet i fylket. I 2018 vart Bremanger og Vågsøy med, i tillegg til Solund, Flora og Askvoll, som var medlemmar frå før.

### KULTURBYGG

7 av 20 søknadar fekk i 2018 til saman 1,7 mill. kr frå den desentraliserte ordninga for tilskot til kulturbygg. Midlane går i hovudsak til opprusting og fornying av kulturbygg. Hovudutvalet prioriterte søknadar for lokale arenaer som inneheldt kulturaktivitet.

Arbeidet med å få inn fleire søknadar til lokale kulturbygg heldt fram i 2018. Her samarbeider vi med Sogn og Fjordane ungdomslag v/Huset i bygda og Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane. Tildelingar i tilskotsordninga Sparebankstiftinga har for kulturbygg vart, i den grad det var mogleg, samordna med tildelingar i den desentraliserte ordninga.

Kulturbygg, løyving og godkjend søknadssum i Sogn og Fjordane




Diagram 15

Tal søknadar vs. tildelte søknadar




Diagram 16





Trivselsskogen på Sandane vart kåra til beste turløype i Sogn og Fjordane i 2018.  
Foto: Trivselsskogen

## KULTURARV

Fylkeskommunen har eit mål om at kulturminna skal vere ein ressurs for identitet og utvikling av Sogn og Fjordane. Vi arbeider både forvaltnings- og utviklingsretta for å nå målet.

### Planarbeid

Vi avslutta prosjektet *Lokale kulturminneplanar* i 2017, men har følgd opp kommunane med råd og rettleiing etter behov. Tolv kommunar er så langt ferdige med planane. Vi ventar at 25 kommunar i fylket vil ha på plass ein lokal kulturminneplan innan 2020.

Fylkeskommunen handsama i 2018

- 15 kommuneplanar og kommunedelplanar
- 4 områderegeringsplanar
- 100 detaljreguleringsplanar
- 166 dispensasjonssøknadar

Vi handsama til saman 494 saker der vi vurderte omsynet til kulturminne og kulturmiljø, inkludert landbruks-, vassdrags- og energisakene. Fylkeskommunen gjennomførte 51 kulturminneregistreringar.

### Registrering av kulturminne

Fylkeskommunen registrerte fleire spennande funn av førhistoriske kulturminne i 2018. Funna omfattar førhistoriske spor etter eldre gardsdrift i form av dyrking, kokegroper, eldstader, stolpehøl og produksjonsanlegg. Privatpersonar leverte også inn spennande metalldetektorfunn i kommunane Bremanger, Gaular og Lærdal.

### Freda bygg og fartøy

Fylkeskommunen fordelte 10,5 mill. statlege kroner til freda bygg i privat eige og 2 mill. statlege kroner til verdsarv i 2018. Fartøy med tilknytning til Sogn og Fjordane, fekk 0,825 mill. kr i statlege tilskot og 300 000 kr i fylkeskommunalt tilskot.

### Verdsarv

Staten har eit mål om at alle verdsarvstadane i landet skal ha eit autorisert verdsarvsenter. Fylkeskommunen har delteke i arbeidet med eit forprosjekt for etablering av eit verdsarvsenter for Urnes stavkyrkje. Dei andre deltakarane i prosjektet er Luster kommune, Fortidsminneforeningen, Verdsarvrådet for Urnes stavkyrkje med tilhøyrande område og samarbeidsgruppa for Sørsida.

### Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA)

Riksantikvaren skal lage eit register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Vi starta i 2018 arbeidet med å velje ut og dokumentere aktuelle landskap i Sogn og Fjordane. Arbeidet held fram i 2019, og dei aktuelle kommunane blir involverte.

### Regionalt viktige kulturminne

Vi har starta arbeidet med utarbeiding av ei liste over regionalt viktige kulturminne. Lista skal vere til hjelp i råd og rettleiing overfor kommunane og fungere som eit grunnlag for kulturminnefaglege vurderingar i ulike samanhengar.

### Opningsmarkering Kystpilegrimsleia

Kystpilegrimsleia fekk i desember 2017 status som Nasjonal pilegrimsveg og Europeisk Kulturveg. Dette vart markert sommaren 2018 med ein opningsseglas med seglskøyta «Risør II» og fylkesvise arrangement på utvalde stadar langs leia. I Sogn og Fjordane stod fylkesordførar Jenny Følling for den offisielle opninga på Kinn

i samband med Kinnspelet 16. juni. Det skal arbeidast vidare for å etablere eitt eller fleire regionale senter langs leia.

#### Fellesmagasin/«Kløften»

Søknaden for fellesmagasin/«Kløften» vart fornya i 2018, men det vart ikkje gitt statleg løyving.

#### Gulatinget

Vi har arbeid mykje med eit forprosjekt for besøkssenteret på Gulatinget i 2018. Prosjektet kom inn i økonomiplanen på slutten av året i 2017. Målet med arbeidet i 2018 har vore å verte klar med eit ferdig konsept til søknadsfristen om statsmidlar til 1. mars 2019.

Arbeidet har elles vore å følgje Årsplan for Gulatinget 2018 og Strategiplan for utvikling av Gulatinget 2016-2020.

Gulatinget inngår i Nasjonalt Tingstadnettverk, som vart formalisert i 2018. Det har vore fire nettverksmøte i 2018. Nettverket sikrar fagleg utveksling mellom forvaltninga av dei eldre regionale tingstadane Frostating, Gulating, Borgarting og Eidsivating.

Gulatingsparken har i 2018 hatt over 14 000 registrerte besøk. Arrangement har vore marknadsført via nettside, presseoppslag, Facebook og Instagram.

#### FYLKESARKIVET

Fylkesarkivet tek vare på og formidlar historisk arkiv- og kjeldemateriale frå og i Sogn og Fjordane. Arbeidet er delt inn i desse fagområda:

- kommunearkivordninga
- privatarkiv
- musikk
- foto
- stadnamn
- bibliotek

Fylkesarkivet ordnar, registrerer og digitaliserer private og offentlege arkiv. Ei viktig oppgåve er å syte for tilgjenge og drive formidling av kjeldene. Vi har i 2018 fornya tidsskriftet Kjelda med design og redaksjonelle grep.

Fylkesarkivet starta i 2018 arbeidet med å formalisere samarbeidet i Kommunearkivordninga. Fylkeskommunen og alle kommunane i Sogn og Fjordane har slutta seg til vedtekter som gjer at Kommunearkivordninga frå og med 01.01.2019 er organisert som eit interkommunalt samarbeid. Namnet er no Kommunearkivordninga i Sogn og Fjordane.

#### Bevarings- og formidlingsprosjekt

I 2018 jobba vi aktivt med å sikre ekstern finansiering til nye bevarings- og formidlingsprosjekt. Følgjande prosjekt vart utarbeidde og fekk eksterne prosjektmidlar dette året:

- *Old Shit, New Wrapping*. Formidling av tradisjonsmusikk, samarbeidsprosjekt med Førdefestivalen. Prosjektstøtte frå Kulturrådet (110 000 kr).
- *Då alle var gamle, songane rare og verda i svart kvitt*. Formidling av tradisjonsmusikk. Prosjektstøtte frå Kulturrådet (110 000 kr).
- *Nettartiklar om opphavet til stadnamn*. Formidling av lokale stadnamn. Prosjektstøtte frå Kulturrådet (90 000 kr).



Gulatinget.  
Foto: David Zadig



Fylkesarkivet jobbar med å digitalisere materiale og gjere det tilgjengeleg på ulike digitale plattformer.  
Foto: Sigrun Espe/Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane

- *Fotoarkivet etter Elen Loftesnes*. Fotobevaring- og formidling. Prosjektstøtte frå Kulturrådet (260 000 kr) og Riksarkivet (200 000 kr).
- *Vestlandet på film: Videoarkivet etter Vest Vision*. Bevaring og tilgjengelegging av levande film. Prosjektstøtte frå Kulturrådet (260 000 kr).

Totalt sikra vi slik 1 030 000 kr til arbeidet med å bevare og/eller formidle materiale frå private arkivskaparar. Prosjekta skal etter planen starte i 2019.

### Digitalisering

Vi har digitalisert store mengder kommunale arkiv. Møtebøker for kommunestyra og formannskapa i alle kommunane i fylket er skanna og publiserte fram til 1957. I tillegg har vi gjort store ordnings- og digitaliseringsjobbar for fleire kommunar. Publisering på arkivportalen har vore eit satsingsområde. Rådgjeving i samband med kommunereforma og regionreforma, har vore ressurskrevjande. Vi har hatt ein stor auke i mottak av både elektroniske- og papirarkiv til depotet i 2018.

### FYLKESBIBLIOTEKET

Fylkesbiblioteket organiserer og delfinansierer fellestenester som e-bokordning, klassesett-tilbod, digital avis- og tidsskriftteneste, katalogsøk og transportordning i fylket. Prosjektutvikling, oppfølging av dei regionale biblioteksamarbeida, rådgjeving, kompetanseheving og statistikkhandsaming er sentrale oppgåver. Kjerneområde er litteraturformidling, med særleg vekt på nynorsk og for målgruppa barn og unge, og digital formidling.

### Formidling til barn og unge

I prosjektet *Lesarhistoria - ny veg til lesaren* har målet vore å vidareutvikle formidlinga til barn og unge. Bibliotek, skular og barnehagar i fem kommunar deltok i prosjektet, og OsloMet har dokumentert arbeidet. Lesarhistorieprosjektet var bakgrunn for ein nasjonal konferanse om samarbeid mellom folkebibliotek, skular og barnehagar hausten 2018. Fylkesbiblioteket arrangerte konferansen saman med Nasjonalbiblioteket.

### Klart vi les!

Fylkesbiblioteket tilbydde saman med Nynorsksenteret og Nynorsk kultursentrum elevar og lærarar i utvalde kommunar forfattarbesøk og innføring i den nynorske barnelitteraturen i prosjektet *Klart vi les!* Fylkesbiblioteka i Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane arrangerte felles kurs for bibliotekarar i vidaregåande opplæring. Fylkesbiblioteket samarbeider med DKS Sogn og Fjordane ved t.d. å bidra i planlegging, syte for aktuell litteratur og stimulere til samarbeid mellom folkebiblioteka og skulane.

### Nynorske turbibliotek

Det er planlagt nynorske turbibliotek i dagsturhyttene som kjem i alle kommunane i fylket. Fylkesbiblioteket står for planlegging og oppstart av biblioteka i samarbeid med kommunane. Vidare tilbyr fylkesbiblioteket arrangementsrekker til dagsturhyttene med støtte frå Nasjonalbiblioteket.

### Nettressursar

Nettstaden *Forfattarar frå Sogn og Fjordane* ([www.forfattarar.sjf.no](http://www.forfattarar.sjf.no)) presenterer ca. 600 forfattarar med tilknytning til fylket. Om lag 23 000 artiklar er registrerte i databasen *Lokalhistoriske artiklar Sogn og Fjordane*. Fylkesbiblioteket samarbeider med Nasjonalbiblioteket om digitalisering og tilgjengeleggjing av lokalhistoriske artiklar i den nasjonale fulltekstbasen [www.bokhylla.no](http://www.bokhylla.no).

### Folkebiblioteka på nett

Fylkesbiblioteket starta i 2018 opp eit arbeid med å styrkje satsinga på nettsider



Fylkeskulturprisen 2018 gjekk til Teaterfestivalen i Fjaler. Ingrid Hansen og Miriam Prestøy Lie tok imot prisen under fylkestinget i desember.  
Foto: Runar Bjørkvik Mæland

i folkebiblioteka. Det vart arrangert regionvise samlingar om temaet og ytt konkret bistand til å ta i bruk nye løysingar.

#### Faglege bidrag

Tilsette på fylkesbiblioteket bidreg i fagleg arbeid nasjonalt gjennom arbeid i prosjekt, fagsamlingar og konferansar.

#### Fylkeskulturprisen

Teaterfestivalen i Fjaler fekk fylkeskulturprisen i 2018. Prisen vart delt ut på fylkestinget i desember 2018.

### SÆRSKILDE POLITISKE SAKER

---

Hovudutval for næring og kultur handsama 65 saker i 2018. Vi har ikkje registrert avvik i oppfølginga av dei politiske sakene.

Fylkestingssaker handsama i 2018:

- |               |   |
|---------------|---|
| FT-sak 3/18:  | Forvaltningsrevisjon - Musea i Sogn og Fjordane - rapport   |
| FT-sak 20/18: | Justert eigaravtale Innovasjon Norge 2018   |
| FT-sak 25/18: | Rullering av Regional plan for verdiskaping   |
| FT-sak 32/18: | Eigarstrategi for felles eigarskap mellom Nærings- og fiskeridepartementet og fylkeskommunane           |
| FT-sak 40/18: | Regional plan for kultur 2019-2027, Kultur for alle   |
| FT-sak 50/18: | Kommunearkivordninga - tilslutning til interkommunalt samarbeid om arkivtenester.                       |
| FT-sak 51/18: | Handlingsprogram 2019-2022 til Kultur for alle, Regional plan for kultur 2019-2027                      |
| FT-sak 53/18: | Etablering av "Nynorskhus" i Sogn og Fjordane - søknad om auka driftsstønad frå Sogn og Fjordane teater |

### MÅLEKART - AVVIK

---

Vi har ikkje tal for 2018 enno, men tal frå 2017 viser at vi ikkje når målet om arbeidsplassvekst i Regional plan for verdiskaping fullt ut. Det er fordi vi ikkje har god nok utvikling i bransjar med god utvikling i tal arbeidsplassar samanlikna med landet. Eit punkt i målekartet for næring er å undersøkje kor nøgde partnarskapen er. Vi har ikkje gjort ei slik undersøking i 2018.

Det er ein ambisjon at alle marine saker skal vere handsama i tråd med forskrifta. Gjennomsnittleg vert komplette søknader handsama innan 22 veker, som er kravet i forskrifta. Lenger tid skuldast som regel behovet for å hente inn meir opplysingar og/eller sein uttale frå andre etatar. Vi syter i samsvar med forvaltningslova for at søknaden vert handsama utan ugrunna opphald.

## KOSTRA NØKKELTAL - KULTUR

Indikator - konsern	SFJ 2015	SFJ 2016	SFJ 2017	SFJ 2018	Vest-Norge 2018	Landet u/ Oslo 2018
Netto driftsutgifter i alt til kultursektoren per innbyggjar	601	647	537	569	389	363
Brutto driftsutgifter kultursektoren per innbyggjar	1 114	1 232	1 195	1 273	750	760
Brutto investeringsutgifter kultursektoren per innbyggjar	0	22	12	12	1	1
Netto driftsutgifter til kultursektoren i prosent av samla netto driftsutgifter	2,9	3,1	2,6	2,6	3	2,8
Netto driftsutgifter bibliotek per innbyggjar	55	51	47	61	20	32
Netto driftsutgifter museer per innbyggjar	148	157	180	154	106	98
Netto driftsutgifter kunstproduksjon	105	105	108	108	56	46
Netto driftsutgifter kunstformidling	94	91	83	128	71	88
Netto driftsutgifter idrett per innbyggjar	80	141	35	30	72	30
Netto driftsutgifter andre kulturaktivitetar per innbyggjar	119	102	83	90	63	70

Tabell 20

# OPPLÆRING

Sogn og Fjordane fylkeskommune har sidan 2001 hausta gode erfaringar med å arbeide systematisk og målretta frå mål og strategiar til handling.

Mål- og strategidokumentet for 2018-2021, Mot nye høgder!, har som hovudmål at elevar og lærlingar i Sogn og Fjordane skal ha den kvalitativt beste opplæringa. Dokumentet vidarefører kvalitetsmåla trivsel, meistring og gjennomføring, med særskilde strategiar for leiing, opplæring og fag- og yrkesopplæring. Tilhøyrande handlingsprogram syner tiltak og prosessar for perioden. Handlingsprogrammet er grunnlaget for prioriteringar i budsjett- og økonomiplanen, og det skal rullerast kvart andre år.


I målekartet for 2018 vedtok fylkestinget konkrete ambisjonsnivå for

- trivsel
- meistring (eksamens- og karakterresultat)
- gjennomføring
- samsvar mellom tilgjengelege lære plassar og søkjarar til desse

Gjennomføringstala for Sogn og Fjordane syner ein nedgang på 0,9 prosentpoeng samanlikna med tala frå året før. Resultata i 2018 syner likevel at Sogn og Fjordane er i landstoppen når det gjeld eksamensresultat, gjennomføring, og i kva grad elevane trivst.

Utviklingsarbeidet for å nå målet om den kvalitativt beste opplæringa må halde fram. Fylkeskommunen arbeider kontinuerleg for å sikre eit godt psykososialt læringsmiljø for elevar og lærlingar. Den psykiske helsa til ungdom var eit viktig tema i 2018.

Tilbodet om grunnskuleopplæring for minoritetsspråkleg ungdom (GMU) syner svært gode resultat. 93 prosent av ungdom som har gått GMU og framleis er busette i Sogn og Fjordane, held fram i kvalifiserande opplæringsløp.



3D-printing ved Måløy vidaregåande skule.  
Foto: Andreas Rune Rundereim

Teneste	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016
Utgifter til lokale	57,704	60,220	58,974	61,827
Vedlikehald og drift av skulebygg	43,435	44,297	39,223	39,532
Forvaltning og fellesutgifter	46,538	45,561	41,297	44,922
Fellesutgifter	14,058	13,633	14,808	12,766
Eleveksamen	2,164	2,843	2,213	1,667
Elev- og lærlingombod	1,150	1,191	0,999	0,944
Pedagogisk leining mv.	71,030	80,313	71,918	69,861
Pedagogiske fellesutgifter	12,980	13,808	14,936	11,204
Gjestelevar	7,426	7,209	6,550	5,815
PC-ordninga	2,551	2,634	2,471	2,621
Utdanningsprogramma	345,242	340,033	340,746	337,991
Gratis læremiddel	0,081	0,519	0,015	0,010
Jordbruksskulegardar	3,498	2,727	3,337	2,967
Fagskuleutdanning	8,158	9,367	25,153	25,033
Landslinjer	4,609	5,771	6,106	6,610
PP-tenesta	11,744	12,286	11,954	11,761
Oppfølgingstenesta	5,613	7,014	5,751	6,273
Tilpassa opplæring	59,902	66,604	60,521	64,339
Fagopplæringsnemnda	0,125	0,229	0,104	0,139
Opplæring i bedrift	110,868	106,457	102,287	93,698
Fagprøvar	14,112	15,495	14,912	12,792
Vaksenopplæring	10,633	13,795	9,142	5,937
Opplæring i sos-/med. institusjonar	8,049	8,740	5,097	8,069
Privatisteksamen	1,447	2,093	1,661	2,801
Tilskot til elevorganisasjonar	0,020	0,041	0,020	0,017
Karriererettleing	0,030	- 0,054	0,059	0,064
Opplæring - andre område	1,699	-	0,746	0,418
Resultatoverføring skulane	0,093	-	7,236	5,498
<b>Totalt opplæring</b>	<b>844,959</b>	<b>862,826</b>	<b>848,236</b>	<b>835,576</b>



Havskaren gjer klart for fiske.  
Foto Bjarne Husevåg



Sprangridning på hestelina ved Mo og Øyrane  
vidaregåande skule.  
Foto: Åse Hogrenning

### Driftsresultat for sektoren samla

Opplæringssektoren hadde i 2018 eit nettobudsjett på om lag 863 mill. kr. Rekneskapsen viser eit samla netto mindreforbruk i høve budsjettet på 17,9 mill. kr (etter resultatoverføring på skulane). Dette utgjer om lag 2,0 prosent av budsjettet.

Dei største postane med mindreforbruk er

- utgifter til lokale: 3,8 mill. kr
- utdanningsprogramma: 5,3 mill. kr
- tilpassa opplæring: 4,1 mill. kr

Den største posten med meirforbruk er

- opplæring i bedrift: 4,4 mill. kr

Mindreforbruket på utgifter til lokale er i hovudsak knytt til husleige (2,0 mill. kr) og innsparing på ufordelt løyving til dei vidaregåande skulane.

Mindreforbruket på utdanningsprogramma er i hovudsak knytt til

- avsett løyving til opplæringstilbod for dei med rett til påbygging etter fagbrev (1,9 mill. kr)
- unytta grupperessurs i samband med opplæringstilbodet (1,4 mill. kr)
- avsett buffer for anslagsløyvingar i sektoren (0,9 mill. kr)

Mindreforbruket på tilpassa opplæring skuldast innsparing på ufordelt løyving til dei vidaregåande skulane (3,0 mill. kr) og mindre kjøp av eksterne tenester enn føresett (1,3 mill. kr). Tilpassa opplæring er ei anslagsløyving, der bruken av midlar er vanskeleg føreseieleg.

Meirforbruket på opplæring i bedrift er i hovudsak knytt til tilskot til lærebedrifter (4,8 mill. kr).

Dei vidaregåande skulane (utanom landslinene) hadde eit samla meirforbruk på ordinær drift på om lag 1,0 mill. kr i høve budsjett 2018. Skulane har resultatoverføring til året etter, og innsparinga påverkar såleis ikkje det samla rekneskapsresultatet.

Fagskulen i Sogn og Fjordane hadde i 2018 om lag i balanse i drifta. Akkumulert meirforbruk i 2018 var på om lag 0,6 mill. kr. Skulen har resultatoverføring og hadde i 2018 eit meirforbruk på investeringar på om lag 1,7 mill. kr.

Landslinetilboda hadde i 2018 eit samla mindreforbruk på 1,5 mill. kr.

- Sogn jord- og hagebruksskule hadde i 2018 eit mindreforbruk på om lag 1,7 mill. kr. Akkumulert gjekk skulen om lag i balanse.
- Landslinetilbodet i yrkessjåfør ved Sogndal vidaregåande skule hadde i 2018 eit meirforbruk på om lag 0,2 mill. kr. Akkumulert hadde skulen eit mindreforbruk på landslinetilbodet om lag 0,7 mill. kr.
- Landslinetilbodet i skiskyting på Stryn vidaregåande skule hadde i 2018 ei drift om lag i balanse. Akkumulert hadde skulen eit meirforbruk på om lag 0,2 mill. kr på landslinetilbodet.

Resultata på yrkessjåfør og skiskyting må sjåast i samanheng med rekneskapsresultatet for høvesvis Sogndal og Stryn vidaregåande skule.

**Nærare om rekneskapsresultatet på dei vidaregåande skulane (utan landslinene)**  
Seks skular hadde meirforbruk på den ordinære drifta i 2018, medan fem skular



hadde mindreforbruk. Storleiken på meirforbruket varierer frå om lag 0,1 mill. kr til om lag 3,0 mill. kr, medan mindreforbruket varierer frå om lag 0,7 mill. kr til om lag 3,3 mill. kr. Akkumulert hadde skulane eit mindreforbruk på om lag 11,7 mill. kr knytt til ordinær skuledrift.

På anna verksemd hadde skulane i 2018 eit samla meirforbruk på 1,9 mill. kr. Akkumulert hadde skulane eit samla mindreforbruk på 7,6 mill. kr knytt til anna verksemd. Fylkeskommunen har resultatoverføring, der eit eventuelt meir- og mindreforbruk ved dei vidaregåande skulane vert overført til året etter. Ordninga gir skulane større handlingsrom, eit meir langsiktig perspektiv og høve til å styre mot planlagde over-/underskot einskilde år.

Fylkesdirektøren vil også i 2019 følgje opp skular med avvik.

## AKTIVITETSTAL

### Søkjartal

Det var tolv færre søkjarar til vidaregåande opplæring i 2018 enn i 2017. Av totalt 5268, søkte 627 opplæring i bedrift. 4856 av søkjarane til vidaregåande opplæring hadde ungdomsrett, og 534 av desse søkte opplæring i bedrift.

### Elevar i vidaregåande skule

4064 søkjarar vart tekne inn til dei fylkeskommunale vidaregåande skulane skuleåret 2018-2019, mot 4044 året før.

Sogn og Fjordane fylkeskommune betalar for desse elevgruppene i andre fylke:

- 27 elevar etter Hordalandsavtalen
- 9 elevar på programområde vi ikkje tilbyr
- 14 elevar etter lov om friare skuleval mellom fylke

I tillegg er det 60 elevar frå fylket på landslinjer og andre tilbod i andre fylke.

103 elevar frå Sogn og Fjordane går på privatskule i eige fylke.

### Lære- og opplæringskontraktar

83,8 prosent av søkjarane med ungdomsrett har fått godkjent lære- og opplæringskontrakt i 2018, mot 73,7 prosent i 2017. Gjennomsnittet for landet er 74 prosent i 2018. Sogn og Fjordane peikar seg positivt ut.

Ved utgangen av 2018 var det registrert 1283 «løpande» lærekontraktar og 80 opplæringskontraktar. I 2018 var det 534 primærsøkjarar med ungdomsrett som søkte læreplass.

### Søkjarar utan tilbod om læreplass

Elleve søkjarar med ungdomsrett var utan tilbod om læreplass eller vg3 i skule i 2018. Fylkesdirektøren har gjennomført ulike tiltak for å redusere tal søkjarar utan tilbod om læreplass. Til dømes vart alle som stod utan læreplass, inviterte til eit møte der dei mellom anna fekk informasjon om vg3 i skule. I etterkant hadde vi oppfølging på individnivå.

Av dei 20 elevane som starta i vg3 i skule som alternativ til læreplass i 2018, var dei fleste innan elektrarfaget og IKT-servicefaget.

### GMU - grunnskuleopplæring for minoritetsspråkleg ungdom

GMU er eit likeverdig samarbeid mellom kommunane i Sogn og Fjordane og fylkeskommunen. Opplæringsstilbodet er for minoritetsspråkleg ungdom mellom 16 og 24



Klar for servering på Måløy vidaregåande skule.  
Foto: Bente Iren Vonheim

år. Det skal kvalifisere elevane med vitnemål frå grunnskulen, samt styrke nærleik til eit ungdomsmiljø. Samarbeidet gjev felles eigarskap og ansvar for elevgruppa, og gjev eit heilskapleg syn på kva behov ungdomane har for opplæring. Alle partar ser på GMU som ein nøkkel til kvalifisering.

Skuleåret 2018-2019 har 114 minoritetsspråklege elevar delteke i dette opplæringstilbodet. Det er tilbod om GMU ved åtte vidaregåande skular. Trass i svært ulik skulebakgrunn og føresetnader ligg elevane som gjekk ut av GMU våren 2018, i snitt berre eitt grunnskulepoeng under gjennomsnittet for fylket.

Erfaringane syner at elevar i GMU kjem seg vidare i ønska opplæringsløp ved at dei gjennom GMU har fått grunnlag for å konkurrere om skuleplassar. 93 prosent av ungdom som har gått GMU og framleis er busette i Sogn og Fjordane, held fram i kvalifiserande opplæringsløp. Av dei som startar i ordinær vidaregåande opplæring, får omlag 70 prosent første- eller andreønsket sitt.

#### GJENNOMFØRING I VIDAREGÅANDE OPPLÆRING

2012-kullet i Sogn og Fjordane har totalt ein nedgang på 0,9 prosentpoeng på gjennomføring samanlikna med 2011-kullet. Yrkesfaglege utdanningsprogram har hatt nedgang på 3,4 prosentpoeng, medan studieførebuande utdanningsprogram hadde ein framgang på 0,3 prosentpoeng. Resultatet samla sett er over landsnittet både for studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram (sjå tabell under).

		Studie- førebuande	Yrkesfag	Samla
Sogn og Fjordane	2011-kullet	91,3	66,8	78,6
	2012-kullet	91,6	63,4	77,7
Nasjonalt	2012-kullet	87,8	61,14	75,2

Tabell 22

Tabellen under syner oversikt over elevar som har slutta i løpet av fem år etter at dei starta i vidaregåande opplæring. Fylkesdirektøren har hatt kontakt med kommunar og vidaregåande skular for å kartlegge resultatet på individnivå for 2012-kullet.

Del elevar som slutta i vidaregåande opplæring innan fem år	Kull 2009	Kull 2010	Kull 2011	Kull 2012
Noreg	16	15,3	14,9	14,5
Sogn og Fjordane	13,6	13,4	10,3	13,5

Tabell 23

Fylkesdirektøren ser at arbeidet med tett oppfølging av skular og bedrifter gir resultat. Fylkeskommunen arbeider aktivt for å styrke opplæringa i bedrift, mellom anna gjennom god formidlingsprosess og tett oppfølging i læretida. Å auke gjennomføringa føreset samhandling, god koordinering og gode rutinar mellom alle aktørane i utdanningsløpet.

I Sogn og Fjordane vel over 50 prosent av søkerane til vidaregåande opplæring yrkesfaglege utdanningsprogram.

Gjennomføring studieførebuande utdanningsprogram  
Kull 2012  
Prosent fullført innan 5 år




Diagram 17  
Kjelde: SSB-tabell 10994

Gjennomføring yrkesfagleg utdanningsprogram  
Kull 2012  
Prosent fullført innan 5 år




Diagram 18  
Kjelde: SSB-tabell 10994

### Overgang frå vg2 til opplæring i bedrift/vg3 i skule dei fem siste åra

År	Ordinær progresjon	Repetisjon på lågare eller same trinn	Ute av vidaregåande opplæring eitt år	Kull 2012
2013	70,9	9,6	19,5	14,5
2014	70,6	7	22,4	13,5
2015	73,6	8,1	18	
2016	75,1	5,9	18,9	
2017	72,6	5,6	21,8	

Tabell 24

Tabellen over syner utviklinga dei siste fem åra. Vi ser ein nedgang frå 2016 til 2017 på 2,5 prosentpoeng for elevar som har ordinær progresjon, og ein nedgang på elevar som gjer omval (repetisjon på lågare eller same trinn). Samtidig er det ein auke på 2,9 prosentpoeng i tal elevar som er ute eitt år. Dette er elevar som har gjort val utanfor vidaregåande opplæring eitt år.

Dei vidaregåande skulane har over tid arbeidd godt med å kvalifisere elevane til opplæring i bedrift. Fylkesdirektøren for opplæring har hatt særleg merksemd på at kvalifisering til opplæring i bedrift også handlar om

- gode haldningar
- lågt fråvær
- god ordenskarakter
- å vere aktiv gjennom utplassering i programfaget yrkesfagleg fordjuping (YFF)
- god søknad og CV
- å øve på intervjusituasjonar

Skulane har hatt møte med alle søkjarane til opplæring i bedrift. Fylkesdirektøren har hatt jamleg dialog med opplæringskontor, politikarar, fagopplæringsnemnd, rektorar og elevrepresentantar om overgangen frå vg2 til opplæring i bedrift/vg3 i skule. Utplassering i YFF er ein viktig faktor i å skape kontakt mellom søkjar til læreplass og potensiell lærebedrift. Målet er at YFF-faget skal introdusere elevane for arbeidslivet. Vi må leggje til rette for at alle elevar får prøve ut lærefag i praksis i YFF-faget, både i vg1 og vg2.

Dei vidaregåande skulane har dei siste åra fått større ansvar for formidlingsprosessen. Alle skulane med yrkesfaglege utdanningsprogram har tilsett arbeidslivskontakt, som har gjennomføring og overgang frå skule til bedrift som hovudarbeidsområde. Fylkeskommunen har frå hausten 2018 tilsett ein person i ei treårig prosjektstilling. Arbeidsoppgåvene til denne prosjektstillinga er å

- få fleire i lære
- få til nettverksarbeid mellom skule og næringsliv
- få systematisert partnarskapsavtalane mellom skule og bedrift i portalen [www.utdanning.no](http://www.utdanning.no) (Utdanningsdirektoratet)



Bilete frå utdeling av fag-, sveine-, kompetanse- og meisterbrevet i Førdehuset 6. april 2018. Fylkesordførar Jenny Følling og leiar i fagopplæringsnemnda, Tom Knudsen, står for utdelinga. Foto: Ole Johnny Devik



Kunst, design og arkitektur på Hafstad vgs.  
 Foto: Mona Fossdal



Kunst, design og arkitektur på Hafstad vgs.  
 Foto: Mona Fossdal

Tabellen under viser utviklinga på talet på nye lærlingar dei fem siste åra.

Indikator og nøkkeltal	2014	2015	2016	2017	2018
Tal lærlingar	1022	1070	1137	1179	1309
Tal elevar i fagopplæring i skule	5	13	7	2	20
Tal lærekandidatar	78	93	95	84	83

Tabell 25

Tabellen under syner talet på lærlingar som har oppnådd fagbrev dei siste fem åra.

Indikator og nøkkeltal	2013-2014	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018
Tal fag- og sveinebrev - lærlingar	421	481	429	501	530
Tal fag- og sveinebrev - praksiskandidatar	185	202	250	273	232
Tal fag- og sveinebrev - elevar	1	6	14	11	3
Tal kompetansebevis - lærekandidatar	15	9	12	12	14

Tabell 26

Tabellen under syner prosentdel av 2012-kullet som har oppnådd fagbrev i dei ulike utdanningsprogramma. Lærlingar innan fagområda elektro, helse- og oppvekst og teknikk og industriell produksjon har oppnådd flest fagbrev.

Indikator og nøkkeltal	2017
Bygg og anlegg	82
Design og handverk	66,7
Elektro	88,7
Helse- og oppvekst	88,5
Naturbruk	77,8
Restaurant- og matfag	72,2
Service- og samferdsle	83,7
Teknikk- og industriell produksjon	88,8

Tabell 27

### Læringsmiljø

Kjerneaktiviteten til både skule og lærebedrift er å fremje læring. Føremålet med all opplæring er å sikre at alle elevar og lærlingar har eit læringsutbytte som er maksimalt utifrå føresetnadane deira.

### NYTT I 2018

Nytt av året i 2018 var at fylkeskommunen starta opplæring etter «Sogn og Fjordane-modellen» i faga

- betong
- polymerkompositt
- kjemi og prosess
- industriteknologi

Vi gjorde dette i nært samarbeid med opplæringskontor og bedrifter. Modellen har synt gode resultat innan helsefag-opplæring, og det blir spennande å sjå om han kan tilpassast industri og privat næringsliv i same grad.

Fire vidaregåande skular i fylket deltek i forskingsprosjektet Complete, der målet er å betre det psykososiale læringsmiljøet og medverke til å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring. Resultatet av prosjektet blir klart i desember 2019.

Både elev- og lærlingundersøkinga viser høg grad av trivsel og resultat over landsgjennomsnittet. Likevel syner undersøkingane at vi har eit utviklingspotensial når det gjeld medverknad i eige læringsarbeid. Elevar og lærlingar seier at dei ønskjer større medverknad i korleis opplæringa blir gjennomført. I tillegg seier elevane at dei vil ha meir variasjon i undervisninga.

### VIDAREGÅANDE OPPLÆRING FOR VAKSNE

I 2018 søkte ca. 400 vaksne om vidaregåande opplæring, ein auke på ca. 100 søkjarar frå året før. Delen minoritetsspråklege søkjarar ligg framleis i overkant av 60 prosent. Det var ein auke i tal søkjarar med etnisk norsk bakgrunn. Det kan forklarast mellom anna med eit satsingsprosjekt i regi av Fylkesmannen for å kvalifisere ufaglærte assistentar i barnehage/SFO. 52 deltakarar gjennomførte teorieksamen og er etter kvart klare for fagprøve i barne- og ungdomsarbeidarfaget. Fylkeskommunen hadde ansvaret for opplæringa.

Ein veksande tendens er at ein stor del av søkjarane med minoritetsbakgrunn søker opplæring innan helse- og oppvekst, og spesielt helsearbeidarfaget. Det er ei utfordring, då det kan bli mangel på utplasserings- og læreplassar i kommunane. Det er difor viktig at dei som får tilbod om opplæring, er fagleg og språkleg kvalifiserte og motiverte. Alle søkjarar får frå hausten 2018 ein rettleiingstime før dei får opplæringstilbod. Vi gjer dette for å sikre at søkjarane er kvalifiserte og klare for vidaregåande opplæring.

#### Opplæringstilbod

Til saman deltok ca. 450 personar i opplæring i 2018. Om lag 250 heldt fram i løp frå tidlegare, medan 200 av dei 400 nye søkjarane var kvalifiserte og takka ja til opplæring. Majoriteten av søkjarane innan yrkesfaga treng heile opplæringsløp. Dei fleste får tilbod innan helsearbeidarfaget. Her har fylkeskommunen samarbeidsavtalar med kommunar og NAV om opplæringsløp tilrettelagt for minoritetsspråklege («Sogn og Fjordane-modellen») ved fleire skular.

Det starta også opp «ordinære» vaksengrupper i helse- og oppvekst, service og samferdsle og byggfag i 2018. Majoriteten av dei etnisk norske deltakarane fekk opplæring i studiekompetansefaga og barne- og ungdomsarbeidarfaget. Opplæringa i studiekompetansefaga er utfordrande, og for mange sluttar. Framover må vi sjå på organisering og metodar for å auke gjennomføringa i denne delen av vaksenopplæringa.

### EFFEKTIVISERINGSTILTAK

#### Oppfyljing i grupper

Dei vidaregåande skulane har for skuleåret 2018-2019 ei oppfyljing på om lag 93 prosent, som året før.

Oppfyljing per nivå:

- vg1: 92 prosent (95 prosent året før)
- vg2: 93 prosent (91 prosent året før)
- vg3: 95 prosent (91 prosent året før)

Redusert oppfyljing på vg1 har samanheng med lågare oppfyljing i utdannings-



Danseframvisning av elevar på danselinja ved Firda vidaregåande skule.  
Fotograf Hans Græsli



Draumeskolen aktivitetssdag Firda vidaregåande skule.  
Foto: Hans Græsli

programma medium og kommunikasjon (ME) og kunst, design og arkitektur (KD). Også fleire av tilboda på vg1 yrkes- og studiekompetanse (YSK) og musikk, dans og drama med dans (MD) hadde vesentleg lågare oppfylling enn året før.

### Nye reinhaldsplanar ved dei vidaregåande skulane

Vi har i løpet av 2017 og 2018 laga nye reinhaldsplanar ved dei vidaregåande skulane. Målet med arbeidet har vore å sikre god kvalitet på reinhaldet. Gjennom faglege vurderingar og analysar har vi kome fram til felles kriterium, som sikrar ein så lik ressursprofil/ressurstildeling som mogleg. Eit anna mål med prosjektet har vore å definere standardar for

- gode reinhaldsrutinar
- internt samarbeid
- innkjøpsrutinar
- bruk av miljø- og helsefremjande utstyr og reingjeringsprodukt

Arbeidet syner blant anna eit redusert ressursbehov på om lag sju årsverk.

### POLITISKE SAKER - AVVIKSRAPPORTERING

Hovudutval for opplæring handsama 35 saker i 2018. Vi har ikkje registrert avvik i oppfølginga av dei politiske sakene i 2018.

### SÆRSKILDE POLITISKE SAKER

#### Fylkestinget

Sak 04/2018: Fylkesvise mobbeombod

Sak 15/2018: Forskrift om fleksibilitet i fag- og timefordeling innan utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk ved Stryn vidaregåande skule.

Sak 36/2018: Oppseiing av avtalane om kjøp av PP-tenester

Sak 41/2018: Kjøp av Florø idrettssenter

Sak 45/2018: Forvaltningsrevisjon. Utdanning og yrkesrådgiving i vidaregåande skule-rapport

Sak 48/2018: Ny selskapsavtale for Vigo IKS

Sak 55/2018: Nytt opplæringsfartøy

#### Fylkesutvalet

Sak 93/2018: Mandat for nye nasjonale fagråd i fagskulesektoren

#### Hovudutval for opplæring

Sak 02/2018 Handlingsprogram for mål- og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2019, «Mot nye høgder»

Sak 03/2018 Fagskuleutdanning i Sogn og Fjordane fylkeskommune - dei vidaregåande skulane si rolle

Sak 05/2018 Praksisbrevordninga

Sak 07/2018 Stimuleringsstilskot for fag- og yrkesopplæringa

Sak 08/2018 Automatiserings- og dataelektronikarfaget

Sak 09/2018 Plan for kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring 2018/19

Sak 10/2018 Etablering av kvalitetsutviklingsgrupper ved dei vidaregåande skulane

Sak 11/2018 Justering av opplæringstilbodet skuleåret 2018/19

Sak 12/2018 Budsjett 2019 og økonomiplanen 2019-2022-sektorbudsjett for opplæring

Sak 13/2018	Læringsituasjonen i helsearbeidarfaget
Sak 17/2018	Uttale-søknad frå Sygna vidaregåande skule om å opprette Vg2 helsearbeidar
Sak 22/2018	Overordna plan for rekruttering og kompetanseutvikling for pedagogisk personale i vidaregåande opplæring 2018-2022
Sak 28/2018	Budsjett 2019 og økonomiplanen 2019-2022-sektorbudsjett for opplæring
Sak 30/2018	Opplæringstilbod for vaksne
Sak 34/2018	Opplæringstilbodet for skuleåret 2019-2020

#### MÅLEKART - AVVIK

Opplæringssektoren har gode resultat på dei fleste områda i vedteke målekart. I 2018 syner målingane resultat under vedteke ambisjonsnivå på følgjande punkt:

- Trivsel: På ein skala frå 1 til 5 oppnår elevane i Sogn og Fjordane ein skår på 4,3. Dette er 0,1 under vedteke ambisjonsnivå.
- Gjennomføring: I 2017 hadde 77,7 prosent av dei som byrja i vidaregåande opplæring i 2012 gjennomført opplæringa. Dette er 3,3 prosent under vedteke ambisjonsnivå.
- Samsvar mellom tilgang til læreplass og tal søkjarar til læreplass: I 2018 fekk 83,8 prosent av alle med ungdoms- eller vaksenrett som søkte læreplass som første ønske, tilbod om plass. Det er 6,2 prosent under vedteke ambisjonsnivå.

#### KOSTRA

Indikator - konsern	SFJ 2015	SFJ 2016	SFJ 2017	SFJ 2018	Vest-Norge 2018	Landet u/ Oslo 2018
Netto driftsutgifter til vidaregåande opplæring, per innbyggjar 16-18 år	184 314	182 664	190 272	195 404	165 535	176 049
Økonomisk belastning 510-562 vidaregåande opplæring i skule per elev	171 923	173 976	175 128	180 510	154 447	159 841

Tabell 28

Indikator - konsern	SFJ 2015	SFJ 2016	SFJ 2017	SFJ 2018	Landet u/Oslo 2017	Landet u/Oslo 2018
Del elevar og lærlingar som har bestått vgo i løpet av fem år*	77,2	78,6	77,6		74,8	
Del elevar som har slutta i løpet av året - alle årssteg	2,5	2,3	2,4	2,6	4,1	4,1
Del elevar med direkte overgang fra vidaregåande opplæring til høgere utdanning*	46,1	47,6	45		42,8	
Del beståtte fag- og svenneprøvar	93,8	95,3	95,5	96	93,5	93,5
Del elevar vg2 yrkesfaglege utd. program i fjor, i lære i år	52	51,9	52	55	44,9	47,4

\*Tala for 2018 er ikkje klare før i juni 2019.

Tabell 29



# SAMFERDSLE

## INNLEIING

Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018-2027 med handlingsprogram er det viktigaste styringsdokumentet vårt. Transportplanen legg opp til investeringar på fylkesvegområdet på omlag 3,5 mrd. kr. Han inneheld òg ambisiøse mål for reduksjon i klimagassutslepp på mellom 30 og 40 prosent innan 2030, samanlikna med utsleppa i 2015.

Handlingsplan for trafikktrygging 2018-2021 gir, saman med trafikktryggingstiltak føreslege i Regional transportplan 2018-2027, føringar for prioriteringar innan trafikktrygging. Planen legg særleg vekt på tiltak som er retta mot å endre haldningar til aktørar i trafikken.

Samferdslesektoren har i 2018 i hovudsak konsentrert seg om å følgje opp målsetjingane i desse planane og starte opp vedtekne prosjekt.

Dei siste åra har vi opplevd fleire hendingar med skadar på fylkesvegane som følgje av ras og flaum. I oktober 2018 vart det omfattande flaumskadar på fylkesvegnettet på grunn av nedbørmengder og temperaturstigning. Dei største skadane fekk vi i Luster kommune.

I samarbeid med Rogaland fylkeskommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Statens vegvesen har vi gjennomført ei godsundersøking. Undersøkinga syner at det er avgrensa potensial for overføring av gods frå veg til sjø.

Vi opna to store nye fylkesvegprosjekt i 2018. Fv. 60 Ugla-Skarstein i Stryn kommune opna 1. mars, og skredsikringsprosjektet fv. 633 Kleiva i Selje kommune opna 18. desember.

Samferdsleavdelinga har i 2018 jobba mykje med prosessen for samanslåing og organisering av nye Vestland fylkeskommune. Vi har òg jobba mykje med avvikling av sams vegadministrasjon og lagt grunnlaget for overføring av oppgåver og personell frå Statens vegvesen til fylkeskommunen. Dette arbeidet vil også krevje mykje ressursar i 2019.

Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk Kollektivprisen 2018 for tilbodet Lokaltransport for ungdom (LTU).

I 2018 er det oppretta nye serviceskysruter i Bremanger, Fjaler, Hornindal, Høyanger, Lærdal, Stryn, Vik og Årdal. Det er no serviceskysstilbod i 25 av 26 kommunar i fylket.

Vi starta hausten 2018 arbeidet med å førebu utlysing av anbod på ekspress- og lokalbåtrutene i fylket og mellom Sogn og Fjordane og Bergen med oppstart 1. mai 2022.



Heile fv. 60 mellom Olden og Innvik stod ferdig i 2018. Den siste strekninga med ny veg, mellom Ugla og Skarstein, vart opna i mars.  
Foto: Silje Drevdal/Statens vegvesen

## SAMFERDSLEBUDSJETT

Fylkeskommunen har ansvaret for

- kollektivtrafikktilbodet inkludert skuleskys
- løyvetildeling
- drift og vedlikehald av 2 599 km fylkesveg
- ferjedrift
- investeringar på fylkesvegnettet

Samla nytta samferdslesektoren 1,3 mrd. kroner til drift og investeringar i 2018.

Område	Rekneskap 2018	Budsjett 2018
Fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak	573,6	574,9
Bilruter	246,1	247,9
Fylkesvegferjer	123,2	126,0
Båtruter	111,4	111,8
Tilrettelagt transport <sup>1</sup>	8,9	9,1
Investeringar på fylkesvegnettet (brutto)	265,0	299,1
<b>Totalt</b>	<b>1 328,2</b>	<b>1 368,6</b>

<sup>1</sup> tillegg har vi fått 11 mill. kr frå Samferdselsdepartementet til utvida TT-ordning.

Tabell 30

Tala på driftsløyvingane som kjem fram i tabellen over, er nettokostnad etter at inntekter og meirverdiavgift er trekt frå.

Fordeling av midlar i samferdslesektoren




Diagram 19

## FYLKESVEG

### Sams vegadministrasjon

Statens vegvesen har det operative ansvaret for oppfølging av fylkesvegnettet og fylkesvegferjene på vegne av fylkeskommunen. Samarbeidet med vegvesenet er godt og tett, og det vert styrt gjennom ein rammeavtale og årlege leveranseavtalar. Vi har også månadlege styringsmøte med vegvesenet, samt eigarstyringsmøte for store investeringsprosjekt og tunnelrehabiliteringsprosjektet.

### Tunneltryggingsforskrift for fylkesvegtunnelar

Fylkestinget har lagt til grunn ei ramme på 1,4 mrd. 2015-kr til tunnelvedlikehald og oppgradering av fylkesvegtunnelar etter tunneltryggingsforskrifta i perioden 2016-2024. Tunnelar som er omfatta av krava i tunneltryggingsforskrifta, skal vere ferdig utbetra før 2025.

I 2018 har det vore arbeid knytt til tunneltryggingsforskrifta i følgjande tunnelar:

- fv. 55 Høyangertunnelen
- fv. 55 Kvernhaugtunnelen
- fv. 55 Råumtunnlen
- fv. 55 Ottatunnelen
- fv. 55 Røneidstunnlen
- fv. 55 Hovdetunnelen

I 2018 vart det samla nytta 133,5 mill. kr til tunnelrehabilitering. Av dette var omlag 52,7 mill. kr kostnader knytt til tunneltryggingsforskrifta.

### Flaum på Vestlandet i oktober

Store nedbørsmengder og temperaturstigning på Vestlandet 14.-15. oktober gjorde svært store flaumskadar på fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane. Dei største skadane fekk vi i Luster kommune.

Skadane var hovudsakleg knytte til utvasking og utgraving av vegane og skade på bruer. Kostnaden med å reparere skadane er berekna til om lag 100 mill. kr.

### Ressursbruk

Fylkeskommunen nytta 563,6 mill. kr til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet i 2018. Det er ein auke på 101,7 mill. kr frå året før. Til investeringar på fylkesvegnettet vart det samla nytta 265 mill. kr.



Skadar på veg i Luster kommune som følgje av flaumen i oktober 2018.  
Foto: Statens vegvesen.

Driftsutgifter til fylkesvegføremål	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016
Renter for vegforskoteringar				1,750
Driftsmidlar overført til investering			2,500	11,845
Fylkesvegvar - drift og vedlikehald	563,579 <sup>2</sup>	563,579	461,879 <sup>3</sup>	434,843 <sup>4</sup>
Fylkesvegvar - uføresette hendingar				15,000
FTU - adm. og tiltaksmidlar	0,981	1,200	0,957	1,116
FTU - trafikktryggingstiltak i kommunane	3,891	5,000	4,280	4,530
Fylkesveg, miljø og trafikktryggingstiltak - Administrasjon	5,140	5,079	4,673	4,423
Fylkesveg, miljø og trafikktryggingstiltak	573,591	574,858	474,289	473,506

I mill. kr

<sup>2</sup>Rekneskapsresultatet er inkludert ei avsetjing på 36,8 mill. kr til disposisjonsfond.

<sup>3</sup>Rekneskapsresultatet er inkludert ei avsetjing på 2,8 mill. kr til disposisjonsfond.

<sup>4</sup>Rekneskapsresultatet er inkludert ei avsetjing på 9,5 mill. kr til disposisjonsfond.

Tabell 31

### Drift og vedlikehald

Vi hadde sett av 563,6 mill. kr netto til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet i budsjettet for 2018.

Vi nytta i 2018 om lag 16 mill. kr mindre til vedlikehald enn føresett i budsjettet. I tillegg fekk vi omlag 3 mill. kr meir i refusjon av meirverdiavgift enn føresett. Vidare var det i budsjettet sett av 18 mill. kr til oppbygginga etter flaumen på fv. 60 i Utvik som ikkje vart nytta fordi arbeidet først vil bli utført i 2019.

Rekneskapan er såleis inkludert eit overført overskot på 36,8 mill. kr (mindreforbruk). Midlane vil bli lagt til i tildelinga til Statens vegvesen i 2019.

### Dekkelegging og rekkverk




Diagram 20

Det vart lagt 174 km nytt dekke og sett opp 48 km rekkverk på fylkesvegnettet i 2018. Tala for 2017 var 118 km nytt dekke og 28 km rekkverk.

Spordjupne på dekke mm (jamnheit på tvers)




Diagram 21

Spordjupne seier noko om kvaliteten på vegdekket. Det er i 2016 ikkje utført målingar på heile vegnettet, slik at talet ikkje gir ein korrekt middelverdi. Grunna feil i måleutstyret har vi ikkje data for 2017.

### Fylkestrafikktryggingsutvalet og trafikktryggingstiltak

Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) hadde 6,2 mill. kr til disposisjon i 2018. Det er brukt 4,9 mill. kr av den disponible ramma. Midlane er brukte slik:

- Trafikktryggingstiltak i kommunane: 3,9 mill. kr med eit mindreforbruk på 1,1 mill. kr
- Ulike aktivitetar knytt til trafikktrygging: 0,9 mill. kr med eit mindreforbruk på 0,2 mill. kr

13 kommunar fekk utbetalt midlar til trafikktryggingstiltak.

Mindreforbruket skuldast at tiltaka ikkje er gjennomførte, eller at tiltaka hadde lågare pris enn venta.

Trafikkulukker i Sogn og Fjordane




Diagram 22

Det er førebels rapportert inn 41 ulukker med personskade på fylkesvegane i 2018. Då det erfaringsvis er eit etterslep i rapporteringa av trafikkulukker, kan endeleg tal ulukker blir høgare. Ulukkestatla har auka dei siste åra, etter nokre år med nedgang frå 2012 til 2016. Dei fleste ulukkene med personskade i fylket er utforkøyringsulukker og møteulukker.

### TRAFIKKTRYGGINGSPRISEN

Norges Lastebileigarforbund fekk Trafikktryggingsprisen for 2018. Dei fekk prisen for å ha jobba målretta med trafikktrygging gjennom fleire år, mellom anna med kampanjen «Venner på vegen». Prisen var på 25 000 kr.



Jan-Ove Halsøy og Martin Bjørkhaug frå Norges Lastebileigarforbund tek imot sjekk, blomestokk og diplom frå fylkesordførar Jenny Følling og leiar i trafikktryggingsutvalet Noralv Distad.  
Foto: Runar B. Mæland/Sogn og Fjordane fylkeskommune




Diagram 23

Tal drepne i trafikken i Sogn og Fjordane har lege stabilt i perioden 2015–2018. Vi har ei positiv utvikling på fylkesveg, medan utviklinga på riksveg har vore negativ.

### Veginvesteringar og skredsikring

Fylkesvegforemål	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016
Investeringar	126,9	168,8	207,2	232,2
Skredsikring	138,1	130,3	48,5	233,7
Totalt	265,0	299,1	255,2	465,9

Tabell 32

Samla ramme til investeringar var 299,1 mill. kr i 2018. Det vart nytta 265 mill. kr fordelt med 126,9 mill. kr til ordinære investeringar og 138,1 mill. kr til skredsikring. Samla mindreforbruk på veginvesteringane er 25,1 mill. kr. Mindreforbruket på ordinære investeringar var 32,9 mill. kr, medan vi hadde eit meirforbruk på 7,8 mill. kr knytt til skredsikring.

#### Store prosjekt

Vi nytta 39,9 mill. kr til dei store fylkesvegprosjekta i 2018. Det vart nytta 36,7 mill. kr i prosjektet fv. 60 Uglå-Skarstein i 2018, noko som er omlag 1,7 mill. kr over budsjett. Veganlegget opna for trafikk 1. mars i 2018.

Prosjektet fv. 698 Blaksetunnelen nytta 3,2 mill. kr og fekk eit mindreforbruk på 9,6 mill. kr.

#### Førdepakken

Vi nytta 32 mill. kr til fylkesvegprosjekta i Førdepakken i 2018.

#### Mindre utbetringar

Vi nytta 30,1 mill. kr til mindre utbetringar med eit samla mindreforbruk på om lag 15,7 mill. kr. Mindreforbruket skuldast i hovudsak forseinkingar knytt til prosjekta fv. 577 Øvrebotn bru I og II og fv. 619 Barmen-Barmsund ferjekai.



Skiltet med teksten «Norges verste veg» er no historie i Stryn. F.v. ordførar i Stryn, Sven Flo, fylkesordførar Jenny Følling og fylkesdirektør for samferdsle, Dina Lefdal.

Foto: Kristin Rundsveen/Sogn og Fjordane fylkeskommune

### Gang og sykkelveggar

Vi nytta 2 mill. kr til gang- og sykkelveggar.

### Trafikktryggingstiltak

Vi nytta 12,9 mill. kr til trafikktryggingstiltak i 2018. Midlane gjekk i hovudsak til rekkverk med eit samla forbruk på 11,1 mill. kr.

### Planlegging

Til planlegging nytta vi 9 mill. kr i 2018. Planarbeidet på Atløysambandet kom ikkje i gang som føresett i 2018, men er starta opp i januar 2019. Dette arbeidet blir høgt prioritert i 2019.

### Skredsikring

Vi nytta 138 mill. kr til skredsikring i 2018. Det er om lag 7,8 mill. kr meir enn føresett i budsjettet. Det største avviket er på prosjektet fv. 663 Kleiva, som har eit meirforbruk 11,7 mill. kr og eit samla forbruk på 79,3 mill. kr. På prosjektet fv. 722 Flovegen nytta vi 13,5 mill. kr. Vi nytta 45 mill. kr på mindre skredsikringstiltak, noko som er om lag 3,7 mill. kr lågare enn budsjettet.

### Fylkesvegferjer

Fylkesvegferjer	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016
Fylkesvegferjer	123,165	125,970	127,974	114,409 <sup>5</sup>

Tabell 33

Vi nytta 123,2 mill. kr til ferjedrifta i 2018. Det er 2,8 mill. kr lågare enn budsjettet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune driv i dag seks fylkesvegferjesamband.

Vi inngjekk i desember 2016 kontrakt med Sundquist Investment Oy Ab om drift av fylkesvegferjesambandet Daløy-Haldorsneset for perioden 01.01.2019-31.12.2023 (+ opsjon). Kontrakten med Sundquist vart heva i desember 2018, og dagens kontrakt med Fjord1 vart forlenga med eitt år til 31.12.2019.

Ferjesambandet skal etter planen bli avløyst av bru over Ytre Steinsund når kontaktperioden går ut.

I 2018 har vi arbeidd med å førebu oppstart av elektrisk ferjedrift på sambandet Barmen-Barmsund. Det skal opne som fylkesvegferjesamband 1. juni 2019.



Opning av fv. 633 Kleiva i Selje kommune.  
Foto: Statens vegvesen

<sup>5</sup>Rekneskapsresultatet er inkludert ei avsetjing på 4,5 mill. kr knytt til kompensasjon mot riksregulativet og nye kvalifiseringskrav for mannskap.

### Trafikktal i dei største ferjesambanda




Diagram 24




Diagram 25

### Plangrunnlag

Grunnlaget for prioriteringane på samferdsleområdet er Regional transportplan 2018-2027 og fylkeskommunal handlingsplan for trafiktrygging 2018-2021. Plandokumentane er baserte på eit felles kunnskapsgrunnlag.

#### Regional transportplan 2018-2027

Fylkestinget har ambisjonar om å styrke vedlikehaldet av fylkesvegane for å stoppe forfallet og tilpasse veginfrastrukturen til eit endra klima med meir nedbør. Fylkesvegtunnelane skal tilfredsstillе krava til tunnelsikkerheitsforskrifta innan utgangen av 2024, etter vedteken plan for tunnelrehabilitering.

Fylkestinget har eit mål om å legge til rette for raskast mogleg overgang frå bruk av fossile drivstoff til nullutsleppskøyretøy på vegnettet og å auke talet på gåande og syklande i fylket.



Når det gjeld kollektivtrafikken, har vi eit mål at fylket skal ha eit heilskapleg rutesystem som heng saman med høvelege korrespondansar og enkel omstiging. Transportplanen legg opp til gradvis reduksjon av klimagassutslepp i samband med framtidige anbod for å nå målet om tilnærma nullutslepp i kollektivtrafikken innan 2050.

Planen har også eit mål om å sikre vegnettet mot alvorlege utforkøyringsulukker ved auka satsing på utbygging og utskifting av rekkverk og sikring av sideterreng. Vi skal ha eit effektivt transportsystem som syter for raskast mogleg framkome for næringstransporten. Klimagassutsleppa frå godstransporten skal reduserast m.a. ved godsoverføring frå veg til sjø.

#### Handlingsplan for trafikktrygging 2018-2021

Fylkeskommunen har ansvaret for å koordinere trafikktryggingsarbeidet i fylket. Det skjer gjennom handlingsplan for trafikktrygging, som tek føre seg det haldnings- skapande trafikktryggingsarbeidet. Handlingsplanen har følgjande satsingsområde i perioden 2018-2021:

- sikringsutstyr
- rusførebygging
- trafikksikker kommune
- trafikkåtferd

#### Kollektivtrafikk

##### Rammevilkår/økonomi

Budsjettet til kollektivtransport var på 368,7 mill. kr, og rekneskapen er på 366,5 mill. kr. Dette gir eit mindreforbruk innan kollektivområdet i 2018 på 2,2 mill. kr.

Driftsutgifter til kollektivtransport	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016
Bilruter	246 143	247 858	234 275	256 220
Båtruter	111 448	111 770	87 356	100 322
Tilrettelagt transport <sup>6</sup>	8 868	9 078	8 261	10 087
Sum kollektivtrafikk	366 459	368 706	329 892	366 629

Tabell 34

Mindreforbruket på bilruter er i hovudsak knytt til drift bussanbod, marknadstiltak og administrasjon. Mindreforbruket på båt skuldast høgare billettinntekter enn budsjettet. Mindreforbruk på tilrettelagt transport er knytt til oppretting av nye serviceskyssruter.

#### Tal reisande og skuleskyss

Bussrutene i det fylkeskommunale tenestekjøpet hadde 1,36 mill. passasjerar utanom skuleelevar i 2018, mot 1,46 mill. passasjerar i 2017. Rutetilbodet har vore på om lag same nivå desse åra..

Reisande med kommersielle bussruter er ikkje med i tala over. Dei kommersielle bussrutene er likevel ein viktig del av rutetilbodet i fylket, og busselskapa har forplikta seg til å bruke fylkeskommunale takstar og rabattar, samt tilby plassgaranti på fylkesinterne reiser.

Det var om lag 4700 grunnskuleelevar med skuleskyss i 2018. Det er litt færre enn året før. I vidaregåande skule hadde om lag 1450 elevar skuleskyss, noko som er på same nivå som i 2017.

<sup>6</sup>I tillegg kjem tilskot på 11,0 mill. kr frå Samferdselsdepartementet øyremerka til blinde/svaksynte og rullestolbrukarar.

## Båtruter

Båtruter omfattar

- skuleskyss
- ruter til veglause grender
- bygderuter
- lokalruter
- godsruiter
- ekspressrutene som går mellom Sogn og Fjordane og Bergen

Rutetilbodet har vore tilnærma uendra i 2018 samanlikna med 2017. Ekspress-, lokalbåt- og godsruiter er anbudsutsette.

Arbeidet med å førebu utlysing av anbod på ekspress- og lokalbåtrutene i fylket og mellom Sogn og Fjordane og Bergen med oppstart 1. mai 2022 starta hausten 2018.




Diagram 26

Frå 2017 til 2018 er det ein auke i tal passasjerar på både ekspress- og lokalbåt.

## Takstharmonisering ekspressbåt

Fylkestinget vedtok i 2017 å harmonisere billett-takstane på ekspressbåtrutene mellom Sogn/Nordfjord og Bergen. Vi valde å leggje den nye, fellestaksten om lag midt mellom nordfjord- og sognetakst, for å unngå for stort passasjerbortfall på sognerutene på grunn av takstauke. Det betyr at det vert noko dyrare for Sogn og noko rimelegare for Nordfjord. Takstauken er innført over to år, 2018 og 2019. Inntektsgrunnlaget som ligg i berekning av godtgjersle til Norled er justert ned med 1,0 mill. kr per år i 2018 og 2019 for å kompensere for estimert inntektsbortfall.

Etter at første trinn i takstharmoniseringa er gjennomført i 2018, har passasjeretalet auka på alle rutene:

- 3,8 prosent auke på Bergen-Selje
- 1,1 prosent auke på Bergen-Sogndal
- 2,3 prosent auke på sommarruta Bergen-Flåm.

## Ungdomstilbod

### Ungdomskort

Eit ungdomskort har kosta 365 kr per månad i 2018. Kortet gjev ungdom mellom 16 og 19 år rett til å reise fritt med kollektivtilbodet i Sogn og Fjordane. Etter mange år med nedgang i ungdomskortbruken, ser vi i 2018 auke i både tal selde periodar og tal reiser med ungdomskort.

**KOLLEKTIVTILBOD TIL UNGDOM**

Ungdomskort på kollektivreiser for ungdom mellom 16 og 19 år.

Trygt heim for ein 50-lapp gjev trygg transport natt til søndag for ungdom over 18 år

LTU - Midlar til fleksible skyssløysingar for ungdom mellom 13 og 19 år.



Eva Hamre og Eva Synnøve Fosshagen viser fram Kollektivprisen 2018.

Foto: Siw Heidi Bäckström/Sogn og Fjordane fylkeskommune

**Trygt heim for ein 50-lapp**

Trygt heim for ein 50-lapp-ordninga er eit tiltak for å betre trafikktryggleiken for ungdom over 18 år.

I 2018 kosta ordninga om lag 1,5 mill. kr inkludert sommarruter.

**Lokale transporttilbod for ungdom (LTU)**

Vi brukte 0,6 mill. kr til fleksible skyssløysingar for ungdommar til og frå fritidsaktivitetar på ettermiddags- og kveldstid i 2018.

Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk 1. november 2018 Kollektivprisen 2018 for tilbodet Lokaltransport for ungdom (LTU).

LTU er eit tilbod som gjer det mogleg for ungdomar i fylket å reise kollektivt til og frå fritidsaktivitetar, også når det vanlege kollektivtilbodet ikkje finst. I eit fylke med store avstandar der det er umogleg å ha eit ordinært rutetilbod som passar alle, har tilbodet vist seg å vere viktig for mange unge.

Ungdomane søkjer gjennom kommunen sin om midlar til å setje opp transport til og frå aktivitetar som til dømes ungdomsklubbar, kino, trening og konsertar.

Kollektivprisen blir delt ut av Kollektivtrafikkforeningen, og går til aktørar innan mobilitet og kollektiv for tiltak som bidreg til å forenkle folk sine liv. Juryen la vekt på at Lokaltransport for ungdom rettar seg mot framtidens kollektivkundar, at det er genialt enkelt, og at brukarane vert involverte.

**Drosje**

Det er no 158 drosjeløyve i Sogn og Fjordane, inkludert 33 reserveløyve. 54 av løyva er tilrettelagde for rullestolbrukarar.

Vi har hatt ein nedgang i tal drosjeløyve i Sogn og Fjordane dei siste åra, og det har vist seg å vere utfordrande å få søkjarar til utlyste løyve i distriktskommunar.

**Tilrettelagt transport (TT-ordninga)**

Tilrettelagt transport er eit viktig tilbod for brukarar som av ulike grunnar ikkje kan nytte ordinært kollektivtilbod.

Det er utbetalt 6,2 mill. kr til ordninga med tilrettelagt transport i 2018. Det er eit tilbod om drosjetransport til personar med varig nedsett funksjonsevne. Fylkeskommunen samarbeider med alle kommunane i fylket, og kommunane får tildelt midlar etter folketal. I tillegg er Sogn og Fjordane fylkeskommune omfatta av ei statleg ordning med øymerka midlar til blinde/svaksynte og rullestolbrukarar. Fylkeskommunen har gjennom denne ordninga fått 11,0 mill. kr frå Samferdsledepartementet. Det er fordelt på dei om lag 450 brukarane ordninga gjeld for.

Fem drosjeeigarar har fått tilskot til tilrettelegging av drosjer for rullestol, med totalt 0,2 mill. kr.

**Serviceskyss**

Serviceskyss er ei utvida form for tingingsruter som er open for alle, sjølv om hovudmålet er å finne løysingar som aukar mobiliteten til eldre og funksjonshemma. I 2018 er det etablert nye serviceskyssruter i Bremanger, Fjaler, Hornindal, Høyanger, Lærdal, Stryn, Vik og Årdal. Det er no serviceskyssstilbod i 25 av 26 kommunar i fylket.

Det vart brukt 2,5 mill. kroner til serviceskyss i 2018.

### SÆRSKILDE POLITISKE SAKER

Sak 7/18:	Søknad om tilskot til utbygging av hangar på Sogndal lufthamn
Sak 8/18:	Planleggingsprogram for fylkesvegprosjekt 2019-2021
Sak 23/18:	Flytting av endestopp for Sognebåten. Eventuelt styrka rutetilbod mellom Flåm og nordsida av Sognefjorden
Sak 24/18	Fv. 60 Storelva bru i Utvik - val av løysing
Sak 42/18	Søknad om midlar til ferjelem på Skorpa i Flora kommune
Sak 43/18	Årdal - Fv. 303 Seimsdalstunnelen - løysing for veg i dagen
Sak 54/18	Gang- og sykkelveg langs fv. 607 Heggebø-Leirvik i Hyllestad kommune

### OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK OG AVVIKSRAPPORTERING

#### Hovudutval for samferdsle

Hovudutval for samferdsle handsama 52 saker i 2018. Det er ikkje registrert avvik i viktige politiske vedtak gjort av hovudutvalet.

#### Trafikktryggingsutvalet (FTU)

Trafikktryggingsutvalet handsama seks saker i 2018. Det er ikkje registrert avvik i viktige politiske vedtak gjort av trafikktryggingsutvalet.

### MÅLEKART - AVVIK

Målekart for samferdsle har eit ambisjonsnivå på fleire enn 1,7 mill. reisande med buss og fleire enn 560 000 reisande med båt. I tillegg har vi hatt ein ambisjon om auke i tal passasjerkilometer med buss og båt (ekskl. skuleskyss). Vi har ikkje klart å nå ambisjonsnivået for tal reisande med buss. Det har også vore ein nedgang i passasjertala frå 2017 til 2018. Det er fleire årsaker til dette, m.a. kommersialisering av ruter. Vi låg også under ambisjonsnivået på tal reisande med båt, men her har de vore ei positiv utvikling i tal passasjerar dei siste åra. Samla for buss og båt har vi ein nedgang i tal passasjerkilometer. Dette er naturleg sidan det har vore færre reisande.

Indikator - konsern	SFJ 2015	SFJ 2016	SFJ 2017	SFJ 2018	Vest-Norge 2018	Landet u/ Oslo 2018
Netto driftsutgifter i kr per innbyggjar, samferdsle i alt.	8 979	9 808	9 567	10 712	5 093	4 399
Netto driftsutgifter i kr per innb., fylkesvegar	4 480	5 439	5 380	6 221	2 017	1 880
Netto driftsutgifter i kr per innb., bilruter	2 403	2 323	2 134	2 244	1 706	1 606
Netto driftutgifter i kr per innb., fylkesvegferger, konsern	964	1038	1161	1122	682	502
Netto driftutgifter i kr per innb., båtruter	1 050	918	817	1 045	383	296
Netto driftutgifter i kr per innb., transport for funksjonshemma	82	91	75	81	74	57
Brutto inv.utg. i kr per innb., fylkesvegar	1 396	3 111	2 305	2 414	2 372	2 164
Brutto investeringsutgifter i kr per innbygger, samferdsle i alt.	1 396	3 193	2 339	2 414	3 197	2 467
Brutto driftsutgifter i kr per km. fylkesveg	189 000	230 677	228 978	272 386	287 555	202 388

# TANNHELSETENESTA

## AKTIVITET I TENESTA I 2018

Vi har i 2018 hatt søkjelys på kulturbygging på tannklinikkane, etter at fleire klinikkar er slått saman.

Arbeidet med samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane kom i gang på våren 2018. Tannhelsetenesta har hatt fem delprosjekt:

- faglege rutinar
- organisering
- økonomi og rekneskap
- IKT
- løn- og arbeidsvilkår

Prosjekt for faglege rutinar og prosjekt for organisering hadde grenseflater mot kvarandre når det gjaldt framtidig organisering av tannhelsetenesta. Arbeidet i delprosjektgruppene starta 3. mai, og fylkestannlegen i Hordaland og direktøren for tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane fekk resultatata frå delprosjekta i desember 2018.

Tannhelsetenesta har saman med Nav og opplæringsavdelinga teke initiativ til å starte utdanning for tannhelsesekretærar ved Firda vidaregåande skule. Alle elevane har praksisplass ved dei offentlege tannklinikkane i fylket. Alle klinikkane har lukkast med å skaffe ein lokal rettleiar for elevane med oppfølging frå skulen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune var i 2018 vertskap for Samfunnsodontologisk forum for første gong på 20 år. Om lag 200 deltakarar frå tannhelsetenesta i heile landet deltok på arrangementet i Loen i juni. Vi har i ettertid fått mykje positive tilbakemeldingar på arrangementet.

I september 2018 kom det nye nasjonale faglege retningslinjer for tannhelsetenester til barn og unge mellom 0 og 20 år. Tannhelsetenesta har starta innføringa, og sørgjer for at dei nye retningslinjene blir forankra på klinikkane.

Gjennom tilskot frå Helsedirektoratet tilbyr tannhelsetenesta tilrettelagt tannbehandlingstilbod for tortur- og overgrepsutsette og personar med sterk angst for tannbehandling (odontofobi). Tilbodet vert forkorta TOO (tortur, overgrep og odontofobi), og det første tverrfaglege behandlarteamet i Sogn og Fjordane vart oppretta i Florø i 2015. I 2018 oppretta vi eit nytt tverrfagleg behandlarteam i Sogndal, og vi fekk med tannpleiarar i begge teama, i tillegg til tannlege, tannhelsesekretær og psykolog. Dette er i tråd med føringane som vert lagde frå regjeringa når det gjeld desse gruppene.

## UTFORDRINGAR FRAMOVER

Tannhelsetenesta held fram arbeidet med å samlokalisere og ruste opp tannklinikkar etter strukturvedtaket i fylkestinget i 2016. Nokre klinikkar er ikkje oppgraderte etter planen. Det skuldast at utbyggingar må sjåast i ein større samanheng.



Samfunnsodontologisk forum i Loen 2018.  
Foto: Elisabet Skrede

Tenester	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017	Rekneskap 2018	Budsjett 2018
Tannhelsetenesta - fellesfunksjonar	19,2	19,5	19,4	16,5
Tannhelsetenesta - pasientbehandling	64	63,7	64	66,9
Sum	83,2	83,2	83,4	83,4

Tabell 36: Tannhelsetenesta sine netto driftsutgifter 2016–2018, i mill. kr. Tala for fellesfunksjonar i tannhelsetenesta inneheld resultatoverføring (disposisjonsfondet), eit overskot i 2016 på 2,6 mill. kr, eit overskot på 1,9 mill. kr i 2017, og eit overskot på 3,0 mill.kr i 2018.

Det er blitt meir utfordrande å rekruttere tannlegar siste året. Det er særleg knytt til mindre klinikkar.

Tannhelsetenesta er kjent med at det er tre kommunar som har søkt om å få vere med i regjeringa sitt forsøksprosjekt med å overføre tannhelsetenesta til kommunane. Regjeringa kom ikkje med noko avklaring om dette i 2018. Det har skapt uro i personalgruppa på gjeldande klinikkar.

Ansvar for den offentlege tannhelsetenesta er regulert gjennom lov om tannhelsetenesta. Fylkeskommunen har definert tal for måloppnåing i vedteke plan-dokument - Strategisk handlingsplan for den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane 2014–2017. Planen gjeld til samanslåing med Hordaland i 2020.

Tannhelsetenesta har ansvar for desse gruppene:

- barn og unge 0-18 år (gr. A)
- psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon (gr. B)
- grupper av eldre, langtidssjuka og uføre i institusjon (gr. C1) og heimesjukepleie (gr. C2)
- ungdom 19-20 år (gr. D)

27 908 personar, 89 prosent, i dei prioriterte gruppene var under tilsyn i 2018. Det er same prosenttal som vi har lege på dei seinare åra, rundt 90 prosent. Den offentlege tannhelsetenesta hadde totalt ca. 35 000 pasientar under tilsyn i 2018.

Tannhelsetenesta registrerer kvart år tannhelsedata på nøkkelårskull: 5-, 12-, 15- og 18-åringar. (KOSTRA-tal). Vi gjer det for å identifisere når tannhelseproblem kan oppstå.

- 85 prosent av 5-åringane hadde ikkje hol i mjølketennene. Det er ei forbe-tring frå i fjor, då talet var 82 prosent. I 2016 var også talet 82 prosent og 85 prosent i 2015.
- 12-åringane har i gjennomsnitt 0,7 tenner med hol - ikkje forandring frå dei siste åra. 15-åringane har i gjennomsnitt 1,7 tenner med hol, og 18-åringane har 3,1 i gjennomsnitt. Desse tala er like med tala for 2017.
- Barn og unge i Sogn og Fjordane har god tannhelse, men 10 prosent (8,5 prosent i 2016 og 6,9 prosent i 2017) av 18-åringane har meir enn ni hol i tennene. Vi ser at dette talet svingar, og vi må jobbe med førebyggjande tiltak. Pasientane dette gjeld treng større individuell oppfølging. Høg kariesaktivitet kan føre til større tannhelseproblem i vaksen alder.

Rekneskapet for 2018 er gjort opp med avsetjing til disposisjonsfond på 3 mill. kr. Overskotet skuldast i hovudsak vakansar.

Den offentlege tannhelsetenesta utførde til saman 92,06 årsverk i 2018. Av desse var 30,80 tannlegeårsverk og 15,9 tannpleiarårsverk. I 2017 utførte vi totalt 97,6 årsverk.

## LIKESTILLING, LIKEVERD OG MANGFALD

Tannhelsetenesta er medviten planen for mangfald og likeverd. Det gjer seg gjeldande ved tilsettingar og ved tilbodet til

- personar med funksjonshemming
- prioritert klientell utan tilstrekkelege norskkunnskapar

## FOLKEHELSEARBEID

Faktorar som gjev god helse, er som regel også gunstige for tannhelsa. Mange avgjerder som påverkar tannhelsa, vert ofte tekne utanfor ansvarsområdet til helsesektoren eller tannhelsetenesta.

Tannhelsetenesta må difor samarbeide med kommunar, statlege instansar og andre samarbeidspartnarar for å redusere helserisiko i befolkninga og for å betre helsa for den enkelte. Tannhelsetenesta skal delta i det generelle folkehelsearbeidet. Vi har også i 2018 lagt stor vekt på å førebygge svak tannhelse blant risikogrupper. Som regional utviklingsaktør skal vi bidra til sosial utjamning når det gjeld tannhelse. Tannhelsetenesta har i 2018 vidareført samarbeidet med Høgskulen på Vestlandet, Campus Førde, avd. helsefag, der vi underviser i oral helse alle tre studieåra. Dette meiner vi gjev god kunnskap om oral helse til komande sjukepleiarar, noko som er viktig då stadig fleire eldre har eigne tenner som må takast godt vare på.

## MÅLEKART - AVVIK

Tannhelsetenesta har ingen avvik i forhold til målekartet. Resultatet på prioriterte pasientar under tilsyn ligg over ambisjonsnivået. Det same gjeld kariesfrie 5-, 12-, og 18-åringar. Vi held også ambisjonsnivået når det gjeld plandokument og avtalar med kommunar og helseføretak.

## KOSTRA - NØKKELTAL

Indikator - konsern	SFJ 2015	SFJ 2016	SFJ 2017	SFJ 2018	Vest-Norge 2018	Landet u/ Oslo 2018
Netto driftsutgifter per innbyggjar i kroner	776	753	756	759	521	505
Brutto driftsutgifter per innbyggjar i kroner	992	969	946	971	748	732
Netto driftsutgifter i prosent av fylkeskommunen sine samla netto driftsutgifter	3,7	3,6	3,6	3,5	3,9	4,1
18-åringar, andel behandla med DMFT>9 *	10,1	8,4	6,9	9,9	7,4	7,8

\*Viser kor mange 18-åringar som har over ni tenner med karies (behandla eller ubehandla).  
Tabell 37

# BYGG OG EIGEDOM

Bygge- og eigedomstenesta leverer tenester knytte til eigarfunksjonen til fylkeskommunen.

Det inneber ansvaret for å skaffe naudsynte bygg og tenlege lokale til alle delar av den fylkeskommunale verksemda. Arbeidet omfattar alle sider av forvaltning, drift, vedlikehald, utvikling og service.

Vi har eit overordna mål om å oppretthalde verdien på eigedomsmassen. Eigedommane og bygningane skal heile tida vere tilpassa behovet til brukarane og ha løysingar som er best mogleg lagt til rette for framtidige endringar.

## BYGGE- OG INVESTERINGSPROSJEKT - PLANLEGGING OG BYGGING

Aktiviteten på nye, større bygge- og investeringsprosjekt har i 2018 i hovudsak vore knytt til:

- **Prosjekt ved Måløy vidaregåande skule**  
I 2018 sette vi i gang arbeidet med rehabilitering av bygg B og C ved Måløy vidaregåande skule. Det er ei stor ombygging spesielt knytt til klasserom, studieareal og fellesareal. Skulen har flytta undervisning ut i mellombelse lokale, og arbeidet på plassen er komme godt i gang. Ferdigstilling er planlagt i løpet av 2019.
- **Prosjekt ved Sogndal vidaregåande skule**  
Byggsteg 2 ved Sogndal vidaregåande skule vart teke i bruk hausten 2017, og Statsbygg overtok det gamle gymnasbygget på Fosshaugane i samsvar med kjøpsavtalen. Den vidaregåande skulen i Sogndal er dermed samla på ein stad, slik målsettinga var. I 2018 har aktiviteten vore knytt til noko etterarbeid i idrettshallen, noko ombygging av eksisterande skule og kontrollar og etterprøvingar av tekniske komponentar i samband med prøvedriftsperioden.
- **Prosjekt ved Eid vidaregåande skule**  
Prosjektet ved Eid vidaregåande skule vart sett i gang i 2018, og gjeld eit mindre tilbygg som er aktualisert fordi Eid kommune har behov for undervisningsareal. Kommunen og fylkeskommunen skal samarbeide om det pedagogiske opplegget for flyktningar og må ha ei god integrering. Prosjektet skal etter planen vere ferdig i løpet av 2019.
- **Prosjekt ved Mo- og Øyrane vidaregåande skule**  
Vi har i løpet av året planlagt, henta inn anbod og inngått kontrakt for å byggje ny ridehall på Mo. Prosjektet inneheld ridehall med tilhøyrande funksjonsrom som lager, tribune, garderobar, toalett og eit fleksibelt rom til undervisning, utleige, klubbhus, m.m. Bygget skal vere ferdig i løpet av 2019.



## UTVIKLINGSPROSJEKT/TIDLEGFASE

Bygge- og eigedomstenesta arbeider òg med større og mindre utviklingsoppgåver og vurderingar i den tidlege fasen av ein del prosjekt. I 2018 har vi mellom anna arbeidd med:

- **Samanslåing av dei vidaregåande skulane i Førde**  
Vi har jobba vidare med utgreiingsarbeidet kring etablering av ein felles vidaregåande skule i Førde. Vi har på plass ein intensjonsavtale med Førde kommune og har arbeidd med eit nytt rom- og funksjonsprogram for den nye og samla skulen. Arbeid knytt til prosessane omkring områderegulering av Indre Øyrane er òg vidareført.
- **Sogndal vidaregåande skule, avdeling Kaupangar og nytt vitensenter**  
Den vidaregåande skulen har saman med programmerarar laga eit nytt rom- og funksjonsprogram for skulen. Samstundes har Vitensenteret arbeidd med eit program knytt til innhald, behov og finansiering av senterdelen av det planlagde anlegget.
- **Kjøp av Flora Idrettssenter**  
Fylkestinget vedtok i 2018 at fylkeskommunen skulle kjøpe Flora Idrettssenter. Vi var gjort grundige vurderingar og tingingar omkring framtidige leigeavtalar for å få dette på plass. Like eins har vi gjennomgått nye driftsstrukturar for idrettssenteret, slik at grunnlaget for sjølve gjennomføringa av kjøpet i løpet av 1. kvartal 2019 ligg føre.

## OMBYGGING, REHABILITERING OG SIKRING

Bygge- og eigedomstenesta gjennomfører årleg fleire større og mindre prosjekt innan ombygging, rehabilitering og sikring. I 2018 hadde vi mellom anna desse prosjekta:

- nytt sagbruksbygg på Mo
- oppgradering av utomhusanlegget ved Sogn jord- og hagebruksskule
- ombygging blokk A på Fylkeshuset
- nye heisar for universell tilkomst på Dale, Høyanger og Firda vidaregåande skular
- oppfylging av ulike tiltak etter tilstandsanalyser på brann- og naudlysanlegg
- rehabilitering av fylkeskommunale bustadar i Førde og på Eid og Leikanger

Vi har også jobba vidare med skalsikring av den fylkeskommunale bygningsmassen, og det kontinuerlege arbeidet med oppgradering av fleire naudlys- og brannalarmanlegg held fram.

## ANDRE TILTAK

### Tiltak for gåande og syklende

Bygge- og eigedomstenesta har i 2018 òg gjennomført tiltak for å betre tilhøva for gåande og syklende. Det gjeld ulike tiltak i tilknytning til dei fylkeskommunale eigedommane i fylket. Tiltaka omfattar blant anna betre sykkelparkering, betre fortau og tilkomst, betre av- og påstigingsløyseringar for skulebussar og betre merking.

### Fysisk miljø og inneklima / HMT

Tenesta er kontinuerleg oppteken av at alle bygg skal ha eit godt innemiljø. Vi

kartlegg via enkle parameter som temperatur, relativ fuktigheit og CO<sub>2</sub>-innhald i lufta ved ulik bruk. Vi utfører aktuelle tiltak som akutte prosjekt eller som del av vedlikehaldsplanen etter behov. Tenesta følgjer òg opp aktuelle saker i samband med helseverngodkjenninga av dei einskilde skulane og ulike tilsyn retta mot HMT-arbeid.

#### Universell utforming

Bygge- og eigedomstenesta har i 2018 oppdatert strategien for oppfylging av universell utforming i dei fylkeskommunale bygga. Vi har tidlegare kartlagt tilstanden til dei fylkeskommunale eigedommane og la då fram resultatet av arbeidet i ein eigen rapport. Vi vurderer, planlegg og prioriterer fortløpande dei aktuelle punkta i tiltakslista for oppfølging, anten som eigne prosjekt eller som del av større ombyggingar og rehabiliteringsarbeid.

#### Driftstenester

Alle tekniske driftstenester i fylkeskommunen vert utførte av bygge- og eigedomstenesta, og tenesta er etablert med regionale, tekniske driftsavdelingar i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. Vi har brukaravtalar med dei vidaregåande skulane som regulerer ansvarstilhøve og oppgåvefordeling. I tillegg har vi i 2018 arbeidd med å implementere eit nytt system for ei heilskapleg forvaltning, drift og vedlikehald av dei fylkeskommunale bygga.

#### Andre oppgåver

Bygge- og eigedomstenesta utfører òg forvaltningsoppgåver for tannhelsetenesta og samferdsleavdelinga. Arbeidet for tannhelsetenesta gjeld bistand ved nye leigeavtalar, endringar i eksisterande avtalar og tekniske driftstenester for tannlegekontora i fylket. Tannhelsetenesta syter sjølv for dentalteknisk drift av det tekniske utstyret på tannklinikkane. Arbeidsoppgåvene knytte til samferdsle er i hovudsak avklaringar og tingingar omkring eige- eller leigetilhøve for rutebilstasjonar i fylket.

Bygge- og eigedomstenesta arbeider aktivt for å etablere effektive energiløysingar og slik redusere den samla energibruken i fylkeskommunale bygg. Les om dette på side 39i kapittelet klimaarbeid.

# ORGANISASJON



Vg1 helse- og oppvekstfag har meldt seg på prosjektet «Livsglede for eldre» som handlar om å gjennomføre enkle aktivitetar til glede for eldre nokre gonger i skuleåret.  
Foto: Måløy vidaregåande skule 1HSA

# FYLKESKOMMUNEN SOM ARBEIDSGJEVAR

Arbeidsgjevarområdet dekkjer strategiske tiltak for

- rekruttering
- personal- og organisasjonsutvikling
- likestilling
- arbeidsmiljø

Einingsleiarane har ansvar for å utøve personalpolitikken til fylkeskommunen. Arbeidsgjevarpolitikken er i hovudsak styrt gjennom lovverk, forskrifter og avtaleverk. Personalstaben til fylkesrådmannen (FRM-personal) gir støtte, råd og rettleiing til einingsleiarane.

Sentrale arbeidsoppgåver for FRM-personal har i 2018 vore

- arbeidet med fylkessamanslåinga
- oppfølging av handlingsplan for likestilling, likeverd og mangfald
- oppfølging av kompetanseregistreringssystemet
- oppfølging og vidareutvikling av rekrutteringssystem og rutinar
- oppfølging av resultat frå medarbeidarundersøking
- gjennomføring av
  - lokale lønsforhandlingar
  - leiarsamlinga til fylkesrådmannen
  - introduksjonssamling for nye tilsette
  - fagseminar for reinhaldspersonale
  - fagdagar innan rekrutteringsarbeid
  - grunnopplæring i arbeidsmiljøkunnskap (målgruppa er verneombod, lokalt arbeidsmiljøutval og leiarar)
- operativ leiarstøtte innan personalforvaltning
- å tilby og tildele midlar til hospitering
- deltaking på rekrutteringsmesser i Trondheim, Oslo, Sogndal og Bergen

## PERSONALPOLITISKE TILTAK

Fylkeskommunen løyvde 200 000 kroner til hospitering i 2018. Av desse vart 1/3 (ca. 67 000 kroner) prioritert til søkjarar over 55 år, jamfør seniorpolitisk handlingsplan.

Totalt søkte 13 personar om tilskot i 2018:

- 11 kvinner og 2 menn
- 7 kvinner og 0 menn var over 55 år

Alle som søkte, fekk tilskot til hospitering.

Det er refundert 139 011 kroner i tilskot til hospitering i 2018.

Tilskot til hospitering 2016		Tilskot til hospitering 2017		Tilskot til hospitering 2018	
23 kvinner	kr 142 188	11 kvinner	kr 130 290	11 kvinner	kr 142 288
9 menn	kr 75 000	12 menn	kr 71 858	2 menn	kr 34 900
<b>Tildelt totalt</b>	<b>kr 217 188</b>	<b>Tildelt totalt</b>	<b>kr 202 148</b>	<b>Tildelt totalt</b>	<b>kr 177 188</b>

Tabell 38  
Fordeling av tilskot til hospitering.

Fylkeskommunen har gitt 1474 arbeidsdagar permisjon til utdanning og kompetansetiltak i 2018. Kvinner har nytta 62,6 prosent av desse, mot 65,1 prosent i 2017.

### ARBEIDSMILJØARBEIDET

Fylkeskommunen har undertekna avtalen for eit inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen). Vi arbeider systematisk med dette og har forplikta oss til følgjande tre delmål i IA-avtalen:

- å redusere eller stabilisere sjukefråværet
- å leggje til rette for at personar med redusert arbeidsevne får halde fram arbeidet sitt
- å auke den gjennomsnittlege avgangsalderen for pensjonering

Det skjer ei vriding frå kollektive tiltak til meir individretta arbeid i korleis vi arbeider med å utvikle arbeidsmiljøet. Vi har ei målsetting om at sjukefråværet over tid ikkje skal vere over fem prosent og arbeider difor aktivt med førebyggjande tiltak og oppfølging av sjukmelde medarbeidarar. Vi prioriterer tilrettelegging av arbeidsplassen for å halde på tilsette som får helseplager. Årleg gjennomfører vi grunnopplæring i arbeidsmiljøkunnskap som tilbod for leiarar, verneombod og medlemmer av i arbeidsmiljøutvala våre.

Det registrerte sjukefråværet i 2018 var 5,5 prosent. Det er 0,5 prosentpoeng over målsettinga om maksimalt 5 prosent. Gruppa Andre (OKOS, fylkesarkivet og fylkesbiblioteket) vart frå 01.01.2017 slått saman med sentraladministrasjonen.

Fråværsutvikling




Diagram 27

Sjukefråværsutvikling		2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Kvinner	Sentraladm.	7,2	5,1	7,2	5,7	5,3	4,8	4,8	5,5
Menn	Sentraladm.	2,9	2,2	3,7	1,9	3,6	3,1	2,9	4,3
Sum totalt	Sentraladm.	4,8	3,5	5,4	3,7	4,4	3,9	3,8	4,8
Kvinner	Opplærings- sektoren	5,0	5,6	7,0	4,8	6,1	5,6	6,3	6,7
Menn	Opplærings- sektoren	2,8	4,0	3,7	3,0	3,6	3,7	4,1	3,8
Sum totalt	Skule	3,9	4,9	5,4	3,9	4,9	4,7	5,3	5,5
Kvinner	Tannhelse	5,2	9,0	9,2	5,6	5,1	6,7	6,2	8,4
Menn	Tannhelse	1,3	6,7	6,0	2,5	4,5	5,4	2,6	4,2
Sum totalt	Tannhelse	4,5	8,6	8,7	5,2	5,0	6,5	5,8	8,0
Kvinner	Andre	5,9	2,5	4,2	4,6	5,5	5,8	Utgått	Utgått
Menn	Andre	4,9	12,6	4,4	4,8	0,8	3,6	Utgått	Utgått
Sum totalt	Andre	5,6	4,7	4,3	4,6	4,3	5,1		
Sum totalt kvinner		5,3	5,9	7,1	5,0	5,8	5,6	6,1	6,7
Sum totalt menn		2,8	3,9	3,8	2,8	3,6	3,6	3,8	3,9
Sum begge kjønn		4,1	5,0	5,6	4,0	4,8	4,7	5,1	5,5

Tabell 39

### SENIORPOLITISK ARBEID

Vi legg med seniorsatsinga til rette for å utvikle og nytte kunnskapane, ferdigheitene og arbeidsevna til seniormedarbeidaren på ein måte som tener både arbeidsgjevar og arbeidstakar. Desse medarbeidarane står for viktige ressursar i organisasjonen. Dei er produktive og har gode føresetnader for å tileigne seg ny kunnskap. Dei er samstundes medarbeidarar med god mellommenneskeleg innsikt, samt plikt- og ansvarskjensle. Fylkeskommunen legg forholde til rette slik at denne arbeidstakar-gruppa skal trivast og få personlege og faglege utviklande arbeidsoppgåver. Seniorpolitikk er også å leggje til rette for at kvar einskild skal få avslutte yrkeskarrieren sin på ein tenleg og verdig måte.

#### Litt om ordninga

Seniorsatsing er eit tredelt leiarverktøy. Det første tiltaket rettar seg mot medarbeidaren frå det året han/ho fyller 55 år og får eit fortrinn ved tildeling av hospiteringsmidlar. Ut frå prioritert behov i verksemda og ønske medarbeidarane har om kompetanse, skal tilsette i alderen 55+ prioriterast. Utviklingssamtalen frå 55+ skal ta opp seinkarrieren som tema.

Tiltak to er eit årleg seinkarrierekurs for medlemane i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens pensjonskasse (SPK). Innhaldet i kurset er motivasjon med arbeidspsykologisk vinkling og direkte faktakunnskap om pensjon, inkludert tilbod om individuell samtale med seniormedarbeidaren. Her får seniormedarbeidaren rekna ut pensjonen sin, gitt opplysningane som ligg føre.

Det tredje tiltaket er at seniormedarbeidaren frå fylte 62 år, og vidare kvart år fram til han/ho fyller 67 år (seks gonger), kan søkje næraste overordna om utviklingstiltak/subsidiert avlastningstiltak. Kvar inngåtte avtale med senioren gir einingar eit årleg tilskot på 7000 kroner.

60 seniormedarbeidarar nytta ordninga i 2018. I 2016 var talet 55 og i 2017 var talet 47. 29 seniorar deltok på kursdagen for medlemane i Statens pensjonskasse, medan 30 deltok på kursdagen for seniormedlemene i KLP. Alle fekk tilbod om ein til ein-samtale med personleg utrekning av den framtidige pensjonen sin.

### BEDRIFTSHELSETENESTA

Tenesta skal dekkje behova vi har for hmt-oppfølging og bistand etter

- § 3-3 i arbeidsmiljølova
- kapittel 13 i forskrift om organisering, leing og medverknad
- § 5 i forskrift om systematisk hmt-arbeid

FRM-personal har den kontinuerlege oppfølginga av bestillingar og mottek løpande rapportar og notat som skildrar bedriftshelsetenesta sine utførte oppdrag. Vidare gjennomfører FRM-personal minimum to årlege status- og bestillarmøte med leverandøren.

Kundeansvarleg i 2018 har vore Wenche Elveseter. Totalt er det levert vel 1170 tenestetimar for ein samla verdi av 1 054 435 kr. Tabellen under syner tenesteleveransen fordelt på overordna tenesteområde.

Leverte tenester	Kostnad
Volum	1 054 435
Arbeidshelse	26 783
Ergonomi	113 288
Helsekontroll (HK)	254 865
Kurs	101 744
Livsstil	12 505
Psykososialt og organisatorisk	55 618
Sjukefråvær	19 478
Systematisk HMT-arbeid	432 789
Yrkeshygiene	49 129
Total leveranse inkl. vaksine, utlån av yrkeshygienisk utstyr og dagpakkar	1 066 205

Tabell 40




Diagram 28

## ARBEIDSSTYRKEN

Vi har ein arbeidsstyrke på 1311 personar, der 59,0 prosent kvinner. 31,7 prosent av dei tilsette i fylkeskommunen arbeidde deltid i 2018, mot 30,5 prosent i 2017. Det er kvinner i vel sju av ti deltidsstillingar. Skeivfordelinga er i hovudsak eit uttrykk for tradisjonelle familiemønster. Menn arbeider heiltid og kvinner deltid. Den fleksible haldninga fylkeskommunen har til arbeidstakarane sine eigne ønske, fører til fleire deltidsstillingar og fleire deltidstilsette kvinner.

Det er to hovudgrunnar til denne deltidsutfordringa i opplæringssektoren:

- Det er mange reinhaldar- og miljøarbeidarstillingar i opplæringssektoren. Mange av desse stillingane er deltidsstillingar.
- Krav til undervisningskompetanse i dei ulike faga gjer at undervisningsoppgåvene må løysast gjennom deltidsstillingar, for å få timeplanane til å gå i hop med den økonomiske ramma.

Gjennomsnittleg stillingsstorleik i fylkeskommunen var 89,1 prosent i 2018, mot 89,4 i 2017.

Stilling	Kvinner	Prosent	Menn	Prosent	Totalt	Prosent
Heiltid	473	36,1 %	420	32,0 %	896	68,3 %
Deltid	300	22,9 %	118	9,0 %	415	31,7 %
Totalt	773	59,0 %	538	41,0 %	1311	100,0 %

Tabell 41: Tal deltidstilsette og heiltidstilsette inklusiv lærlingar og eksklusiv permitterte.



Stillingsgrupper	Kvinner	%	Menn	%	Totalt	%
Kontorstøtte	98,6	8,5 %	10,3	0,9 %	108,9	9,4 %
Drifts- og støttestillingar til fagstillingar	131,2	11,3 %	59,3	5,1 %	190,5	16,4 %
Sakshandsamarstillingar	57,7	5,0 %	69,9	6,0 %	127,6	11,0 %
Fagstillingar fylkesarkiv, fylkesbibliotek m.m.	8,2	0,7 %	1,3	0,1 %	9,46	0,8 %
Tannlegestillingar	27,2	2,3 %	9,8	0,8 %	37	3,2 %
Pedagogstillingar	308,1	26,5 %	291,3	25,1 %	599,4	51,6 %
Leiarstillingar	45	3,9 %	44	3,8 %	89	7,7 %
<b>Totalt</b>	<b>676,0</b>	<b>58,2 %</b>	<b>485,9</b>	<b>41,8 %</b>	<b>1161,9</b>	<b>100,0 %</b>

Tabell 42: Tal årsverk fordelt på stillingsgrupper, eksklusiv permitterte og lærlingar.

2014		2015		2016		2017		2018	
Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner
59 %	41 %	49 %	51 %	49 %	51 %	49 %	51 %	49 %	51 %

Tabell 43: Utviklingstrekk, fordeling av leiarstillingar mellom menn og kvinner.

Sektor	Menn	%	Kvinner	%
Sentraladministrasjonen	10	48 %	11	52 %
Tannhelse	0	0 %	1	100 %
Kultur	1	50 %	1	50 %
Opplæring (skulane og PPT)	33	51 %	32	49 %
<b>Totalt alle sektorarar</b>	<b>44</b>	<b>49 %</b>	<b>45</b>	<b>51 %</b>

Tabell 44: Leiarstillingar fordelt på sektor og kjønn, eksklusive permitterte.

	Foreldrepermisjon	Barns sjukdom	Omsorgspermisjon	Anna velferd
Kvinne	77,40 %	69,30 %	65,40 %	66,90 %
Mann	23,60 %	30,70 %	34,60 %	33,20 %

Tabell 45: Prosentvis fordeling av permisjonsdagar.

## LØNSSTATISTIKK OG LØNSFORHANDLINGAR

Samla var lønsgjennomsnittet for kvinner i fylkeskommunen 95,4 prosent av lønsgjennomsnittet for menn i 2018, mot 95,1 prosent i 2017. I 2013 var lønsgjennomsnittet for kvinner 91,5 prosent. Skilnaden minkar jamt. Tilsvarande tal for kommunesektoren samla var 93,8 prosent i 2017 og 94,1 prosent i 2018<sup>1</sup>.

Forklaringa på skilnaden er i hovudsak stillingsstrukturen mellom kvinner og menn. Tradisjonelle kvinneyrke i fylkeskommunen er kontorstøtte-, drifts- og støttestillingar til fagstillingar. Dei utgjer kring 26 prosent av dei tilsette i fylkeskommunen, og det er kvinner i kring tre av fire stillingar. Gjennomsnittsløna til desse gruppene er lågare enn for andre stillingsgrupper.

Stillingsgruppe	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Kontorstøttestillingar	92,6	94,6	91,3	95,1	96,4	99,4
Drifts- og støttestillingar til fagstillingar	98,4	97,6	99,1	101,5	100,2	100,2
Sakshandsamarstillingar	94,4	95,7	97,2	95,3	96,3	95,5
Fagstillingar, fylkesarkiv, fylkesbibliotek m.m.	113,9	109,0	108,8	103,7	100,2	106,5
Tannlegestillingar	93,4	95,9	95,2	95,5	94,3	90,8
Pedagogiske stillingar	100,0	99,6	100,7	101,5	102,4	102,7
Leiarstillingar	100,3	96,3	101,6	99,3	98,0	99,5
Alle årsverk	91,5	93,1	96,2	95,4	95,1	95,4

Tabell 46: Utvikling av kvinner si løn i prosent av menn si løn, etter årsløn og stillingsgrupper.

Kap. 3.4 og 5.2 får all løn fastsett gjennom lokale forhandlingar. I kapittel 3.4 fekk kvinner ein noko større del av lønstillegga enn lønsdanninga tilsa. I kapittel 5.2 var resultatet omvendt. Det var ikkje lokale forhandlingar i kapittel 4.2.1 i 2018. I 2017 fekk kvinner ein større del av lønstillegga i 4.2.1 enn lønsdanninga tilsa. Slik var det også i 2014.

Lokale lønsforhandlingar	Del av lønsdanninga		Del av lønstillegga	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kap. 3.4 Leiarar	51,0 %	49,0 %	52,5 %	47,5 %
Kap. 5.2 Sakshandsamarar, tannlegar og fagstillingar	55,3 %	44,7 %	52,5 %	47,5 %

Tabell 47: Fordeling av lønstillegga på kjønn i høve lønsdanninga.

<sup>1</sup><https://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/statistikker/lonnansatt/aar>

# LIKESTILLING, LIKEVERD OG MANGFALD

## HANDLINGSPLAN FOR LIKESTILLING, LIKEVERD OG MANGFALD

Likestillingsutvalet vedtok justering av handlingsplanen for likestilling, likeverd og mangfald i 2014. Planperioden var frå 2014 til 2017. På grunn av samanslåinga med Hordaland fylkeskommunen frå januar 2020 har vi valt å arbeide vidare etter vedteken handlingsplan.

Det berande prinsippet for handlingsplanen er at mangfald er ein ressurs, og at Sogn og Fjordane fylkeskommune skal vere inkluderande, syne omsorg og ha respekt for alle.

Visjonen er:

«Sogn og Fjordane fylkeskommunen skal vere kjent for å arbeide aktivt med likestilling, likeverd og mangfald»

### Overordna mål

Ambisjonen er at medarbeidarane og brukarane skal oppleve at Sogn og Fjordane fylkeskommune er ei verksemd som prioriterer og verdset likestilling, likeverd og mangfald. Det skal målast i medarbeidar- og brukarundersøkingar. Ambisjonen er at minst 80 prosent opplever dette.

### Delmål

1. Mål og tiltak for likestilling, likeverd og mangfald skal innarbeidast i regionale planar der det er naturleg.
2. Innan utgangen av 2014 skal fylkeskommunen tilfredstille aktivitets- og rapporteringsplikta i tråd med diskrimineringslova om seksuell orientering (ny lov frå januar 2014).
3. Innan utgangen av 2015 skal Fylkesspegelen byrje å publisere ein årleg mangfalds- og likestillingsstatus for Sogn og Fjordane.
4. Innan utgangen av planperioden skal fylkeskommunen ha gjort ei ny kartlegging av eigedomane til fylkeskommunen når det gjeld krav om universell utforming.
5. Innan utgangen av 2016 skal fylkeskommunen ta initiativ til eit samarbeidsprosjekt mellom dei offentlege aktørane i fylket om korleis offentlege nettsider kan bidra til betre integrering av innvandrarak.
6. Innan utgangen av 2017 skal tal faste tilsette som ufrivillig arbeider deltid i fylkeskommunen vere redusert frå 39 til 26. Ein reduksjon på 33 prosent.
7. Innan utgangen av 2017 skal informasjonsproduksjonen til fylkeskommunen formidle at fylkeskommunen er ein inkluderande arbeidsgjevar og tenestytar der dette er tenleg.

### Tiltak

For å nå det overordna målet og dei sju delmåla arbeider fylkeskommunen med følgjande tiltak:

#### Tiltak overordna mål

Fylkeskommunen skal også i neste planperiode tilfredstille aktivitets- og rapporteringsplikta i gjeldande lovkrav. For å nå det overordna målet må

- kvar eining halde fram med å kartleggje, registrere, rapportere, setje i gang og evaluere likestillings-, likeverds- og mangfaldstiltak
- fylkesrådmannen og fylkesdirektørane samle inn og samanfatte dei einingsvise rapportane og formidle dette i årsrapporten til fylkesrådmannen

Når ansvar og rapportering vert lagt til kvar eining og kvar sektor, vil fylkeskommunen samla kunne gi ei konkret og korrekt framstilling av tilhøva og likestillingsarbeidet i heile fylkeskommunen.

#### Tiltak delmål 1

Fylkesrådmannen skal ta stilling til om mål og tiltak for likestilling, likeverd og mangfald skal innarbeidast i nye regionale planar eller ved revisjon av eksisterande.

#### Tiltak delmål 2

Innan utgangen av 2014 skal fylkeskommunen tilfredstille aktivitets- og rapporteringsplikta i tråd med diskrimineringslova om seksuell orientering (ny lov frå januar 2014).

#### Tiltak delmål 3

Innan utgangen av 2015 skal Fylkesspegelen byrje å publisere ein årleg mangfalds- og likestillingsstatus for Sogn og Fjordane.

#### Tiltak delmål 4

Innan utgangen av planperioden skal fylkeskommunen ha gjort ei ny kartlegging av eigedomane til fylkeskommunen når det gjeld krav om universell utforming.

#### Tiltak delmål 5

Innan utgangen av 2016 skal fylkeskommunen ta initiativ til eit samarbeidsprosjekt mellom dei offentlege aktørane i fylket om korleis offentlege nettsider kan bidra til betre integrering av innvandrarar.

#### Tiltak delmål 6

Innan utgangen av 2017 skal tal faste tilsette i fylkeskommunen, som ufrivillig arbeider deltid, vere redusert frå 39 til 26 personar, ein reduksjon på 33 prosent. Dette tiltaket må gjennomførast i tråd med gjeldande lov- og avtaleverk og gjennom bruk av kompetansehevingstiltak.

### Organisatoriske tiltak jamfør § 2.3 i hovudtariffavtalen

1. Ved ledige deltidsstillingar skal ein vurdere om dei kan slåast saman, eller om arbeidsoppgåvene kan overførast til tilsette i deltidsstillingar. Dersom det er fleire som er kvalifiserte, skal stillinga lysast ut internt.
2. Tilsvarende prosess skal gjerast ved ledige 100-prosentstillingar.
3. Om det oppstår behov som ikkje kan vente til utviklingssamtalen, skal tilsette som jobbar deltid melde frå til næraste leiar om dei ønskjer utviding av stillinga si.
4. Tilsette som har ytra ønske om utviding av stilling, og som ikkje tek i mot eventuelt tilbod frå arbeidsgjevar, vil ikkje bli prioriterte ved seinare høve som kan vere aktuelle for utviding av stilling. Om det har oppstått spesielle private grunnar som gjer det vanskeleg å utvide stillingsprosenten, skal det takast omsyn til det.

### Kompetansehevingstiltak

- Gjennom utviklingssamtalen skal leiar kartleggje kven av dei tilsette med deltid som ønskjer å auke stillingsprosenten sin.
- Kompetanseprofilen til den einkilde skal drøftast og avklarast mellom leiar og medarbeidar gjennom kompetanse- og opplæringsssystemet vårt.
- Den tilsette skal synleggjere kva kompetansehevingstiltak vedkomande ønskjer.
- Tilsvarande skal leiar vurdere behovet for endra og/eller ny kompetanse ved eininga i eit perspektiv på minst tre år.
- Kompetansebehovet til eininga skal sjåast i samanheng med ønska til dei tilsette.
- Dersom det er nødvendig med kompetansehevingstiltak for at tilsette skal kome i ein betre posisjon for utviding av stilling, skal det avtalast tiltak mellom leiar og medarbeidar. Dersom kompetansehevinga er innanfor behovet leiar har kartlagt ved eininga, skal det avtalast verkemiddel for at den tilsette skal kunne gjennomføre kompetansehevinga.

### Tiltak delmål 7

1. Lage og implementere retningslinjer for informasjonsproduksjonen i fylkeskommunen som støttar opp om målformuleringa i delmål 7.
2. Innan utgangen av 2017 skal heimesida til fylkeskommunen støtte krava Direktorat for fornying og ikt har til universell utforming.

### LIKESTILLINGS-, LIKEVERDS- OG MANGFALDSARBEID I 2018

Handlingsplanen for likestilling, likeverd og mangfald er det overordna rammeverket for arbeidet vårt med likestilling, likeverd og mangfald. Det betyr at kvar eining og kvar sektor skal arbeide systematisk med likestilling, likeverd og mangfald når det gjeld ansvarsområda sine, men også støtte opp om tiltaka i den overordna handlingsplanen. Dei skal kartleggje, setje seg mål, setje i verk tiltak og evaluere arbeidet. Det gir lokalt eigarskap og mangfald i det samla arbeidet.

Ambisjonen er at medarbeidarane og brukarane skal oppleve at Sogn og Fjordane fylkeskommune er ei verksemd som prioriterer og verdset likestilling, likeverd og mangfald.

I medarbeidarundersøkinga i 2016 var eitt av spørsmåla om dei tilsette opplever at fylkeskommunen legg vekt på likestilling, likeverd og mangfald for brukarar og tilsette. Dei tilsette er stort sett eller svært samde i påstanden om at fylkeskommunen er ei verksemd som prioriterer og verdset dette. Resultatet er marginalt betre enn i 2014. Vi er på det nivået vi ønskjer å vere.

Når det gjeld delmål 1 om at mål og tiltak for likestilling, likeverd og mangfald skal innarbeidast i regionale planar der det er naturleg, så gjer vi det.

- I Kultur for alle - regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027 er det overordna målet Kultur for alle. Det betyr at alle skal ha reelle høve til å delta i og bidra til kulturaktivitetar og arbeid og utvikling på kulturfeltet. Alle skal ha tilgang til kulturopplevingar av høg kvalitet. I planen er det m.a. definert eit hovudtema som omhandlar deltaking og oppleving. Her er det også definert to innsatsområde: tidleg engasjement og mangfald og fellesskap. Planen blir følgt opp av eit fireåring handlingsprogram 2019-2022 og årlege handlingsplaner. Der vert det definert tiltak for å nå måla.

- I verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane, revidert i 2018, er samfunnsansvar ein premiss for alle satsingar. Likeverd og mangfald står sterkt, og aktivitetar baserte på sosial dumping vil ikkje bli prioriterte. Arbeidsinnvandrarar skal møte eit Sogn og Fjordane som syner godt vertskap.
- Regional plan for folkehelse for Sogn og Fjordane 2015–2025 tek utgangspunkt i seks utfordringar i samfunnet, ei av dei er å styrkje toleranse og inkludering. Det er med som gjennomgåande tema i dei fem satsingsområda i planen. Døme på dette:
  1. Satsingsområde 2 om bumiljø og nærmiljø skal fremje:
    - a. bu- og nærmiljø der alle (på tvers av alder, funksjonsnivå og bakgrunn) kan delta
  2. Satsingsområdet 3 om oppvekst skal fremje:
    - a. god integrering av fleirkulturelle
    - b. gode levevanar og toleranse

I januar 2014 byrja diskrimineringslova om seksuell orientering å gjelde. Fylkeskommunen har så langt følgt opp delmål to med å ha kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk på programmet til den årlege leiarsamlinga til fylkesrådmannen i 2014. Vi har også innarbeidd aktivitets- og rapporteringsplikta knytt til denne lova, i den overordna handlingsplanen for likestilling, likeverd og mangfald. I tillegg er tenestetilboda våre, til dømes på skulane og tannlegekontora, regulerte av blant anna opplæringslova, helsepersonellova og tannhelselova.

Fylkeskommunen byrja i 2017 å publisere ein årleg mangfalds- og likestillingsstatus i Fylkesspegelen, jamfør delmål tre. Der vert det publisert demografiske mangfaldsdata under temaet *Mangfald, likestilling og integrering*.

Arbeidet med å kartleggje eigedomane til fylkeskommunen når det gjeld krav til universell utforming, tok til i 2014. Våren 2015 blei kartlegginga avslutta, og resultatata er samla i ein eigen rapport. Vi har i god tid nådd delmål fire.

Vi har ikkje klart målet om å ta initiativ til eit samarbeidsprosjekt mellom offentlege aktørar i fylket om korleis offentlege nettsider kan bidra til betre integrering av innvandrarar. Det låg i februar 2017 føre ein rapport frå eit stort vestlandsprosjekt for arbeidsinnvandring. Denne rapporten gjev mellom anna nyttig kunnskap om informasjonsbehovet til arbeidsinnvandrane, og korleis dei finn informasjon i dag. Vi tok i 2018 initiativ til ei samling der vi ønska å formidle resultatata frå forskingsarbeidet, og drøfte kva vi konkret kunne gjere for å betre m.a. informasjonen til innvandrane. Samlinga vart dessverre avlyst på grunn av manglande påmeldinga. Vi har i ettertid hatt mykje arbeid med fylkessamanslåinga og har valt å legge oppgåva på vent.

Kommunikasjonskanalane våre stettar krava Direktorat for fornying og ikt (Difi) har til universell utforming. Plan for informasjonsarbeid, Brukarhandbok for nettstadar og andre informasjonsrutinar sikar formidlinga av at fylkeskommunen er ein inkluderande arbeidsgjevar og tenesteytar, der dette er tenleg. Tiltaka til delmål 7 er gjennomført, og vi har nådd delmålet.

Når det gjeld tiltak seks, halvering av tilsette som arbeider ufrivillig deltid, må vi gjennomføre dette arbeidet i tråd med gjeldande lov- og avtaleverk, nemnt i tiltak for delmål seks. I tillegg har vi også sidan 2010 gitt økonomisk bistand til tilsette som arbeider ufrivillig deltid, og som ønskjer å ta utdanning for å kvalifisere seg til fleire arbeidsoppgåver. Tiltaket blei i 2015 avvikla på grunn av liten etterspurnad. Målsettinga til fylkeskommunen er ein reduksjon frå 39 til 26 innan 2017. I 2016 var det 39 fast tilsette som arbeidde uønskt deltid (32 kvinner og 7 menn), og vi var i rute med å nå målsettinga. Ved utgangen av 2018 var det 38 fast tilsette som arbeidde uønskt deltid. Det var 31 kvinner og 7 menn, noko som utgjer 2,9 prosent av alle tilsette. Tal uønskt deltidstilsette har svinga mellom 30 og 40 over fleire

år. Det ser ut til at det er vanskeleg å kome under 30 tilsette som arbeider uønskt deltid.

I tillegg til arbeidet med å nå dei overordna måla, arbeider dei fylkeskommunale einingane systematisk lokalt. Det lokale arbeidet har i 2018 blant anna lagt vekt på

- å skape eit ope og inkluderande arbeidsmiljø
- fysisk tilrettelegging for tilsette, brukarar og elevar med nedsett funksjons- evne
- temadagar og arrangement om mobbing, vald, psykisk helse, kulturelt mangfald og rasisme
- vaksenopplæring for framandspråklege og internasjonale samarbeids- prosjekt
- at elevråd skal ha likestilling, likeverd og mangfald som tema i arbeids- planane sine
- at likestilling, likeverd og mangfald blir drøfta i utviklingssamtalar mellom leiar og tilsette
- fredskorpsverksemd
- samfunnsansvar som tema på leiarsamlinga til fylkesrådmannen i 2018
- utjamning av lønsskilnaden mellom kvinner og menn

#### Konkrete døme

##### Kulturfestivalen

Kulturfestivalen i Sogn og Fjordane feira 30 år i mai 2018. Festivalen har vore ein unik og inkluderande kulturfestival og er eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Norsk forbund for utviklingshemma. Målet er å skape ein kulturell og sosial arena for dialog, samhald og likeverd gjennom positive opplevingar

##### Bornas verdsdagar

Bornas verdsdagar blei arrangerte i Sogn og Fjordane for niande gong i 2018. Det er eit arrangement i regi av Rikskonsertene, som del av Oslo World Music Festival. Bornas verdsdagar har vore eit fast punkt på programmet sidan oppstarten i 1999.

##### Tannhelsetenesta

Tannhelsetenesta har saman med Nav teke initiativ til og starta utdanning for tannhelsesekretærar ved Firda vidaregåande skule. Av 15 elevar hadde 13 av desse ikkje etnisk norsk bakgrunn. Alle tannklinikkar har informasjonsmaterieil på fleire språk for å sikre at alle skal få vite om rettane sine, og kva tilbod vi gjev.

Tannhelsetenesta har laga ein plan for praksisplass til alle elevane på tannhelsesekretærutdanninga. Språkopplæring har også vore integrert i praksisen. Alle har fått eigen kontaktperson i praksisfeltet. Dette starta hausten 2017 og vil vere ferdig våren 2020. Tannhelsetenesta har med seg dei overordna målsettingane til fylkeskommunen i all kommunikasjon og samhandling med naturlege samarbeidspartar. Tenesta har til dømes hatt avtale med Nav om utprøving av arbeid for ein person med funksjonsnedsetting. Utprøvinga var på ein tannklinikk. Vidare har tannhelsetenesta gjennom Sogneprodukt hatt ein person i arbeidstrening på ein tannklinikk.

Hausten 2018 var fylkeskommunen ved tannhelsetenesta ein av tre som var nominerte til IA-prisen 2018. Grunngevinga var systematisk oppfølging av og planar for integrering av fleire grupper.

##### Opplæringssektoren

Opplæringssektoren satsa i 2018 på psykisk helse, blant anna gjennom Draumeskular-prosjektet, som er del av Helsedirektoratet si satsing *Psykisk helse i skulen*. Satsinga er eit tiltak for ungdoms- og vidaregåande skuler. Det er ein modell

<sup>2</sup> Arbeidsmiljølova § 14.3 og hovudtariffavtalen sin § 2.3.

for å jobbe systematisk med det psykososiale miljøet utifrå et helsefremmende perspektiv. Målet er å skape læringsmiljø der elevane opplever tryggleik og tilhøyrgheit, får brukt ressursane sine, og der den psykiske helsa til enkeltelevane vert fremja.

#### MÅLEKART - AVVIK

---

Gjennomsnittleg sjukefråvær i 2018 var på 5,5 prosent. Det er 0,5 prosent over målsettinga.

Målet vårt er at medarbeidarar opplever leiarane sine som støttande, motiverande, utviklande og rettferdige. I medarbeidarundersøkinga frå 2016 var ambisjonsnivået ein score på minst 78 poeng. Resultatet var 75 poeng. Vi er marginalt under vår eigen ambisjon, men ligg i normalområdet for offentleg sektor.

#### ETISK STANDARD

---

Verdigrunnlaget til fylkeskommune vart revidert av fylkestinget i desember 2014. Dei grunnleggande verdiane til Sogn og Fjordane fylkeskommune er:

- innsikt - vi skal aktivt skaffe oss innsikt i noko
- integritet - vi har vilje/evne til å halde viktige prinsipp og vere sjølvstendige
- openheit - vi har respekt for noko(n), viser respekt og tek omsyn
- respekt - vi er demokratisk forankra og vernar om demokratiet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ynskjer å ha høg tillit i samfunnet, levere gode tenester, bidra til utvikling i fylket, vere demokratisk forankra og å verne om demokratiet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune legg stor vekt på at etisk haldning også må få gjennomslag i praktisk handling m.a. ved å:

- følge lover, føresegner og ordningar elles som gjeld for fylkeskommunen
- ta opp tilhøve som ein meiner er feil
- forvalte fylkeskommunen sine ressursar på ei best mogleg måte
- å vera lojal mot fylkeskommunen sine overordna mål
- å visa andre respekt i omtale og handling

Verdigrunnlag og etisk haldning vert halde «levande» ved m.a. å vera fast innslag på alle samlingar med nytilsette.



# FORVALTNINGSREVISJON OG INTERNKONTROLL

## FORVALTNINGSREVISJON - STATUS

Fylkestinget handsamar forvaltningsrevisjonsrapportane frå kontrollutvalet (KU). Følgjande prosjekt vart handsama i 2018:

- Innkjøp (FT-sak 2/18)
- Musea i Sogn og Fjordane (FT-sak 3/18)
- Innkjøp - Tilleggsbestilling (FT-sak 12/18)
- Reiseliv (FT-sak 34/18)
- Utdanning og yrkesrådgjeving (FT-sak 45/18)

Fylkesrådmannen meiner at administrasjonen arbeider godt med desse sakene.

Ved utgangen av året er det slik status for gjennomføring av fylkestingsvedtak på revisjonar der det er restansar (revisjonar som enno ikkje er sende til fylkestinget, er ikkje omfatta av dette oversynet):

## OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK OG AVVIKSRAPPORTERING

Revisjon	Vedtak	Gjennomført 2018	Restanse
Kulturminneforvaltninga	FT-sak 10/17	Kontrollutvalet fekk 14.05.18 brev frå fylkesrådmannen med oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten. Mykje av forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjonen er gjennomført, og malane som kontrollutvalet bad om er mottekne. (Jamfør punkta 2b og 2c i FT-sak 10/17).	Gjennomføringa av kartlegging av kulturminne av regional verdi skal vere ferdig gjennomført i perioden april 2018 til november 2019.  Kontrollutvalet vil be om ny status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen for det som gjeld kartlegging av kulturminne av regional verdi i løpet av første kvartal 2019.
Musea i Sogn og Fjordane	FT-sak 3/18	Kontrollutvalet har motteke status for oppfølging 6. august 2018 og handsama dette 6. september 2018.	Kontrollutvalet ønskjer ei konkretisering av oppfølginga av dei to første punkta i vedtaket frå fylkestinget.

Tabell 48

Fylkeskommunen har etablert slike rutinar for rapportering av avvik når det gjeld gjennomføring av politiske vedtak:

- Fylkesrådmannen rapporterer samla i årsrapporten om betydelege avvik i viktige politiske vedtak gjort av fylkesutvalet og fylkestinget.
- Fylkesdirektørane rapporterer også i årsrapporten om avvik av betydning i viktige politiske vedtak gjort av hovudutvala.

Fylkesrådmannen har ikkje avvik av betydning i vedtak gjort i fylkesutvalet eller fylkestinget i 2018.

## INTERNKONTROLL

Fylkesrådmannen har i 2018 lagt vekt på at arbeidet med internkontroll ikkje skal kome i konflikt eller konkurranse med arbeidet som blir gjort inn mot den komande fylkessamanslåinga. Dette er balansert slik at vi følgjer opp område som openbart fell inn under fylkesrådmannen sitt ansvar i noverande organisasjon. Prioriterte tiltak for Sogn og Fjordane fylkeskommune må vere gjennomførbare før 31. desember 2019.

Fylkesrådmannen har i 2018 prioritert følgjande område:

- 1. Gjennomføring av samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane.** Her skal det gjerast eit betydeleg arbeid i alle ledd av organisasjonen vår. Vurdert risiko her er at vi mister oversikt, prioritet og framdrift og dermed ikkje klarar å få opp ein funksjonell organisasjon til 1. januar 2020. Fylkesrådmannen må følgje opp prosjektet samla sett og etablere og vedlikehalde god og nær relasjon til ny prosjektleiar/fylkesrådmann. Fylkesrådmannen må elles syte for at det er tilstrekkeleg med ressursar til arbeidet, og at strategisk retning for prosjektet er klar og blir følgt opp. Tiltaket involverer alle avdelingar
- 2. Den nye personvernforordninga (GDPR).** GDPR vart iverksett i Noreg 20. juli 2018. Vi må oppgradere eksisterande og etablere ny dokumentasjon. Risiko for at vi ikkje skal få på plass eit system for oppfølging og dokumentasjon er middels, men konsekvensane ved manglar er så store at tiltaket er prioritert i 2018. Tiltaket involverer fylkesrådmannen, IKT-tenesta og systemeigarar for alle system som inneheld personopplysningar.
- 3. Forvaltningsrevisjon Innkjøp.** Denne revisjonen (og fylkestinget si handsaming og vedtak) går inn som eit prioritert oppfølgingstiltak knytt til internkontroll. Tiltaket involverer i første rekke fylkesrådmannen v/ innkjøps-tenesta, men også avdelingane som har delegert innkjøpsfullmakt. Oppfølging må samordnast med det arbeidet som blir gjort når det gjeld etablering av innkjøpsorganisasjon og rutinar for Vestland fylkeskommune

Fylkesrådmannen har ikkje fått meldt inn særlege risikoområde for utgreiing innanfor internkontrollsystemet frå avdelingane.

## GDPR (GENERAL DATA PROTECTION REGULATION)

GDPR er den nye personvernforordninga til EU. GDPR skal styre og harmonisere personvernet ved handsaming av personopplysningar. GDPR vart iverksett i Noreg 20. juli 2018 og krev betydeleg oppgradering av rutinar for handtering av personopplysningar. GDPR set krav om oppnemning av personvernombod.

I og med at Sogn og Fjordane og Hordaland skal slåast saman til eitt fylke frå 1. januar 2020, har fylkesrådmannen vurdert det slik at det er tenleg med eit felles personvernombod for dei to fylka. Personvernombodet i Hordaland fylkeskommune har fått fullmakt til å ivareta denne funksjonen også for Sogn og Fjordane fylkeskommune. Fylka har tett samarbeid fram mot samanslåinga i oppbygging av felles system, rutinar og avvikkssystem, som det er krav om i GDPR. Dette arbeidet involverer IKT-tenesta, juristane og systemansvarlege ved alle avdelingar.





SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen  
Fylkeshuset  
Askedalen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 63 80 00  
E-post: [post@sfj.no](mailto:post@sfj.no)  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no)